



Giske kommune  
– Historisk og framtidsetta –  
**Årsrapport 2021**



Greitt å vite


## Befolkning



Innbyggjarar i  
Giske kommune

**8597**

## Kommunen sin økonomi



Netto driftsresultat av  
brutto driftsinntekter



Rekneskapsresultat/meirforbruk

## Arbeid og utdanning

Antall tilsette **634** / Antall årsverk **510**



Menn

**111**

Årsverk

**93**




Kvinner

**523**

Årsverk

**417**



Gjennomsnittlig  
stilingsbrøk for tilsette



Sjukefråver **8,3%**

Kilde: Statistikkpakken frå KS sitt pai-register

## Barn og utdanning



Tal på skuleelevar  
**1208**



Tal på barn i SFO  
**253**

Full plass **115**



## **555** barn i barnehagar fordelt på



**115**

Kommunale barnehagar



**440**

Private barnehagar

## Brann og utrykking

Utrykking på ulike hendingar i 2021

**64**

*Inklusiv øvingar, falsk/feil på alarmer*





## Pleie og omsorg



Antal brukarar innan  
pleie og omsorgstenester **929**

Sjå meir her: [www.ssb.no/kommunefakta/giske](http://www.ssb.no/kommunefakta/giske)

---



## › Kommunedirektøren har ordet

### *RESPEKT, LØYSINGSVILJE, ENGASJEMENT, KVALITET*

er Giske kommune sine verdier. Som tilsett i Giske arbeider vi kvar dag for at innbygarane skal kjenne oss igjen på dette. *Respekt, løysingsvilje, engasjement og kvalitet.*

Covid-19 har prega mykje av drifta i kommunen siste året. Vi ser at tilsette har gjort ein ekstra innsats, og vi har gjennom året hatt fortløpande møter i kriseleiinga, involvert einingsleiarane og arbeid med å få ut god informasjon til innbygarane.

Vi har bygd opp ei eiga avdeling for Testing, Isolering, Smittesporing og Karantene (TISK). Eg vil framheve det gode samarbeidet med Ålesund kommune, Statsforvaltaren og Avinor. Vi har stått i det i snart to år og når vi no går ut av 2021, veit eg at medarbeidarane er slitne. Slitne av smittevern, slitne av ikkje å kunne møtast, slitne av ikkje å kunne gi klem til brukarane våre, slitne av å sitte på heimekontor. *RESPEKT* for den jobben dei har gjort det siste året, og som vi no ser slutten på.

Gjennom 2021 er vi godt i gang med å snu drifta. Det har vore krevjande for dei tilsette, det har vore krevjande for politikarane og ikkje minst er det krevjande for innbygarane som må tilpasse seg endra tenester. Giske kommune må halde fokus på kostnadseffektiv drift også i 2022. Vi må fortsette å arbeide med digitalisering, og vi må fortsette å arbeide innovativt og i samspel med innbygarane.

Som ein del av den økonomiske snuprosessen har det i 2021 vore gjennomført ei endring i skulestrukturen. Alle ungdomsskuleelevane er no samla på ein skule, og på Godøya er to avdelingar i barneskulen slått saman. Bygningsmessige endringar har gått omtrent etter planen og det har ikkje vore økonomiske avvik knytt til investeringane. Drifta har vore prega av omlegginga og vi har enno ikkje lagt eit heilt skuleår bak oss. Med mange tiltak knytt til smittevern kan vi knapt kalle dette eit vanleg driftsår. Til trass for dette har det vore arbeid med inkluderande praksis, leiarutvikling og kunnskapsløftet. Digitale verkøy og *LØYSINGSVILJE* frå tilsette har hjulpet oss gjennom dette året på ein imponerende måte.

Når vi vurderer drifta for 2021 økonomisk ser vi at vi nærmar oss rett nivå, men når vi samtidig veit at vi blir utfordra av at fleire innbygarar treng tenester frå oss må vi fortsette endringsprosessen også dei komande åra. For å greie dette må vi bli ei endå betre samspekkommune. Samspel med innbygarane, samspel med næringslivet, samspel med frivilligheita er ein nøkkel til suksess.

Det er stort *ENGASJEMENT* i kommunen så eg håpar og trur at det kjem til uttrykk gjennom utvida samspel dei komande åra. Samspel i regionen er også viktig. Vi har tatt eit stort steg i 2021 gjennom godt samspel knytt til arbeid med PAKT (plan for areal, klima og transport), samarbeid om beredskap og mange interkommunale samarbeid om tenester. Desse prosjekta er også viktige når vi sett berekraft på agendaen. Giske har så vidt begynt å "skrape i overflata" i berekraftsarbeidet. I handlings- og økonomiplan 2022-25 har vi tydeleggjort dette som ei sektorovergripande satsing. Og så har vi kome godt i gang med mudring av fiskerihamna i Gjøundet. Her tok næringslivet initiativ, kommunen spelar på lag og Kystverket sikra finansiering. I 2022 vil mudringsarbeidet vere ferdig og både eksisterande og nye aktørar melder si interesse for å utvikle nye arbeidsplassar. Mange av desse satsar på å flytte gods frå veg til sjø, og utvikle grønne energikjelder slik at bruken av sjøareala blir meir berekraftig.

Giske kommune skal levere rett *KVALITET* på tenestene våre. Men kva er rett kvalitet? Det første steget i arbeidet var å få på plass eit heilskapleg kvalitetssystem, som omfattar alle tenestene våre. Dette har vi arbeid systematisk med i 2021. Dette arbeidet skal både sikre at vi har god kvalitet på tenestene, men òg at vi skal lære å utvikle oss som organisasjon.

2021 var året då Giske kommune kom ut av ROBEK-lista etter å ha arbeidd hardt med å lukkast over fleire år. God skatteinngang og finansavkastning gav viktige bidrag til dette, men utan dei driftstiltaka som er gjort hadde vi ikkje lukkast. Eg vil difor rette ein **særskild stor takk** til dei mange dyktige medarbeidarane i Giske kommune som har strekt seg svært langt for å levere god kvalitet til alle brukarane i eit år med strenge smitteverntiltak og stram økonomi.

Når vi ser framover er det likevel ikkje slik at vi har løyst alle utfordringane. Kommunen har framleis ei høg gjeld og vi veit at etterspurnaden etter helsetenester vil stige kraftig i åra som kjem. Det er behov for å sette av midlar på fond, så vi kan tåle eit år med dårlegare rammevilkår. Og så må vi halde fram med å tilpasse oss nye behov, ta i bruk ny teknologi, samarbeide med frivillige, næringsliv og naboane våre.

Fotograf: Hilde Røsvik, Giske kommune



## Overordna mål og satsingar

Giske kommune skal halde ein høg etisk standard i samsvar med etisk reglement. Reglementet vert årleg gått gjennom og drøfta i kommunestyret og med dei tilsette. Refleksjon kring etiske dilemma vart prøvd ut i kommunedirektøren sitt leiarforum og i møte mellom hovudtillitsvalde og administrasjon. Dette skal innførast som ei fast ordning i 2022.

Giske kommune har eit overordna kvalitet- og internkontrollsystem og arbeider med kontinuerleg forbetring på dagsorden. I 2021 har vi blant anna hatt fokus på GDPR, fått etablert månadleg gjennomgang av avvik, og opplæring til alle tilsette i bruk av kvalitetssystemet.

## Overordna mål

Dei overordna måla til Giske kommune blir gitt i kommuneplanens samfunnsdel. Vi arbeider etter Samfunnsplanen for åra 2014-26. Den legg til grunn at Giske skal vere ei samspelkommune. I samspelkommunen legg ein at eige ansvar, frivillig innsats og profesjonelle tenester spelar på lag på nye og kreative måtar. Dette er viktig i dag og i framtida, og særleg når vi ser korleis demografien i kommunen vil utvikle seg i same periode.

Satsingsområda som er valt for perioden er følgjande:

- Vere ein god plass å bu - der alle vil bu
- Ha gode levekår
- Vere ein god næringskommune
- Ha eit rikt kulturliv

## Satsingar

Basert på satsingsområda i samfunnsplanen har kommunen i 2021 arbeidd med følgjande hovedområde:

- Sikre god økonomisk styring og kontroll, og endre tenestetilbodet i tråd med samfunnsutviklinga. For å kome ut av ROBEK må vi endre oss. I 2021 har fokuset vore å arbeide med tiltak for å ta ned drifta. Arbeidet må vidaraførast i 2022, men med god hjelp av god skatteinngang og avkastning i 2021 ser ein ved utgangen av året at dette målet kan bli nådd allereie i 2022.
- Omstillingsprogrammet «Tenesteutvikling gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi»: fokus i 2021 har vore å ta i bruk eksisterande verktøy og arbeide med arbeidsprosessane knytt til dette. Blant anna skal nettbaserte løysingar for intern kommunikasjon og informasjon vidareutviklast, overgang til digitale timelister, digital innregistrering i bygga våre, og ikkje minst forbeta digital søknadsprosess knytt til byggesak.
- Smartby-satsing: Giske er saman med Ålesund og Sula med i Smartby-satsinga. Dette gir oss unike mulegheiter til å utvikle framtidretta smarte tenester og enklare innbyggardialog. Ein del av dette er deltaking i framtidslabben ved NMK (Norsk maritimt kompetansesenter).
- Sjølvhjelpete innbyggjarar: Gjere innbyggjarane sjølvhjelpete så langt det er mogleg og ha realistiske forventningar til kva kommunen kan levere av tenester. Gjennom dialog, medverknad og engasjement skal ein saman definere grensene for kva det offentlege kan tilby og kva den enkelte må ta ansvar for gjennom tilrettelegging ved livsendringar. Frivillige lag og organisasjonar har ei naturleg rolle i dette arbeidet.
- Innbyggarmedverknad skal ha fokus ut over det som følgjer av lov og forskrift. Samspel med innbyggjarane skal ha høg prioritet. Tankegangen bak metoden «samskaping» skal nyttast som modell for arbeidet.
- Framover vil fokuset også vere å ta berekraftsmåla inn "under huden" i organisasjonen.

## Hovudmål 1: Giske kommune skal vere ein god plass å bu

### Hovudmål 1: Giske kommune skal vere ein god plass å bu

Plan/Vedtak	Mål	Forventa resultat	Når	Økonomisk ramme	Status 2021
Kommuneplan-samfunnsdel	Tilrettelegge for bustadutvikling	Reguleringsplanar blir behandla innan frist	I planperioden	Innanfor budsjett	Har vore under arbeid/vurdering året 2021
		Byggesaker vert behandla innan frist	Fortløpande	innafor budsjett	Har vore under arbeid/vurdering året 2021
	Utvikle infrastruktur i tråd med bustadutviklinga	Kommunal utbygging	Ikkje prioritert i denne planperioden på grunn av den økonomiske situasjonen	Krev investering	Har vore under arbeid/vurdering året 2021
		Privat utbygging gjennom bruk av utbyggingsavtale med kommunen	I planperioden	Auka kostnadar til drift og vedlikehald etter utbygging	Har vore under arbeid/vurdering året 2021
Rullering samfunnsdel	Oppdatere samfunnsplanen for neste planperiode.	Fullføre rullering av samfunnsdel i løpet av 2022	2022	Innanfor budsjett	Har vore under arbeid/vurdering året 2021
Rullering arealdel	Oppdatere arealdelen for neste planperiode.	Vurdere rullering av arealdelen i 2022.	2022-23	Innanfor budsjett	Har vore under førebuaende arbeid/vurdering året 2021

## Hovudmål 2: Giske kommune skal ha gode levekår

Plan/Vedtak	Mål	Forventa resultat	Når	Økonomisk ramme	Status 2021
Kommuneplan	Definere kva tenester kommunen skal tilby og nivået på desse	Reduserte kostnadar	2022	Innanfor budsjett	Har vore under førebuaende arbeid/vurdering året 2021
		Avklart tenestenivå	2022	Innanfor budsjett	Har vore under førebuaende arbeid/vurdering året 2021
		Avklart ansvarsdeling mellom kommunen og innbygarane, blant annet gjennom å arbeide med serviceerklæringar og med basis i "kommune 3.0-tankegang"	2022	Innanfor budsjett	Har vore under førebuaende arbeid/vurdering året 2021
		Innføre ny struktur innfor oppvekstområdet	Likeverdige tenester for alle brukarar, reduserte kostnadar	2022	Med eigne ressursar innanfor budsjett
	Utvikle omsorgstenester i tråd med samfunnsutviklinga i samspel med brukarane, pårørande og innbygarane	Tilpassa tenestetilbod til rett kvalitet til den enkelte brukar, reduserte kostnadar	2022	Med eigne ressursar innanfor budsjett	Har vore under førebuaende arbeid/vurdering året 2021

## Hovudmål 3: Giske kommune skal vere ein god næringskommune

Plan/Vedtak	Mål	Forventa resultat	Når	Økonomisk ramme	Status 2021
Strategisk næringsplan (SNP) 2016-25	Starte utbygging av Gjøvsund nasjonale fiskerihamn	Starte mudringsarbeid	Når låneopptak vert godkjent av fylkesmannen	Stat-/ fylkesfinans	Låneopptak godkjent og mudringsarbeid starta i 2021. Ferdig september 2022.
	Legge til rette for næringsutvikling	Samarbeid med næringsaktørar i Giske kommune	2021	Innanfor budsjett	Utset på grunn av pandemi. Prioritert deltakarar knytt til mudringsarbeid Gjøvsund
Etablerar-satsing	Fleire etablerarar på kurs	Satsing på hoppid-kontoret	2021	Innanfor budsjett	Lite aktivitet i 2021 på grunn av pandemi

Plan/Vedtak	Mål	Forventa resultat	Når	Økonomisk ramme	Status 2021
Landbruk og viltforvaltning	Betre kunnskap om landbruksnæringa i Giske kommune.	Gjennomført synfaringar og gardsbesøk ved behandling av søknader og spørsmål om arealforvaltning	2021	Innanfor budsjett	Gjennomført møter. Gardsbesøk utsett på grunn av pandemi.
	Omorganisere viltområda	Organisert hjortevalda i eit bestandsplan-område	2021	Innanfor budsjett	Ikkje igangsett

#### Hovudmål 4: Giske kommune skal ha eit rikt kulturliv

Plan/Vedtak	Mål	Forventa resultat	Når	Økonomisk ramme	Status 2021
Kommuneplan	Legge til rette for ein berekraftig frivillig sektor som kan samspele med profesjonelle og kommunen	Arrangere UKM	Årleg 2020-23	Innanfor budsjett	Frivilligsentralen har godt samspel
	Bidra til at ungdommen finn sin plass i kommunen ved at dei får delta i og vere med på ulike aktivitetar og fritidstilbod		Årleg 2020-23	Innanfor budsjett	UKM er arrangert
	Sikre og merke turstiar frå fjell til fjøre, samt ta vare på kulturminne og kulturmiljø		2023	Innanfor budsjett	I 2021 er Stikk ut skilt set opp og kommunen har delteke i planlegging og arbeid knytt til tursti Vigrastova til Blindheimsvika



## Oppfølging av kommunen sin planstrategi og tidlegare vedtekne planar

### Kommunale planar - oversikt med status og planlagt prioritering

Tenesteområde/plan	Type	Vedtatt	2020	2021	2022	2023	Stipulert kostnad
<b>Sentraladministrasjonen:</b>							
Kommuneplanens samfunnsdel 2014-2026	KP	2014			Ny		-
Kommuneplanens arealdel 2018-2030	KP	2018			Rull	Rull	-
Kommunedelplan naturmangfald	KD	2018				Rull	-
- handlingsdelen						Ny	-
Økonomiplan 2020-2023	KP	2020	Rull	Rull	Rull	Rull	-
Digitalisering og omstilling	TP	2016					-
<b>Stab:</b>							
Strategisk næringsplan 2016-2025	KD	2016				Rull	-
Beredskapsplan	TP	2019	Rull	Rull	Rull	Rull	-
<b>Oppvekst:</b>							
Kompetanseutvikling for grunnskulen	TP	2019	Rull	Rull	Rull	Rull	-
Kompetanseutvikling for barnehagen 2014-2017	TP	2015				Rull	-
Barnehageplan 2008-2011	TP	2008					-
Kvalitetsplan for oppvekst 2018-2021	TP	2018				Rull	-
IKT plan - pedagogisk bruk	TP	2020					-
<b>Helse, sosial og omsorg:</b>							
Helse- og omsorgsplan 2021-2025	TP	2021		Ny			-
Strategi helse og omsorg 2050	TP				Ny		-
Alkoholpolitisk handlingsplan	TP		Ny				-
Kompetanse og rekrutteringsplan 2019-2022	TP	2019					-
Pandemiplan 2020-2024	F	2020		Rull			-
Smittevernplan 2020	F	2020		Rull			-
<b>Teknisk:</b>							
*Kommunedelplan avløp	KD	2012					-
Hovudplan vatn og avløp	KD				Ny		-
**Klima- og energiplan	TP	2010					-
Kommunedelplan trafikktrygging	KD	2012				Ny	250.000
Områdeplan for Roald (delsenter)	O					Ny	500.000
***Områdeplan Sætra og Gjøvsund	O					Ny	50.000
<b>Miljø og kultur:</b>							
Kulturplan 2016-2026	TP	2016					-
Museums-/kulturminneplan	TP				Ny		-
Plan for friluftslivets ferdselsårer	TP					Ny	-
<b>Landbruk:</b>							
Landbruksplan	TP	2009					-
<b>Interkommunale planar:</b>							
Plan for areal, klima og transport i Ålesundsregionen (PAKT)	R				Ny		-
Interkommunal sjøarealplan for Sula, Giske og Ålesund (oppstart 2022)					Ny		-
*Integrerast som del av ny hovudplan for vatn og avtløp 2022							
**Klima- og energiplanen vert av resursmessige grunnar ikkje fullført i denne planperioden. Planen skal integrerast i kommuneplanen sin samfunns- og arealdel.							
***Planarbeidet stoppa opp på grunn av uavklart framtidig hovudkryssløysing.							



## › Kvalitet, internkontroll og beredskap

Kommunelovas § 25-1 sett krav til kommunedirektøren sin oppfølging av internkontrollen. Frå 2021 har fokus på kvalitet, internkontroll og beredskap blitt ytterlegare styrka. Stillinga til seniorrådgivar kvalitet og beredskap har blitt auka frå 0,7 til i 1 årsverk.

Hovudoppgåver innafor kvalitet og internkontroll har i 2021 vore:

- Oppbygging av kommunen sitt heilskapelege kvalitetssystem; Compilo:
  - ny mappestruktur
  - nye avvikskategoriar
  - ny modul; GDPR-modul inkl. flytskjema
- opplæring og implementering av Compilo:
  - avviksmodulen (særleg fokus på å auke mengde meldte avvik og vurdering av alvorgrad)
  - dokumentmodulen
  - ROS-modulen
- planlegging, gjennomføring og etterarbeid etter Leiinga sin gjennomgang
- samarbeid med personvernombod i IKA Møre og Romsdal:
  - fullføring av behandlingsprotokollar
  - gjennomgang og revisjon av samtykkeskjema og generelle personvernerklæringar
  - oversikt og gjennomgang av databehandlaravtalar
  - opplæring av tilsette i personvern med nanolæring med Junglemap
- godkjenning av "Mål og strategi for arbeid med internkontroll og kvalitet i Giske kommune 2021-2024" i kommunestyret
- fullføring av prosjekt Omstilling av fellesfunksjonar; organisering av fellesfunksjonane slik at denne bidreg til effektiv drift og rett og god tenestekvalitet
- lean-arbeid med legemiddelhandtering
- oppstart av Kompetanseløft med Digi Møre og Romsdal
- rettleiing og støtte til einingsleiarar ved ulike tilsyn med Giske kommune frå Statsforvaltar og Arbeidstilsynet

Hovudoppgåvene innafor beredskap har i 2021 vore:

- handtering av covid-19:
  - etablering av avd. smittervern
  - samordne med regionale og nasjonale smitteverntiltak og vurdere behov for og vedta lokale forskrifter
- tre andre kortvarige krisehandteringar
- samarbeid med omkringliggende kommuner, statsforvaltar, politi m.fl.
- rapportering til Statsforvaltar
- revisjon av beredskapsplan
- tilsyn frå Statsforvaltar på kommunal beredskapsplikt

Giske kommune er ein lærande organisasjon der vi saman jobbar med å utvikle kapasitet til å levere tenestene våre i tråd med verdiane våre; respekt, løysingsvilje, engasjement og kvalitet.

## Med hjartet for Giske

Giske kommune har sett etikk i system. Dei etiske retningslinjene gjeld for tilsette og politikarar. Retningslinjene vert gjennomgått årleg i leiarsamlingar, i arbeidsfellesskapet og i rettleiing av tilsette. Etikk er på agendaen i opplæring for nye leiarar, og i alle tilsettingsprosessar. I 2021 har refleksjon over etiske dilemma vore på saklista i kommunesirektøren sitt leiarforum, og i dei regelmessige møta mellom kommunedirektør og tillitsvalde.

Både verdidokumentet og dei etiske retningslinjene er rettesnor i møte med innbyggjarane, samarbeidspartnarar, og mellom dei tilsette. Dei skal hjelpe oss til å nytte hjartet i beslutningane våre, og i korleis vi opptre.

Giske kommune har blant anna gjennom rutiner og prosedyrer fokus på antikorrupsjonsarbeid. Økonomirutiner med fokus på delt ansvar i bestilling, fakturahandtering, begrensing i beløpsgrenser ved godkjenning.



## › Vesentlege avvik frå kommunestyret sine premiss for bruk av beviljingane

Utgangspunktet for arbeidet med Handlings- og økonomiplanen for 2021 - 2024 var å utarbeide konsekvensjustert budsjett med ei forutsetning av kva det i 2021 vil koste å drive kommunen sitt tenestetilbod ut frå den standard og det volum som er etablert, herunder full årseffekt av endringar/sparetiltak som er sett i gong i løpet av 2020.

For å få eit budsjett i balanse vart det i tillegg utarbeidd tiltak. Av desse viste det seg at ein del ikkje vart gjennomførbare, andre kom så seint i gang at det ikkje vart ønska effekt i 2021. Det er gjennom heile 2021 lagt fram saker og rapportar for formannskap og kommunestyret som viser statusen og effekten av tiltaka.

Skatteinngangen vart kr 32 360 000 over det som vart lagt til grunn i budsjettet. Ved budsjetteringa var det forutsatt at kommunen ville ha skatteinntekter med 88,4% av landsgjennomsnittet og motta 18,1 mill.kr i inntektsutjamning. Ved avslutninga av året var Giske kommune sin skatteinngang 92,2% av landsgjennomsnittet, og inntektsutjamninga vart 10,7 mill.kr. Skatteinngangen har vore god gjennom heile året, og budsjettet har vorte auke med skatteinngang med 13,4 mill kr gjennom budsjettendringar. Ein stor del av skatteinngangen kom imidlertid så seint at det ikkje vart tid til å justere budsjettet.

Korona-pandemien var naturleg nok ein premiss som også i år er endra i høve budsjettvedtaket. Dette har utfordra tenestene og sjølv om Staten har overført meir midlar for å dekkje meirutgiftene er dette stort sett knytt til konkrete tiltak, endringar i prioriteringar og utsetjing av prioritert arbeid vert ikkje dekt.

Der har over fleire år lagt ein periodiseringsfeil i rekneskapen ved at variabel løn for desember er bokført i januar. Ved rekneskapsavslutninga er denne feilen no retta. Dette var ikkje budsjettert og heller ikkje rapportert i sak til formannskap og kommunestyre.

Giske kommune har vore på ROBEK sidan 2016, og utgangspunktet for investeringar i 2021 var stort sett lånegodkjenning til investeringar i VAR sektoren, samt lån til vidareutlån. Øvrige investeringar vart finansiert ved ubrukte lånemidlar, og strengt prioritert. Detaljer oversikt over avvik per prosjekt ligg i del 3. Investeringar - oversikt over prosjekt.

I investeringsrekneskapen er der eit avvik på bruk av lån med 85,3 mill.kr. i høve opprinneleg budsjett. Det har vore to budsjettendringar med auke i låneramme:

1. K.sak 7/21 auke i låneopptak med 12 mill.kr til tilrettelegging av bygg knytt til bygningsmessige endringar for å kunne gjennomføre ny skulestruktur.
  1. prosjekt 2334 Giske ungdomsskule - tilrettelegging Pyramiden, der tilrettelegging av Pyramiden blei erstatta av modulbygg
  2. prosjekt 2335 Godøy skule - tilrettelegging 1. - 4. klasse
2. K.sak 49/21 auke i låneopptak med 82,5 mil.kr til prosjekt 5856 Mudring Gjørundet - eit forkotteringsprosjekt med Samferdselsdepartementet

I samband med prosjekt 5856 er det gjennomført ein del grunnkjøp i som ikkje var teke med i det opprinnelege investeringsbudsjettet prosjekt 6254, dette saman med utbetalingar av erstatningar for grunnkjøp til skulevegen på Giske, prosjekt 5605, medførte utbetalingar som gjorde at investeringar måtte omprioriterast gjennom budsjettendringar og omprioriteringar av prosjekt. Utbetalingane i prosjekt 5605 Skulevegen på Giske vart noko høgare enn avset beløp i budsjettendringa.

Prosjekt 5370 Kartlegging - Marine grunnkart vart avslutta i 2021 og sluttrekneskap oppgjort. Dette var ikkje tatt med i budsjettet og det vart derfor eit meirforbruk på 2,4 mill.kr.

Prosjekt 5304 Tankbil brann, prosjekt 6252 Overføringsledning Godøy - Giske og prosjekt 6372 er prosjekt som ikkje er avslutta i 2021, og har derfor mindreforbruk på henholdsvis kr 271 442, 1 449 179 og kr 3 164 872. Arbeidet på desse prosjekta vil bli slutført i 2022.

Detaljer oversikt over avvik per prosjekt ligg i del 3. Investeringar - oversikt over prosjekt.





## ORGANISASJON

### TILSETTE

I alt 634 personar var tilsett i Giske kommune ved utgangen av 2021. Av desse er 523 kvinner og 111 menn. Dei 634 tilsette er fordelt på 510 årsverk.

#### Tilsette fordelt på sektor og kjønn (2020 og 2021)

Sektor	Kvinner 2020	Menn 2020	Totalt 2020	Kvinner 2021	Menn 2021	Totalt 2021
Totalt	508	119	627	523	111	634
Sentraladministrasjon	17	4	21	19	3	22
Oppvekst	220	50	270	211	43	253
Helse/sosial	251	37	288	272	37	309
Kultur	3	3	6	2	3	5
Teknisk	10	20	30	8	19	27
Anna	7	5	12	11	6	18

### Lærlingar

Giske kommune hadde også i 2021 eit godt samarbeid med Sunnmøre kommunale opplæringskontor. Vi hadde 7 lærlingar fordelt på faga helsefagarbeidar, barne- og ungdomsarbeidar og institusjonskøkk. Det var er eit ønskje å auke talet på lærlingar, men på grunn av svært stram økonomi er det ikkje gjort.

#### Sjukefråværet for 4. kvartal 2021,3 fordelt på sektor - Giske kommune (tal henta frå SSB)

	2020	2021
SAMLA	6,5	7,4
Administrasjon	6,5	3,3
Adm. undervisning, helse/sosial	6,2	7,2
Undervisning	3,9	7,4
Grunnskoleundervisning	4,0	7,4
Helsetenester	6,0	8,1
Pleie og omsorgstenester i inst.	3,0	6,8
Andre omsorgsinst samt bufellesskap	8,7	7,9
Sosiale omsorgsten. uten butilbod	9,4	10,3
Barnehager	5,3	3,8
Barnevern	6,4	13,3



## Heiltid

Mest mulig heile stillingar er viktig for kontinuitet, stabilitet og samla kompetanse. Det betyr mykje for arbeidsmiljø, likestilling og kvaliteten på tenestetilbodet.

48 % av alle tilsette i Giske kommune jobbar heiltid. I helse/pleie/omsorg er det 30 % som arbeider heiltid, det er ei auke frå 2020, då 27 % arbeidde i full stilling. I undervisning jobba 62 % i full stilling, mot 54 % i fjor. I barnehage er 48% i heil stilling mot 44 % i fjor. Det er altså ein auke i talet på heiltidstilsette og det er bra!

72 % av alle tilsette jobber 75 % eller meir.

Gjennomsnittleg stillingsbrøk i Giske kommune var 80 % mot 79% i fjor, altså ein svak auke.

## Likestilling

Kjønnsbalansen i Giske kommune er 82% kvinner og 18 % menn. Fordeling mellom kvinner og menn i oppvekst er 83 % kvinner og 17 % menn, i helse/pleie /omsorg er fordelinga 88 % kvinner og 12 % menn. Lønsutvikling kvinner og menn kjem fram av tabellen under.

Av 19 leiarar i kommunedirektøren sitt leiarforum var 4 menn og 15 kvinner (inkl. kommunedirektøren). Kvinnene si snittløn var 802 000,- og mennene si snittløn var 756 340,-. Kommunedirektør og 3 kommunalsjefar er ikkje med her.

Omsyn til likestillingslovgivinga sine krav er nedfelt i arbeidsgivarpolitiske dokument som lønspolitisk plan, prosedyre for rekruttering, handtering av mobbing og trakassering o.l. og tydeleg belyst i all leiaropplæring. Vi oppfordrar det underrepresenterte kjønn til å søkje ledige stillingar, - Giske kommune er som alle andre kommuner sterkt kvinnedominert. Tilrettelegging for seniorar og tilsette med funksjonsnedsettelse er tema i medarbeidar- og oppfølgingsamtaler. I helse og omsorgstenesta er uønska deltid kartlagt, og resultatet har vore eit nyttig utgangspunkt i arbeidet med å redusere uønska deltid.

## Lønsutvikling kvinner og menn 2018 - 2019 - 2020 - 2021

	Årsløn 2018	Årsløn 2019	Årsløn 2020	Årsløn 2021
Kvinner	472 740	491 940	529 008	552 216
Menn	486 660	503 892	525 024	552 300

## Heiltid og deltid i Giske kommune (oppgitt i %) - fordelt på sektor 2020 og 2021

	Alle	2020	2021
Alle	Deltid	56	52
	Heiltid	44	48
Administrasjon	Deltid	57	55
	Heiltid	43	45
Undervisning	Deltid	46	38
	Heiltid	54	62
Barnehager	Deltid	56	52
	Heiltid	44	48
Helse/pleie/omsorg	Deltid	73	70
	Heiltid	27	30
Samferdsel og teknikk	Deltid	50	20
	Heiltid	50	80

## Tilsette fordelt på kjønn og stillingsbrøk 2021

Stillingsprosent	Kjønn	Tal på tilsette	%
0-24,9	alle	46	7,3

Stillingsprosent	Kjønn	Tal på tilsette	%
25-49,9	kvinner	36	6,9
	menn	10	9,0
	alle	39	6,2
50-74,9	kvinner	30	5,7
	menn	9	8,1
	alle	96	15,1
75-99,9	kvinner	90	17,2
	menn	6	5,4
	alle	152	24
100	kvinner	140	26,8
	menn	12	10,8
	alle	277	48
	kvinner	200	44
	menn	77	66

## Rekruttering

Giske kommune har som dei alle fleste kommuner store utfordringar når det gjeld å rekruttere helsepersonell, dette gjeld i særleg grad sjukepleiarar og vernepleiarar, men vi ser også ei aukande utfordring i å få rekruttert nok fagarbeidarar. Vi ser dessverre også at det er vanskeleg å få tilsett tilstrekkeleg kvalifiserte personar i ledige undervisningsstillingar, -vi har for mange ufaglærte i oppvekstsektoren. I teknisk sektor er heller ikkje søkjarlistene lange, men vi har kvalifiserte søkjarar.

Innan oppvekstsektoren er det ikkje innført ekstra rekrutteringstiltak i særleg grad, dette er noko som må vurderast for skuleåret 2022/2023. For pleie og omsorgstenestene er fleire rekrutteringstiltak sett i verk for å betre på situasjonen. Det er nytta stipendordning for sjukepleiarar og vernepleiarar, det er etablert dagstillingar innan sjukepleie, og det er gjort ein god jobb i å endre arbeidsfordelinga til sjukepleiarar, fagarbeidarar og assistentar slik at sjukepleiarar får brukt kompetansen sin hovudsakleg til reine sjukepleiefaglege oppgåver. Det er vidare innført ordning med kjøkkenvert, og alle omsorgsdistrikt har, i samarbeid med NAV, personar på arbeidspraksis. Løn godt over tariff er også brukt som eit rekrutteringstiltak.

Det er eit ønske å auke talet på lærlingar for 2022. Dette gjeld både innan pleie og omsorg og oppvekst.



## MÅL

### Giske kommune skal ha ein bærekraftig kommunal økonomi

MÅL	Giske kommune skal vere ute av ROBEK i løpet av 2022	Det skal vere økonomisk balanse i drifta kvart år i planperioden	Netto driftsresultat skal vere 1,75% av brutto inntekter frå 2022	Det skal avsetjast til disposisjonsfond kvart år i perioden.	Disposisjonsfondet skal vere 10% av brutto driftsinntekter innan 2027.
Korleis lukkast	Følgje forpliktande plan	Alle einingar må tilpasse tildelt budsjetttramme		Alle einingar må tilpasse tildelt budsjetttramme	
Korleis måle	Bokført dekning av tidlegare års rekneskapsmessige underskot skal følgje forpliktande plan	Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter		Av Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk skal 1,75% av brutto driftsresultat setjast av til disposisjonsfond	
Resultatmål 2021	kr 4 151 511	1,09 %	1,09 %	kr 4 096 476	0,59 %
Resultat 2021	kr 26 645 683	4,31 %	4,31 %	kr 3 987 745]	0,52 %

\*Henta frå budsjett, alle tal i heile 1 000.

Giske kommune har handlingsregel for økonomiskberekraft, jf. tabell under, som viser mål satt i økonomiplan og indikatorer for rekneskap 2021.

### Handlingsreglar, retning for dei kommunale tenestene i planperioden

Nøkkeltall	Vedteke nivå	Resultat 2021	Resultat 2020
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	Minst 3-5%	4,31 %	-0,85 %
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	Minst 5-10%	0,52 %	0 %
Netto finansutgifter i % av driftsinntekter	Maks 2-3%	6,14 %	8,38%
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	Maks 100%	147,54	150,59 %
Avvik frå budsjett (netto driftsresultat)	Maks 0,5-1%	341 %	187 %

Måltal vedteke i k.sak 52/19

Modellen for økonomisk berekraft set krav til ei langsiktig økonomistyring av kommunen. Handlefriheit og robustheit er berande element i modellen. Kommuneøkonomien skal kunne handtere uforutsette hendingar utan at det får konsekvens for tenestetilbodet samtidig som generasjonsprinsippet vert ivaretatt.

Gjeldsnivået er over målalet, men ein ser ein nedgang som følge av at kommunen er i ROBEK og har begrensingar i høve nye låneopptak. Netto finansutgifter vil bli redusert som følge av reduserte låneopptak.

Kommunen har ikkje disposisjonsfond noko som gjer at Giske kommune er sårbar overfor svingningar og klarer ikkje å handtere uforutsette hendingar utan konsekvenser for tenestetilbodet.

## Rekneskapsmessig resultat

### Drift:

Økonomisk oversikt drift viser:		
Brutto driftsresultat	kr	40 585 738
Netto driftsresultat	kr	33 028 938
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	kr	0

Rekneskapsmessig resultat for Giske kommune for 2021 vert avslutta med eit netto driftsresultat på 33 mill. kr. Kommunelova § gir føringar for korleis dette skal disponerast slik at rekneskapsresultatet vert kr 0.

Dette skjer etter at pliktige strykningar ved rekneskapsavslutninga er gjennomført.


Det var budsjettert med overføring frå drift til investering med kr 1 400 000. I budsjettet for 2021 var det og lagt inn ei avsetning til disposisjonsfond på kr 4 096 476 og dekning av tidlegare års meirforbruk med kr 4 151 511.

### Investering:

Økonomisk oversikt investering for 2021 viser udekket / udisponert resultat = 0.

Finansieringsbehovet var kr 131 074 693, av dette er kr 110 827 513 finansiert ved lån, dvs. ein låneandel på 84,55 % og ein auke frå 2020 der låneandelen var 52,27%.





## Økonomiske hovudtal

Nedanfor er det presentert nokre hovudtal frå Giske kommune sin rekneskap for 2020 ( 1 000 kr)

	Regnskap	Reg. budsjett (med endring)	Oppr.budsjet	Regnskap	Avvik frå
	2021	2021	2021	2020	Budsjett
Sum driftsinntekter	766 307	703 737	688 871	696 939	77 436
Sum driftsutgifter	725 721	682 248	671 193	683 706	54 529
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>40 586</b>	<b>21 488</b>	<b>17 679</b>	<b>13 233</b>	<b>22 907</b>
	-	-	-	-	-
Netto finansutgifter	- 47 060	- 53 502	- 49 375	- 58 370	2 316
	-	-	-	-	-
Motpost avskrivninger	39 503	39 503	39 185	39 185	318
	-	-	-	-	-
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>33 029</b>	<b>7 489</b>	<b>7 489</b>	<b>- 5 951</b>	<b>25 540</b>

Kommunen sine driftsinntekter var 766,3 mill. kr mot justert budsjett på kr 703,7mill.kr. Ein auke på 62,6 mill.kr i høve budsjettet. Av dette kjem 45,2 mill. kr av meir inntekter frå overføringar med krav til motytelse (statlege tilskott, sjukepengerefusjon mm.) som har motposter i driftsutgiftene.

Kommunen sine driftsutgifter var 725,7 mill.kr mot justert budsjett på 682,2 mill. kr. Auken på kr 43,4 mill.kr skriv seg frå auke i lønsutgifter med 30,2 mill.kr. Auka lønsutgifter må ein sjå i samanheng med sjukelønsrefusjon som er ein del av kommunen sine driftsinntekter. Tilskott som ikkje er brukte i året vert overført til bundne fond.

Kjøp av varer og tenester blei 231,1mill. kr mot justert budsjett på kr 225 mill.kr. Ein auke på 6 mill.kr. Den største auken kjem av kjøp av tenester frå private og er stort sett knytt til kjøp av helsetenester.

Overføring og tilskott til andre vart 28,3 mill.kr og var budsjettet med 22,4 mill. kr. Auken på 5,9 mill. kr kjem av høgere overføringar som følge av støtte knytt til koronapandemien, både til næringslivet og private barnehagar.

Kommunen sine netto finansutgifter vart kr 47 mill. kr og var budsjettet med 53,5 mill.kr. Avkastninga på finansinntektene var 11,7 mill. kr mot budsjettet 6 mill.kr, medan renteutgiftene vart 4,3 mill. kr lavere enn budsjettet.

Endeleg beregning av minsteavdrag viser at Giske kommune har budsjettet med for lavt avdrag. Avdraget vart kr 470 000 høgere enn budsjettet.

Giske kommune hadde i 2021 eit netto driftsresultat på 33,029 mill.kr. Til samanlikning var netto driftsresultat i 2020 på -5,951 mill. kr, dvs. ei betring av netto driftsresultat på 38,980 mill. kr.

## Nøkkeltall

	2021	2020	2019	2018	2017	2016
--	------	------	------	------	------	------




	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	5,3	1,90	0,73	2,86	3,80	3,58
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	4,31	-0,85	1,06	-0,51	2,24	0,86

## Brutto driftsresultat (BDR)

Brutto driftsresultat viser resultat av ordinær verksemd inkludert avskrivningar. Resultatet uttrykker kommunen sin evne til å betene gjeld, finansiere investeringar og setje av midlar til fond. Brutto driftsresultat i andel av brutto driftsinntekter er på 5,3 prosent i 2021 mot 01,9 prosent i 2020.

## Netto driftsresultat

Den viktigaste indikatoren på handlingsrommet for ei kommune er netto driftsresultat. Netto driftsresultat viser resultat etter at renter, avdrag og utlån er belasta rekneskapen og er den delen av overskotet som er disponibelt som egenkapital til investeringar, avsetningar og dekning av tidlegare års underskot.



Teknisk berekningsutval anbefalar at netto driftsresultat er 1,75%. Med unntak av 2016 og 2017 har Giske kommune ikkje klart å halde dette nivået sidan 2013.

Dersom ein trekker ut årets utgiftsførte premieavvik m/arbeidsgiveravgift på kr 6 112 000 hadde Giske kommune eit "korrigert netto driftsresultat på 39,1 mill. kr eller 5,11 %.

Giske kommune har som mål eit driftsresultat på minst 3 - 5% for å bygge opp disposisjonsfondet slik at kommunen kan få ein berekraftig økonomi.

Resultatet for 2021 gir grunnlag for å styrke dei kommunale reservane gjennom styrking av disposisjonsfondet.

## KOSTRA

	2021	2021	2020	2020	2019	2019
	1532 Giske	1532 Kostragruppe 1	1532 Giske	1532 Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 10
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	5,4	3	2,1	0,6	0,6	-1,1
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	4,5	3,6	-0,5	0,9	-1	0,2
Frie inntekter i kroner per innbygger	63 118	64 828	58 235	60 403	56 166	55 927

*Endring av kostragruppe frå 2019 til 2000 kjem av ein revisjon av kommunegruppingane som følge av kommunereforma.*


Giske har mindre i frie inntekter i kroner per innbygger enn gjennomsnittet i kostragruppe 1, men kjem Giske betre ut både i brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter og netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter enn kostragruppe 1. Dette skriv seg i hovudsak frå den gode skatteinngangen Giske hadde i 2021.




## Utdrag av Giske Kommune sin rekneskap for 2021

### Økonomisk oversikt drift - inntekter

- 1 Rammetilskudd
- 2 Inntekts- og formuesskatt
- 3 Eiendomsskatt
- 5 Andre overføringer og tilskudd fra ...
- 6 Overføringer og tilskudd fra andre
- 7 Brukerbetalinger
- 8 Salgs- og leieinntekter




### Økonomisk oversikt drift - Driftsutgifter




## Utvikling i fordeling - driftsinntekter



## Utvikling i fordeling - driftsutgifter



## Sum driftsinntekter, sum driftsutgifter, Disposisjonsfond




Oversikta viser forholdet mellom sum driftsinntekter, sum driftsutgifter og disposisjonsfond, og ein ser at driftsinntektene og driftsutgiftene er nesten samkørde. Dette viser at driftsnivået er for høgt og kommunen sin evne til å betene gjeld, finansiere investeringer og avsette midler til fond er

svekka. Disposisjonsfondet er null og må byggast opp skal kommunen ha ein berekraftig økonomi.

Løn og sosiale kostnader utgjør ein stor del av kommune sine utgifter. Det vart i 2021 utbetalt 247,619 mill. kr i fastløn, ei auke på 4,7% frå 2020, men ein nedgang på 0,36% frå det opprinnelege budsjettet. Variabel løn (unntatt sjukevikar over 16 dagar og permisjonar med refusjonsrett) hadde eit meirforbruk på 38 mill kr, 74,6 % over budsjettet og ein auke på 10,83 % frå 2020. Meirforbruket vert dekt av sjukelønsrefusjon med 19,4 mill.kr som ikkje er budsjettert, av auken som ikkje er dekt gjennom sjukelønsrefusjon skriv ein god del seg frå auka utgifter knytt til pandemien. Sosiale kostnader vart ca 2 mill. kr (2,45%) over budsjett. Dette skriv seg i hovudsak frå auke i arbeidgjevaravgift og auka pensjonskostnader som følge av auke i løn.

**Teknisk Beregnings- og Statistikkutvalget for Kommunesektoren (TBSK) har rekna årslønsveksten for kommuneansatte frå 2020 til 2021 til 3,4 prosent.**



### Netto driftsutgifter per rammeområde

		Regnskap	Buds(end)	Avvik(per.)	%-	Budsjett	Regnskap
		2021	2021	0	forbruk	2021	2020
1	POLITISK STYRING	4 420 566	4 142 386	278 180	107	4 142 386	4 041 547
2	KOMMUNE LEIING - STAB	21 457 157	22 129 286	- 672 129	97	22 435 101	16 573 017
3	FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	6 080 306	7 797 051	- 1 716 745	78	7 991 701	18 524 284
4	DIVERSE TENESTEOMRÅDE	7 019 474	7 388 220	- 368 746	95	7 388 220	8 538 125
5	OPPVEKST	212 291 364	212 286 474	4 890	100	210 547 735	208 785 755
6	BARN, FAMILIE, HELSE	47 512 617	50 673 262	- 3 160 645	94	48 173 262	48 167 936
7	PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	177 041 278	170 805 257	6 236 021	104	165 813 089	156 839 919
8	MILJØ OG KULTUR	-	-	-	-	-	6 164 144
9	TEKNISK	62 109 458	58 027 954	4 081 504	107	53 640 722	53 071 365
10	KYRKJELEGE FØREMÅL	5 404 401	5 509 700	- 105 299	98	5 509 700	5 783 257
<b>Sum rammeområde</b>		<b>543 336 621</b>	<b>538 759 590</b>	<b>4 577 031</b>	<b>880</b>	<b>525 641 916</b>	<b>526 489 349</b>

Detaljar kring dei enkelte rammeområde kjem lenger bak under del 2 Einingar.

Det har gjennom heile året og vore arbeidd med tiltak for å ta ned drifta. Fokuset på tiltak frå økonomiplanen, samt nye tiltak har vore stort og det har vore månadlege rapporteringsmøter. Kommunedirektøren har hatt krav om fokus på eit solidarisk ansvar for den samla kommuneøkonomien, ikkje

berre på det enkelte rammeområdet.

Om ein samanliknar med rekneskap frå 2020 justert med konsumprisindeksen på 3,2 % ser ein at driftsnivået ikkje har hatt større utvikling enn konsumprisindeksen.





## Skatt - rammetilskot - finans

### Skatt og rammetilskott

Giske kommune fekk i 2021 kr 542 626 419 i skatt og rammetilskot gjennom inntektssystemet. Dette var kr 20 863 419 meir enn justert budsjett. Skatteinngangen for Giske kommune vart kr 18 955 269 kr høgre enn justert budsjett.

Gjennom rammetilskottet har Giske kommune motteke kr 21 921 000 i ekstra tilskott til korona, av dette er 3,26 mill. kr skjønstilskott. I tillegg er det motteke kr 17 971 000 i øyremerkte tilskot, av dette kr 11 729 000 til testing ved grenseoverganger, innreise - karantenehotell, og testing og behandling i karantenehotell.

### Øvrige generelle statstilskot

Kommunen fekk i 2021 utbetalt kr 1 083 134 i rentekompensasjon frå skulepakke, kyrkjepakke og omsorgsbustader. Dette var kr 516 866 lågare enn justert budsjett, og kjem av den lave lånerenta.

Det vart utbetalt kr 1 005 735 frå Havbruksfondet. Det var budsjettet med kr 1 402 000.

### Eigedomsskatt

Eigedomsskatt vart utskrive både på verk og bruk, bustad og fritidseigedommar. Ved fastsetjing av skatteverdien for bustadeigedommar vart formuesgrunnlag frå skatteetaten nytta, medan det vart leigd takstfolk for taksering av fritidseigedommar, verk og bruk samt bustadeigedommar der formuesgrunnlag ikkje var fastsatt av skatteetaten. Satsen for eigedomsskatt vart auka frå 3‰ i 2020 til 4 ‰, Inntektene frå eigedomsskatt vart 27,9 mill. kr, kr 560 000 høgre enn opprinneleg budsjett.

## Finansinntekter / finansutgifter

Netto finansutgifter i 2021 vart kr 47 059 627. Finansplasseringar etter finansregl. § 8 gav ein gevinst på 11 771 450, denne var i justert budsjett budsjettert med gevinst på 6 mill. kr. Renteutgifter vart 1,39 mill. kr lavere enn budsjettert, dette som følge av endringar i rentenivået. Avdragsutgiftene kr 470 000 over budsjettet. Samla vart netto finansutgifter ca. 6,4 mill. kr lavere enn justert budsjett. Til samanlikning var netto finansutgifter i 2021 på kr 58 369 521.

Renter og avdrag på lån til investeringar	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
Alle tal i heile 1 000	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Renter løpande lån	21 027	24 111	28 526	25 498	25 884	28 214
Avdrag løpande lån	39 442	39 084	34 322	31 882	31 132	29 720
<b>Sum renter/avdrag</b>	<b>60 469</b>	<b>63 195</b>	<b>62 848</b>	<b>57 380</b>	<b>57 016</b>	<b>57 934</b>

Nøkkeltal	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Renter og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	8,39	9,22	9,61	9,15	9,39	9,99
Netto finansutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	6,14	8,38	7,43	8,82	7,06	8,63

Renter og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter viser kor stor del av brutto driftsinntekter som er bunde til tilbakebetaling av lån. Netto rente og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter viser ein nedgang frå 9,99 prosent i 2016 til 8,39 prosent i 2021.

Netto finansutgifter i prosent av brutto driftsinntekter viser kor stor del av brutto driftsinntekter som er bunde til tilbakebetaling av lån, korrigert for finansinntekter. Det har vore ein nedgang frå 8,63 prosent i 2016 til 6,14 prosent i 2021. Oversikta over syner at avkastninga frå forvaltninga har stor påverknad på kor mykje av brutto driftsinntekter som er bunde til å dekkje finansutgifter.

### Avkastning på kapital frå langsiktige kapitalplasseringar

Alle tal i heile 1 000

Bank / forvaltar:	Marknadsverdi/saldo pr. 31.12.2021	Renter / avkastning 2021
ODIN	43 597	3 566
Sparebanken Møre bankinnskott, aksjar, obligasjonar, eigenkapitalbevis.	86 388	8 205
<b>Sum:</b>	<b>129 985</b>	<b>11 771</b>

I tidsrommet 2000 – 2021 har Giske kommune hatt ei gjennomsnittleg årleg avkastning på 10 mill. kr pr. år, dvs. 196 mill. kr over 21 år.

## Disposisjonsfond drift - bundne driftsfond

Disposisjonsfond drift – bunde driftsfond (1 000 kr)	2021	2020	2019	2018	2017
Disposisjonsfond – fritt	3 988	0	2 623	2 623	2 948
Disposisjonsfond – til div. tiltak	17	17	139	163	173
Bunde driftsfond	21 675	20 679	12 256	15 693	15 347

Giske kommune sitt langsiktige mål er eit disposisjonsfond på 5 - 10 prosent av driftsinntektene og ei avsetning til disposisjonsfond på 3 - 5 prosent for å oppnå eit disposisjonsfond slik ein kan ha økonomisk berekraft.





## Investering

### Investeringsrekneskap - samandrag

Økonomiske oversikter	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap
alle tal i heile 1 000	2021	2021	2021	2020
Sum investeringsutgifter	- 131 075	- 212 738	- 72 400	- 35 004
Sum investeringsinntekter	139 118	217 938	77 600	40 411
19 Netto utgifter videreutlån	- 1 275	-	-	- 1 506
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	- 6 768	- 5 200	- 5 200	- 6 913
<b>25 Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp)</b>	-	-	-	<b>0</b>

## » Lånegjeld, renter og avdrag

	2021	2020	2019	2018	2017
Langsiktig lånegjeld(1.000kr)	1 130 630	1 049 528	1 067 584	1 055 919	1 039 234
Langsiktig lånegjeld, kroner per innbygger *)	132 906	123 372	126 251	125 735	125 330
Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	147,54	150,59	160,68	165,73	168,57

\*) Basert på innbyggertal pr. 31.12.2021: 8 597 innb.

Langsiktig lånegjeld eigne lån var kr 1 065 436 703, formidlingslån var kr 65 193 670 per 31.12.2021.

Ubrukte lånemidler eigne lån pr. 31.12.2021 var kr 60 417 626, og Startlån kr 13 320 298. Kalkulert avdrag i 2021 kr 39 442 432.

Langsiktig gjeld ekskl. formidlingslån har i 2021 auka med 80,5 mill. kr. Langsiktig gjeld formidlingslån har i 2021 auka med kr 524 602 . Tabellen viser at kommunen si samla lånegjeld i perioden 2017 - 2021 har auka med 91,396 mill.kr.

Av langsiktig gjeld til investeringar kan ein rekne at 212,4 mill. kr gjeld lån innan vatn, avløp, slam og renovasjon, som restverdi pr. 31.12.21 og avskrivingsgrunnlag for VAR-området i 2021.

Riksrevisjonen definerer høg lånegjeld til 75% av driftsinntektene, KS antyder at ein gjeldsgrad på over 100% er ugunstig. Giske kommune har ein gjeldsgrad på 147,54, og er av dei høgste i landet.

### Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Investeringsnivå og opptak av lån må rettas slik at lånegjelda ikkje er større enn at utgifter til renter og avdrag vert dekt gjennom løpande inntekter. Det er derfor viktig å ha kontroll på utviklinga av gjeldsnivået. Ein auke i lånegjelda indikerer at kommunen må bruke ein større del av inntektene til å dekkje renter og avdrag. Det historisk lave rentenivået dei siste åra har bidrege til at kommunen har unngått at renter og avdrag tek ein større del av inntektene. På lengre sikt med eit normalt rentenivå vil auka lånegjeld få betydning for rammene til tenesteproduksjon.


Tabellen ovom viser netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld ( eksklusiv pensjonsforplikterler) fratrukke formidlingslån. Nett lånegjeld har passert grensa i måttalet på maks 100%.

### Netto lånegjeld per inbygger

Netto lånegjeld per inbygger var i 2021 kr 132 905 mot kr 123 375 i 2020. Netto lånegjeld per innbygger har hatt ein nedgang på 2,36 prosent sidan 2016.



## Soliditet (gjeldsgrad og egenkapitalprosent)



Soliditet måler evnen til å tåle tap. Gjeldsgrad og egenkapitalprosent gir informasjon om dette. Gjeldsgraden viser forholdet mellom gjeld og egenkapital. Ein gjeldsgrad på 1 vil sei at kommunen har like stor gjeld som egenkapital. Til mindre dette forholdstalet er, til meir solid er kommunen. Gjeldsgraden korrigert for pensjonsforpliktelser var i 2021 2,95 mot 3,22 i 2020.

Egenkapitalprosenten fortel noko om kor stor del av kommunen sine eigedeler som er finansiert eg egenkapital. Ved utgangen av 2021 var 18,12 prosent av eigedelane finansiert med egenkapital, mot 16,3 prosent i 2020.

## KOSTRA

	2021	2021	2020	2020	2019	2019
	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 10
Langsiktig gjeld ex pensj.forpl i prosent av brutto driftsinntekter	145	113,7	148	114,9	160	103,6
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	120 995	93 391	107 360	88 071	111 860	72 121
Arbeidskapital ex. Premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	28,1	20,1	22,7	18,8	23,4	20,8

Giske ligg i landstoppen i gjeld. Dette kjem av at det har vore satsa på store investeringar med nytt omsorgssenter og ny barneskule.

Netto lånegjeld i kroner per innbygger er har ein auke med kr 13 635 per inbygger, eller 12,7 % medan kostragruppa har ein auke på kr 5 320 eller 6 %.

Dette viser at ei sterk prioritering av investeringane har gitt resultat i dempa gjeldsvekst. Giske kommune ligg fortsatt på eit høgt nivå i høve inntektene og det er fortsatt naudsynt å prioritere for å redusere gjelda ytterlegare.

Endring i arbeidskapital fortel i hovudsak om kommunen sin betalingsevne er bedra eller forverra. Den vert beregna som omløpsmidler med frådrag for kortsiktig gjeld, korrigert for endring i ubrukte lånemidler. Arbeidskapital er differansen mellom anskaffelse av midlar (inntekter og innbetalinger) og anvendelse (utgifter og utbetalinger) av midlar i regnskapet. Når anskaffelse er større enn anvendelse har arbeidskapitalen økt.



Begrepet arbeidskapital er misvisande då driftsregnskapet vert påverka av premieavvik (forskjellen mellom innbetalt pensjonspremie til livselskapa og beregna pensjonskostnad).

Oversikta syner at giske sin arbeidskapital er bedra frå 2020 til 2021, og at Giske kommune har betre arbeidskapital en gjennomsnittet i kommunegruppe 1. Dette kjem som følge av ubrukne lånemidlar.



## › Vurdering - oppsummering

Kommunerekneskapen for 2021 viser eit brutto driftsresultat på + kr 40 585 738 som er det kommunen hadde i 2021 til dekning av netto finansutgifter og til netto avsetningar. Kommunerekneskapen for 2021 viser eit netto driftsresultat på kr 33 028 938 som er disponert slik:

- Overføring til investering kr 1 400 000
- Netto avsetning til bundne driftsfond kr 995 510
- Netto avsetning til disposisjonsfond kr 3 987 745
- Dekning av tidligere års meirforbruk kr 26 645 683

Samla meirforbruk i høve til justert driftsbudsjett for alle rammeområder er – kr 4 577 031.

Finansieringsbehovet var kr 131 074 693.



## 1 Politisk styring og kontrollorgan

### Politisk styring og kontrollorgan omhandlar fylgjande tenesteområde:

Kommunestyre og formannskap	Kommunerevisjon og kontrollutval
Livsløpsutval	Stortings- og kommuneval
Teknisk utval	Eldreråd
Økonomisk stønad til politiske parti	Diverse råd og utval

Teneste	1 POLITISK STYRING	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
	Alle tal i heile 1 000	2021	2021	2021	2020
1000	KOMMUNESTYRE OG FORMANNSKAP	2 659	2 307	2 307	2 336
1005	POLITISKE KOMITEAR	28	217	217	115
1010	DIVERSE UTVAL/STYRE/RÅD	223	210	210	359
1020	ELDRERÅD	2	29	29	-
1050	ØKONOMISK STØNAD TIL POLITISKE PARTI	-	50	50	47
1060	KOMMUNEREVISJONEN - KONTROLLUTVAL	1 134	1 030	1 030	1 187
1070	STORTINGS- OG KOMMUNEVAL	375	298	298	-3
<b>Sum gruppeansvar: 1 POLITISK STYRING</b>		<b>4 421</b>	<b>4 142</b>	<b>4 142</b>	<b>4 042</b>

Driftsrekneskap for Politisk styring og kontrollorgan viser eit meirforbruk på kr 279 000 i høve justert driftsbudsjett. Meirforbruket på teneste 1000 kjem av ekstra resurssar som er set inn i kriselleiinga for å handtere den pågåande koronapandemien. Det var også behov for ekstra smitteverntiltak ved stortingsvalet noko som førte til meirforbruk på teneste 1070. Mindreforbruket på dei andre tenestene kjem av færre møter enn planlagt som følge av koronapandemien.

Auken på teneste 1060 kommunerevisjonen - kontrollutval kjem av endring av betalingsstruktur av revisjonshonorar der det er gått over frå fastpris til medgått tid.

### KOSTRA

		2021	2021	2020	2020	2019	2019
		1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 10
100 Politisk styring	Netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde per inbygger (kr)	388	544	335	477	390	494

		2021	2021	2020	2020	2019	2019
		1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 10
110 Kontroll og revisjon	Netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde per innbygger (kr)	133	161	139	159	115	127

Indikatoren viser kor mykje av dei totale utgiftene som vert brukt til politisk styring og kontrollorgan. Data vises i kroner per innbygger. Utgifter knytt til eldreråd høyrer til kostra funksjon 180 og er ikkje med i KOSTRA - oversikta.




## Oppfølging av kommunestyrevedtak

Giske kommunestyre behandla i alt 104 saker i 2021. Av desse er det 3 saker som er under arbeid ved utgangen av året. Framover vil kommunedirektøren arbeide for at å bli heildigitalisert i saksbehandlinga knytt til politiske saker.

	Møte 2021	Saker 2021	Møte 2020	Saker 2020
Kommunestyret	8	104	7	92
Formannskapet	31	158	21	189
Næringsutvalet	4	8	7	30
Landbruksnemnda	1	2	0	0
Teknisk utval	8	63	9	69
Livsløpsutvalet	7	56	4	47
Eldrerådet	4	22	4	31
Råd for menneske med funksjons-nedsetting	4	21	4	22
Giske brukarutval	4	22		
Viltnemnda	2	6	1	2
Valstyret	3	6	0	0
Kontrollutvalet	5	22	5	23





## 2 Kommuneleiiing - Stab

### Kommuneleiiing – stab omhandlar fylgjande tenesteområde

- Kommunedirektør og kommunalsjefar
- Personal og løn
- Økonomi
- Andre fellestenester

Eininga skal levere tidsrette støttefunksjonar etter dei krav og forventningar som er stilt til kommunen si kjerneverksemd og strategiske satsingar.

#### Drift

	2 KOMMUNE LEIING - STAB	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste	Alle tal i heile 1 000	2021	2021	2021	2020
1200	KOMMUNEDIREKTØR - KOMMUNALSJEFAR	4 940	4 001	4 186	3 895
1210	PERSONAL OG LØN	2 331	2 363	2 363	2 215
1220	ØKONOMI	2 879	2 790	2 790	4 067
1230	SERVICEKONTORET	2 363	2 329	1 922	2 425
1240	DIVERSE FELLESFUNKSJONAR	3	-	1 007	-
1250	IKT	761	815	815	779
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	1 214	1 082	1 044	819
2110	BARNEHAGE	1 146	1 300	1 152	1 008
2120	GRUNNSKOLE	412	299	299	225
2130	VAKSENOPPLÆRING	-	2	2	-
2310	AKTIVITETSTILBOD BARN OG UNGE	10	277	277	-
2412	PSYKISK HELSEVERN	102	100	100	97
2423	MOT - PROSJEKTET	-6	-	355	-
2440	BARNEVERN TENESTE	238	234	234	225
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	881	1 048	1 048	1 073
2549	KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	-128	63	-	-102
2730	KOMMUNALE SYSSELSETTINGSTILTAK	402	329	329	-
3100	FORMIDLINGSLÅN	-82	-	-	-153
3250	NÆRINGSKONTORET	687	481	181	-
3253	JORD- OG SKOGBRUK	518	853	853	-
3610	VILTFORVALTNING	161	75	75	-
3620	FRILUFTSLIV	203	256	266	-
3650	KULTURMINNEVERN	35	93	98	-
3700	BIBLIOTEK	827	1 775	1 775	-



	2 KOMMUNE LEIING - STAB	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste	Alle tal i heile 1 000	2021	2021	2021	2020
3750	MUSEER	-	3	3	-
3770	KUNST OG KUNSTFORMIDLING	95	140	140	-
3810	IDRETT	265	250	250	-
3850	KULTURKONTORET	751	802	502	-
3851	ANDRE KULTURTILTAK	165	109	109	-
3852	Frivilligsentral	283	259	259	-
<b>Sum gruppeansvar: 2 KOMMUNE LEIING - STAB</b>		<b>21 457</b>	<b>22 129</b>	<b>22 435</b>	<b>16 573</b>

Området hadde eit mindreforbruk på 672 000. Meirforbruk på ei teneste vert kompensert med mindreforbruk på andre tenester og stillingar har vorte haldne vakante for å halde budsjettet.

Prosjektet omstilling av fellesfunksjoner har gitt effekt gjennom fokus på arbeidsprosessar og digitalisering av tenester. Arbeidet vil fortsette i 2022.

## Kostra

Netto driftsutgifter administrasjon per innbygger.

Indikatoren viser kor mykje av dei totale utgiftene som vert brukt til administrasjon og styring per innbygger. I indikatoren inngår administrativ leiing, stab- og støttefunksjoner. Data visast i kroner per innbygger.

		2021	2021	2020	2020	2019	2019
Kostra funksjon	Netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1
120 Administrasjon	Beløp per innbygger (kr)	3 875	4 149	3 685	4 108	3 602	3 800
231 Aktivitetstilbud barn og unge	Beløp per innbygger (kr)	1	103	11	108	28	148
320 Kommunal næringsvirksomhet	Beløp per innbygger (kr)	-11	-112	1	-91	-5	-3
325 Tilrettelegging og bistand for næringslivet	Beløp per innbygger (kr)	30	220	-107	105	58	326
370 Bibliotek	Beløp per innbygger (kr)	99	298	195	290	190	348
380 Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg	Beløp per innbygger (kr)	31	98	31	83	30	239
385 Andre kulturaktiviteter og tilskudd til andres kulturbygg	Beløp per innbygger (kr)	202	279	129	299	294	372

På kostrafunksjon 120 innehelt Tabellen ikkje berre utgifter knytt til rammeområde 2 Kommuneleiing - stab. Tenester som er knytt til rammeområde 3 Fellesutgifter/fellesinntekter, rammeområde 7 Pleie og omsorg og sjølvkostområda i rammeområde 9 Teknisk er også med i tabellen.

For kostrafunksjon 120 administrasjon syner tala at Giske kommune har ein auke frå 2020 til 2021 med kr 190 per innbygger.

Giske kommune bruker kr 274 450 mindre per innbygger enn gjennomsnittet for kostragruppe 1. Dersom Giske skulle bruke det samme som gjennomsnittet i kostragruppe 1 vil dette utgjort ein auke på 2,4 mill.kr.

Både 2020 og 2021 har vore prega av at det har vore ein pandemi og mykje mindre aktivitet når det gjeld kultur enn normalt. Nokre aktiviteter er også løyst på annan måte, noko som kan gi utslag i tala.

Bibliotektenesta i Giske kommune har i 2021 blitt drifta på eit absolutt minimumsnivå, noko ein ikkje kan halde fram med. Opningstidene og tilbodet har blitt redusert i perioden. Giske kommune brukar kr. 199 mindre per innbygger enn gjennomsnittet i kostragruppe 1.

Studier har vist at kommunar tolkar og definerar administrasjon ulikt i KOSTRA. Det inneber at tala ikkje er direkte samanliknbare mellom alle kommunar og er noko usikre.



## › Toppleiing

Giske kommune si administrative toppleiing består av

- Kommunedirektør
- Kommunalsjef oppvekst.
- Kommunalsjef helse- sosial og omsorg.
- Kommunalsjef plan og tekniske tenester. (Utgifter til denne ligg til ramme 9)

Toppleiinga si viktigaste oppgåve er å sjå til at politiske vedtak og sentrale målsettingar for tenestene vert iverksette. Toppleiinga er bindeledd mellom dei folkevalde og administrasjon i kommunen.

## Fagstab

Fagstaben består av

- Seniorrådgivar kvalitet og beredskap
- Pedagogisk rådgivar barnehage
- Pedagogisk rettleiar (utgiftene til denne er ført i ramme 5)

## Personal og løn

Personal- og lønsavdeling har 3,9 årsverk. Avdelinga sine hovudoppgåver er:

- Utvikling og vedlikehald av overordna arbeidsgivarpolitikk
- Støtte og rettleiing til einingane i utøving av arbeidsgivarpolitikken
- Lønsarbeid, lokale lønsforhandlingar og rettleiing til einingane i lønsarbeid og i relevant lov- og avtaleverk som gjeld personalområdet
- Bistå einingane i rekruttering og kompetanseutvikling
- Overordna ansvar for HMS/IA-arbeid
- Samarbeid med fagorganisasjonar og verneteneste

Avdelinga har ikkje hatt sjukefråvær. Samarbeidet med tillitsvalde, verneteneste, topp- og einingsleiing fungerer godt. Avdelinga er framleis svært sårbar ved evt. sjukefråvær, særleg gjeld dette lønsarbeidet.

## Økonomi

Økonomiavdelinga i Giske kommune har 3,7 årsverk. Avdelinga sine hovudoppgåver er:

- Føre rekneskap til Giske kommune og Giske kyrkjelege fellesråd, Gjelds- og finansfovaltning
- Utarbeide samla årsbudsjett og økonomiplan for kommunen og rapportering og oppfølging av dette
- Gi einingsleiarar m/fl. støtte og rettleiing innan økonomi, samt brukarstøtte for budsjettverktøy, økonomi- og e-handelssystem.
- Vere kommunen sitt kontaktpunkt i høve innkjøpsfelleskapet på Sunnmøre, Nordre Sunnmøre kemnerkontor, skatteoppkrevjing og arbeidsgjevarkontroll

Avdelinga leverer i hovudsak tenester til interne brukarar. Det er likevel ein del publikumskontakt knytt til fakturakopi og spørsmål om utsende faktura, lån og aktivitet kring innkrevjing. Avdelinga er avhengig av godt samarbeid med eksterne leverandørar, lån- og finansforvaltarar, samarbeidskommunar og andre samarbeidspartnarar.

## Kultur, service og næring

Eining Kultur, service og næring har 10,7 stillingar fordelt på 12 personar. Avdelinga sine hovudoppgåver:

- Sentralbordteneste samt informasjon og rettleiing av innbyggjarar knytt til kommunale avgifter, bustønad og startlån
- Giske kommunes felles saksarkiv
- Politisk sekretariat
- Ansvar for førebuing og gjennomføring av kommune- og Stortingsval.
- Bibliotekteneste
- IT ved systemintegrator
- Frivillegsentralen

Hovudmål

Levere god service til innbyggjarane og politiske leiing gjennom å vere godt oppdatert på det som skjer i kommunen. Sørge for at politiske saker vert sendt ut i rett tid. Gi god og nyttig informasjon til innbyggjarane om ulike tenester og legge til rette for digital sjølvbetjening der det er mogleg. Gi gode

bibliotektenester og samhandle med innbyggerane gjennom Frivillegsentralen.

#### Kulturkontoret

På grunn av delvis vakant stilling som kulturkonsulent, måtte ein prioritere dei viktigaste oppgåvene. Koronapandemien påverka også aktiviteten på kulturområdet med til dels strenge smittevernreglar gjennom året. Det vart betalt ut kulturstøtte til frivillige lag og organisasjonar innan musikk, idrett og museum/historielag. UKM vart avvikla i Øygaardshavna under strenge smittevernreglar. Momentum fekk oppdraget med å lage UKM-video. Rullering av kulturminneplanen vart ikkje ferdig behandla i 2021, slik det var planlagt. Kommunen samarbeider med kulturavdelinga i fylket med sikte på ferdigstilling av arbeidet første halvår 2022.

#### Frivillegsentralen

Den kulturelle spaserstokk/koronamidler har hatt mange forestillingar i 2021. Mange i samarbeid med pensjonistlaga, Giskespelet og egne arrangement. Sysselsetting med NAV har gått omtrent som normalt. 12 personar har vore inno. Nokre har fått jobb, nokre har begynt på skule, og nokre er framleis med i prosjektet.

Aktiv ferie: Svært gode resultat. Om lag 700 deltakarar frå SFO-alder opp til 18 år. I tillegg fekk bukollektivet tilbod om dette. Frivillegsentralen fekk også støtte frå Gjensidigefondet til å tilsette personar som tok tak i dette saman med frivillegsentralen.

- Arbeid med stiar har vore vidareført.
- Stor auke på hjelp til privatpersonar.
- Utdeling av matkasser til jul i samarbeid med butikkar og privatpersonar. 46 familier fekk tilkøyrte desse.
- Frivillegsentralen møter stor velvilje i lokalsamfunnet og har fått inn mykje midlar utanfrå til ulike prosjekt.
- Frivillegsentralen har også i 2021 brukt svært mykje tid og pengar på koronatiltak

Frivillegsentralen er til stor hjelp i utføring av ulike kommunale oppgåver som køyring og bringing, og hjelper både på skular, eldresenter, dagsenter, teknisk og NAV. Det siste har utgjort knapt halvparten av stillinga til medarbeidar på frivillegsentralen.

«Aktiv ferie» vart gjennomført med følgjande aktivitetar i og utanfor Giske kommune: Valldal klatrepark med middag og Atlanterhavsparken med mat, drikke.

Frivillegsentralen brukte mesteparten av midlene i 2021 på lokale tilbud og fekk gjennom dette støtte lag og organisasjonar i kommunen med ca kr. 250.000.

Gjennom det kommunale sysselsetjingsprosjektet får ungdommar som står utanfor arbeidslivet god og variert erfaring med praktisk arbeid. Verdien av dette kan ikkje overdrivast.

Frivillegsentralen har ein unik posisjon i kommunen, og dei får gåvemedlar og anna støtte frå mange ulike kjelder. Sentralen gir eit lavterskeltilbod som veldig mange set stor pris på.

Det ser ut som at einingane brukar frivillegsentralen enda meir enn tidlegare. Dette skjer sjølvsagt då dei ser at ein kan få meir ut av kvar krone ved eit samarbeid med frivillige. Men det er viktig at ein pleier forholdet til dei frivillige. Dei må ha føreseielege vilkår som passar inn med det andre dei er engasjert i. Og dei må bli sett og følt seg verdsett. Dette bør alle som er mottakar av eller samarbeider med frivillige, bite seg merke i.

Samarbeid også med Vigra pensjonistlag og grunneigarar om stien langs Blindheimsfjellet. Der har det hittil kome inn ca. 750.000 kroner i sponsormidlar og det er kome halvvegs på prosjektet.

#### Biblioteket

Korona-pandemien fortsatte å prege samfunnet og biblioteket også i 2021, men det er likevel dei reduserte opningstidene som har hatt størst innverknad på besøks- og lånetall. Mange møter med stengt dør har gjort at ein del av våre lånarar har lagt om bibliotekbruken sin til å heller å nytte tilbodet i Ålesund eller på Moa, dette ser ein mellom anna ved at mange av innleveringane i bokkassene er bøker lånt i andre bibliotek.

- 520 aktive personlege lånarar og 120 institusjonar
- Besøk: 7 210
- Utlån: Totalt 12 097 alle medier i 2021. Dette er en liten nedgang i forhold til 2020, men kan enkelt forklares med reduserte opningstider delar av året.
- Besøk av barnehagar og skuleklassar har heilt opphørt som følge av minimal bemanning.
- E-bok-appen BookBites fungerer godt.

#### Tabell styringskort og styringsindikator

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultatmål 2021	Resultat 2021
-------------	-----	---------------	------------------	---------------

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultatmål 2021	Resultat 2021
Innbyggjarar	Kvalitet tilpassa dei økonomiske rammevilkåra	Plassering i forbrukerrådet sine testar av kommunal service	100 eller betre av kommunane i landet. 10 eller bedre av kommunane i Møre og Romsdal	Ikkje publisert
	Forenkling og effektivisering gjennom digitalisering		Videreutvikle digitale verktøy for innbyggjarane	Starta arbeidet med å utarbeide digitale skjema Bookingsystem for innbyggjarane
	Velfungerande informasjons- og kommunikasjonskanal	Relevant informasjon er lett tilgjengeleg for innbyggjarar og tilsette døgnet rundt. System med digitale søknader mm fungerer godt	Videreutvikle og arbeide meir strategisk med informasjon til innbyggjarane	Videreutvikla heimesida Informasjon om koronapandemien - mange publiserte saker Påbegynt arbeid med chatrobot Opplæring av fleire redaktørar av heimesida
Medarbeidarar	Auke intern beredskapskompetanse	Gjennomførte øvingar	Øving på utvalde hendingar	Delteke på øvingar i regi av Statsforvaltar, Nordic Wildfish og Helse Sunnmøre
	Velfungerande kvalitets- og internkontrollsystem	Gode tilbakemeldingar frå tilsette og innbyggjarar. Regelmessig rulling, og få avvik på tenestene som blir gitt	Etablere rutine og prosedyrer for dei mest risikobelasta områda	Oppbygging av kommunen sitt heilskaplege kvalitetssystem - Compilo, samt opplæring og implementering GDPR - opplæring Utarbeidd "Mål og strategi for arbeid med internkontroll og kvalitet i Giske kommune 2021 - 2024"
	Godt arbeidsmiljø og tilfredse medarbeidarar	Nærvær		98 % 90,6 %
	Enkel og effektiv support og drift ved hjelp av digitale verktøy	Gjennomført opplæring på nye digitale verktøy	Ta i bruk support via Teams	Aktiv bruk av Teams i opplæring
	Fellesfunksjonar har rett kompetanse og eit godt fag- og arbeidsmiljø	God trivsel og gode tilbakemeldingar frå adm. Leiing og einingane	Plan for kompetanseheving er ferdig	Ikkje utført
		Alle ledere har kompetanse og forståelse for økonomi og økonomistyring		Kurs og opplæring er gjennomført
Økonomi	Lav andel av administrative ressurser. God økonomistyring	Kostra Netto driftsutgifter på funksjon 120 administrasjon per innbygger	≥ kr 3 500 per innbygger	kr 3 875 per inbygger
		Kostra Netto driftsutgifter på funksjon 120 som andel av totale utgifter		6 % 6,2 %
		Avvik i % av netto driftsramme		≤ 0 -3 %

### 3 Fellesutgifter - fellesinntekter

#### Fellesutgifter - fellesinntekter omhandler følgende tenesteområde:

På dette ansvarsområdet blir det ført inntekter og utgifter som er felles for heile kommunen sin organisasjon og som ikkje kan knytast opp mot ein skilde einingar eller stab. Døme på dette er:

- Felles personaltiltak / arbeidsmiljø
- Generelle arbeidsmiljøtiltak
- Diverse fellesfunksjonar:
  - Felles IT program, maskinvare og serviceavtaler.
  - Felles datakommunikasjon
  - Telefon og telefaks
  - Frankering – porto
  - Kontingent til KS
  - Felles pensjonsutgifter/inntekter - premiefond.
  - Premieavvik blir samla her frå 2011.
  - Løn til lærlingar
  - Løn til hovudtillitsvalde og hovudverneombod
  - Utgifter til bedriftshelseteneste

#### Drift

	3 FELLESENTGIFTER/FELLESENTTEKTER	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste	Alle tal i heile 1 000	2021	2021	2021	2020
1212	GENERELLE PERSONALPOLITISKE TILTAK	1 434	1 377	1 377	1 057
1215	GENERELLE ARBEIDSMILJØTILTAK	360	418	418	850
1240	DIVERSE FELLESENTFUNKSJONAR	15 117	10 383	10 578	13 966
1700	ÅRETS PREMIEAVVIK KLP	- 1 503	- 12 939	- 12 939	- 2 846
1701	ÅRETS PREMIEAVVIK SPK	- 562	- 104	- 104	205
1710	AMORTISERT PREMIEAVVIK KLP	8 099	8 714	8 714	7 646
1711	AMORTISERT PREMIEAVVIK SPK	77	455	455	123
1720	PENSJON	150	-	-	175
1730	PREMIEFOND	- 29 511	- 2 853	- 2 853	- 3 992
1800	DIVERSE FELLESENTGIFTER	16	337	337	16
2110	BARNEHAGE	905	211	211	114
2120	GRUNNSKOLE	1 096	236	236	296
2343	KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	282	236	236	210
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	1 703	1 071	1 071	338
2546	GISKE OMSORGSSENTER	1 232	253	253	251
2548	BUFELLESSKAP FUNKSJONHEMMA	1 489	-	-	114
	Sum andre tenester knytt til fordeling av pensjonskostnader	5 695	-	-	-
	<b>Sum gruppeansvar: 3 FELLESENTGIFTER/FELLESENTTEKTER</b>	<b>6 080</b>	<b>7 797</b>	<b>7 992</b>	<b>18 524</b>

Endring i reglane for offentleg tenestepensjon medførte at det vert frigjort betydlige midlar frå oppsparte pensjonsreserver (premiereserver) ved at avsetningskravet til framtidige alderspensjoner er redusert. Desse midlane vart tilført premiefondet. I k.sak 36/21 vart det vedteke å nytte premiefondet til å dekke deler av pensjonskostnadane i 2021.

Pensjonskostnadane vert normalt ført på dei øvrige rammeområda, men då dette vil gi ein høg pensjonskostnad og meirforbruk på tenestene, er avrekninga med kr 12 033 641 av pensjonskostnaden ført på Ramme 3 slik at effekten vert utjamna. Pensjonskostnaden skal imidlertid henførast til tenestene og er i oversikta samla for dei tenestene der det kun pensjonskostnader som er bokført.



Rammeområde 3. Fellesutgifter – fellesinntekter viser eit mindreforbruk på kr 1 717 000.

Meirforbruket skriv seg frå ansvar 1300 Felles drift og dei største avvika finn ein i teneste 1240 Diverse fellesfunksjonar - med eit meirforbruk på 4,7 mill kr. Det er ein auke i utgifter til datakommunikasjon, lisensar og serviceavtalar som ikkje har vore fanga opp ved budsjetteringa. på ca 1,1 mill. kr for kommunen samla. At avviket er større på ramme 3 enn kommunen samla viser at tenesta fortsatt er ein samlepost for utgifter som tidlegare vart fordelt på rammeområda.

Premieavvik vert budsjettert som inntekt – amortiseringa ei utgift, netto utgjorde det ein utgift på 6,1 mill. kr. Premieavviket i KLP var budsjettert som inntekt med kr 12 938 968 medan det vart kr 1 317 139. Bruk av premiefond vart 25,8 mill. kr, og er 23,3 mill.kr over budsjettet. Begge deler må ein sjå i sammenheng med reduksjonen i pensjonskostnadane som er fordelt på einingane, netto vart det eit samla meirforbruk på 1,7 mill. kr for pensjonskostnadane.

Premieavviket er differansen mellom den berekna pensjons-kostnaden som vert ført i rekneskapan og premien som faktisk er betalt. Den betalte premien vil blant anna avhenge av avkastninga pensjonstilbydaren oppnår på pensjonsmidlane og lønsveksten rekna med utgangspunkt i lønsnivået ved utgangen av året.

Dei øvrige tenestene gjeld stort sett lærlingløn for heile kommunen. Avvika kjem av at den faktiske fordelinga av lærlingane vart ulik den budsjetterte.



## Kostra

Kostra funksjon		2021	2021	2020	2020	2019	2019
		1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 10
180 Diverse fellesutgifter	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	2	-116	2	72	3	77
170 Årets premieavvik	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	-240	2 304	-310	-908	-1 519	-1 871
171 Amortisering av tidligere års premieavvik	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	951	1 189	913	1 231	703	772

Kostra funksjon		2021	2021	2020	2020	2019	2019
172 Pensjon	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	29	22	21	4	35	4
173 Premiefond	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	- 3 428	-2 041	-469	-556	-621	-881



## 4 Diverse tenesteområder

### Diverse tenesteområde omhandlar fylgjande tenesteområde:

- Sosiale tenester, NAV

#### Drift

	4 DIVERSE TENESTEOMRÅDE	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste	Alle tal i heile 1 000	2021	2021	2021	2020
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	2 281	2 504	2 504	1 935
2421	FLYKTNINGKONTOR	0	-	-	-
2760	KVALIFISERINGSPROGRAM	1 151	1 036	1 036	1 202
2810	ØKONOMISK SOSIALHJELP	3 615	3 851	3 851	3 552
2851	NAV DRIFT - STATLEG DEL	-28	-3	-3	-6
3250	NÆRINGSKONTORET	-	-	-	1 183
3253	JORD- OG SKOGBRUK	-	-	-	525
3610	VILTFORVALTNING	-	-	-	148
<b>Sum gruppeansvar: 4 DIVERSE TENESTEOMRÅDE</b>		<b>7 019</b>	<b>7 388</b>	<b>7 388</b>	<b>8 538</b>

### NAV Giske, sosiale tenester

NAV Giske hadde eit samla mindreforbruk i 2021 med kr 368 000. Mindreforbruket er knyttet til sjukelønsrefusjon og ikkje leigd inn vikar ved sjukdom.

NAV Giske har hatt høg aktivitet og ei positiv utvikling i 2021. Per 31.12.21 var 92% av brukarar med spesielt tilpassa innsats i avtalt aktivitet. Hovudfokuset er fleire i arbeid og auka inkludering. Det har vore arbeid godt med å få brukarar i tiltak og arbeidsretta aktivitet. Det ligg eit stort handlingsrom til å kunne bruke tilgjengelege og brukertilpassa tiltak. NAV Giske har i heile 2021 nytta handlingsrommet og tildelt budsjett for statlege tiltaksmidlar. Dette fører til at dei fleste av brukarane vil ha rettighet på andre ytingar enn berre sosialhjelp. Talet på unge sosialhjelpsmottakarar har vore stabilt, også i ein krevjande koronasituasjon. Oppfølging av ungdom under 30 år er ein av hovudprioriteringane. Det er viktig med tidleg og tett oppfølging av denne gruppa. Det gode samarbeidet med Giske frivilligsentral har også hatt stor betydning. Tiltaket vert brukt som aktivitetskrav for mottakarar av sosialhjelp. Det vert også brukt som arbeidsretta aktivitet for brukarar med krevjande og samansette utfordringar.

I 2021 var arbeidsløysa i Giske lav og i desember var 1,3% av arbeidsstyrkjen heilt ledig. NAV si erfaring er at det fortsatt er stort behov for kvalifisert arbeidskraft. Arbeidsløysa i Giske er særleg kjenslevar for aktiviteten i industrien og på flyplassen. Auka aktivitet/hedtrapping her gir store ringverknader til underleverandørar og andre.

Trass god tilgang til arbeid har talet på personar som har motteke sosialhjelp i 2021 gått opp frå 2020. Utgiftene til sosialhjelp hadde eit mindreforbruk kr 244 000. I alt 116 personar mottok sosialhjelp i 2021, 46 av desse var under 30 år. Årsak til mindreforbruket er samansett, men høg aktivitet på tiltak er ein grunn. NAV tilsette jobbkonsulent i engasjementstilling for å bistå med å skaffe og behalde arbeid. Ein ser at levekostandane har auka. Dette gjeld utgifter til bustad, straum mm.

NAV Giske har ein del framandspråklege innbyggjarar. Dette gjeld både arbeidsinnvandrarar, flyktningar og familiegjenforeinte. NAV-kontoret har stor pågang frå framandspråklege brukarar. Pga språkutfordringar er det krevjande å rettleie desse på ein god måte. Det krev mykje ressursar og mykje bruk av tolketeneste, samstundes som ein del av desse slit med å kome inn på arbeidsmarknaden.

NAV Giske har også i 2021 hatt fokus på kontakt med bedrifter og næringsliv. Kontakta med lokale og regionale bedrifter er viktig relasjonelt arbeid i høve målsettingar om å få fleire personar ut i arbeid og aktivitet. Vi ser diverre at personar som stod utanfor arbeid i starten av pandemien står lenger unna arbeid, til trass for god tilgang til ledige stillingar. Dette er ofte personar som manglar formell kompetanse og utdanning.

## Målekort

Mål	Kva er gjort?	Resultat 2021
Implementere Digitale innbyggjartenester, sosiale tenester (DIGISOS).	Ikkje alle brukarar er digitale, så vi vil ikkje nå 100%. Mål om 80%	Målet er nådd
Minst oppretthalde plasseringa frå 2018 i kommunebarrometeret for sosialhjelpsutgifter	Behovsjusterte tal frå KOSTRA. 112 brukarar.	Målet er nådd
Oppretthalde fokus og satsing på gjeldsrådgeving	Alle som meld behov skal få tilbod om bistand. Har fått tenesta opp å gå etter at den har lagt delvis nede etter sjukdom.	Målet er nådd
Vurdere kvalifiseringsprogrammet (KVP) for brukarane og tilby program til alle som har fylt vilkåra.	Giske kommune har i rammetilskotet fått budsjett til å ha 7,1 brukarar i KVP.	Målet er nådd. 7 brukarar.
Sette vilkår om aktivitet 2) ved tildeling av økonomisk sosialhjelp til brukarar under 30 år	Oppfølging av ungdom under 30 år er ein av våre hovedprioriteringar. Det er viktig med tidleg og tett oppfølging av denne gruppa. Det gode samarbeidet vi har med Giske Frivilligsentral har også hatt stor betydning. Tiltaket blir brukt som aktivitetskrav for mottakarar av sosialhjelp. Det blir også brukt som arbeidsretta aktivitet for brukarar med krevjande og samansatte utfordringar. 66% hadde arbeidsretta aktivitet (måltal 60%)	Målet er nådd
Ein trygg og sikker arbeidsplass	Fremje meistring, helse og trivsel. Ved heimekontor har det vore vanskelegare å fange opp om nokon slit. Ein er også meir utsett for fysiske slitasjeskader. Ein har så langt det er mogleg forsøkt å tilrettelegge for den enkelte sine behov for heimekontor.	Kontinuerleg arbeid
Systematisk HMS-arbeid	NAV Giske sin HMS/IA plan er fulgt opp. NAV Giske hadde i november 2021 tilsettundersøking saman med resten av NAV. Resultata frå NAV Giske viste høg grad av jobbtilfredshet, engasjement og meistring.	Kontinuerleg arbeid
God økonomistyring	Mindreforbruk kr 368 000	Målet er nådd

## Brukarar 2021

Brukarar:	2019	2020	2021
Arbeidssøklarar og personar med nedsett arbeidsevne	408 personar	566 personar	481 personar
Heilt arbeidsledige	1,4% (62 personar)	2,6% (118 personar)	1,3% (59 personar)
Sjukmelde	276 personar	283 personar	254 personar
Økonomisk sosialhjelp	109 personar	102 personar	116 personar
Personar under 24 år som fekk økonomisk sosialhjelp i meir enn 3 mnd.	2 personar	3 personar	46 personar, gjennomsnittleg stønadslengde: 93 dagar
Gjeldsrådgeving	28 saker	24 saker	14 saker
Brukarar i kvalifiseringsprogram	8 personar	8 personar	7 personar

## Kostratal, sosiale tenester 2021

Nøkkeltal	Enhet	Giske	Ulstein	Sykkylven	Sula
Sosialhjelpsmottakarar	Antal	116	208	63	77
Tal sosialhjelpsmottakarar 18-24 år	Antal	21	40	13	21
Sosialhjelpsmottakarar med sosialhjelp i 6 mnd eller meir	Antal	33	60	24	15
Sosialhjelpsmottakarar med arbeidsinntekt som hovudinntekt	Antal	20	31	15	7
Sosialhjelpsmottakarar med sosialhjelps som viktigaste kilde til livsopphald	Antal	30	60	13	19



Nøkkeltal	Enhet	Giske	Ulstein	Sykkylven	Sula
Sosialhjelpsmottakarar som bur i eigd bustad	Antal	16	18	7	6
Tal barn i familien som mottok sosialhjelp	Antal	57	137	26	56

## Korona

NAV hadde på plass gode IKT løysningar, som gjorde det lettare å omstille arbeidet. Eininga har hatt stort fokus på å vere tilgjengelege for dei brukarane som har størst behov for bistand. Informasjon er lagt ut på kommunen si heimeside og på nav.no. Det er blitt gjennomført fysiske møter med brukarane som hadde behov for det, elles blei dei fleste møta halde digitalt.

## Bærekraftsmål

1 og 2: Forebygge og redusere fattigdom, ta hensyn til barns beste. Tenesta arbeider kontinuerleg med oppgåver for å førebygge og redusere fattigdom.

8: Økt inkludering i arbeidslivet: Aktivitetar og samarbeid med ulike partar for å få fleire i aktivitet og arbeid.

17: Samarbeid mellom ulike enheter. Nav har gjennom året samarbeida med ulike tenester i kommunen, næringslivet og andre aktørar/partar. Samarbeidet har vore viktig for framgang og utvikling i brukarsaker.





## 5 Oppvekst

### Drift

	5 OPPVEKST	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste	Alle tal i heile 1 000	2021	2021	2021	2020
2110	BARNEHAGE	81 229	83 771	81 942	85 467
2111	STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	8 503	9 514	9 514	8 829
2120	GRUNNSKOLE	113 368	107 547	108 325	107 357
2121	PEDAGOGISK RETTLEIINGSTENESTE	1 253	1 053	1 053	687
2130	VAKSENOPLÆRING	1 339	4 721	3 721	2 143
2150	SKOLEFRITIDSTILBOD	2 416	2 313	2 313	2 696
2220	SKOLELOKALER	- 3	-	-	1
2230	SKOLESKYSS	2 341	1 967	1 967	1 607
2423	MOT - PROSJEKTET	339	355	-	-
3830	KULTURSKULE	1 507	1 045	1 712	-
	<b>Sum gruppeansvar: 5 OPPVEKST</b>	<b>212 291</b>	<b>212 286</b>	<b>210 548</b>	<b>208 786</b>

### Økonomi

I 2021 har skulestrukturarbeidet og pandemien gjort fagleg utviklingsarbeid utfordrande for oppvekstsektoren. Lovleg drift har vore eit sterkt og samla ønske. Det har likevel vore auka fokus på inkludering og å kunne utvikle varige betre praksisar i tråd med fagfornyning, kompetansereformen og ny rammeplan for SFO. Oppvekst hadde eit samla overforbruk på kr 4,9 mill i 2021. Auka tal på barn i grunnskule med behov for oppfølging 1:1 genererer auka utgifter. Pandemisituasjonen har gått ut over livsmeistringa for ein del av barna. Befolkningsframskrivinga viser at utgiftsbehovet i grunnskulen i Giske vil vekse fram mot 2030.

#### Teneste 2110 Barnehage

Dei kommunale barnehagane drifta omtrent i balanse, samla sett hadde dei eit meirforbruk på knappe 40 000. Totalt har teneste 2110 eit mindreforbruk på 713 000. Mindreforbruket skuldast mellom anna at det er brukt mindre på tilskot til dei private barnehagane enn budsjettert. Barnetalet har gått ned, noko som har ført til at nokre private barnehagar har drifta med færre barn enn dei er godkjend for. Det er tilsett styrarar i dei to kommunale barnehagane og ny pedagogisk rådgjevar barnehage.

#### Teneste 2111 Styrka tilbod til førskolebarn

Tenesta hadde eit mindreforbruk på om lag ein million på grunn av reduserte kostnader spesielt til bruk av assistent i private barnehagar for barn med enkeltvedtak. Tenesta har hatt tydeleg fokus på å støtte barnehagane i ein meir inkluderande praksis.

#### Teneste 2120 Grunnskule



Grunnskule drifta med eit overforbruk på knapt 5 million. Det har vore tett økonomioppfølging og det meste av overforbruket er knytt til nye oppgåver i ei av einingane. Det er tilsett pedagogisk rettleiar, 4 rektorar og 6 nye avdelingsleiarar i grunnskulen dette året. Stillinga som pedagogisk konsulent står vakant gjennom 2021. Dette har medført mykje ekstraarbeid, noko som har gått på bekostning av den vanlege tenesteleveringa.

### Teneste 2121 Pedagogisk rettleiingsteneste

Tenesteområdet har eit meirforbruk på 200 000.

### Teneste 2130 Vaksenopplæring

Frå hausten 2020 kjøper Giske vaksenopplæringstenester frå Hareid kommune. Dette blir mykje rimelegare for Giske, sjølv om elevane får kompensert dei ekstra reisekostnadene. Saman med redusert tal på deltakarar, har dette medført eit mindreforbruk på ca. 3,3 mill.


### Teneste 2150 Skolefritidstilbod

Giske har den høgste foreldrebetalinga i fylket. Det blir gjort årlege utrekningar av sjølvkost i SFO-ordninga. Nettokostnaden går til ekstra tiltak for barn med særskilte behov. SFO fekk ny rammeplan gjeldande frå august 2021.

### Teneste 2230 Skoleskyss

Kostnadane ligg 374 000 over budsjett. Utsett samling av Godøy 1-7 medførte auka skysskostnader.

Giske er ein av dei mest barnerike kommunane i fylket. I 2021 var 19,25 % av innbygarane under 16 år. 8,68 % var i førskulealder. Nesten halvparten (45,8 %) av kommunen sine driftsutgifter går til barnehage og skule. 19,1 % av kommunens samla netto driftsutgifter går til barnehage, og 26,7 % til grunnskule. I 2021 gav kostnadane i oppvekst ikkje rom for tenesteleveranse som gav lovleg drift.



Mål	Kva er gjort	Resultat
Bærekraftsmål nr 17: samarbeide for å nå måla	Felles fokus og retning for heile oppvekstområdet, barnehage, skule og SFO. Inkluderande praksis, felles prosedyrer.	Felles handlingsplan for retten til eit trygt og godt miljø, felles fagdagar for alle tilsette. Felles samlingar for leiarar.
Lovleg drift: -Lærarnormen krev auka lærarinnsats, symjeopplæring, fysisk aktivitet og leksehjelp skal være ein naturleg del av det ordinære tilbodet	Det vart ikkje løyvd midlar til dette i 2021	Skulane manglar om lag 3 lærarårsverk og elevane i Giske kommune har ikkje fått opplæring i desse faga.

Mål	Kva er gjort	Resultat
Fagfornyninga – nye læreplanar skal setjast i verk 2021	Arbeidet med fagfornyninga er i god gjenge, men har blitt utfordra av pandemisituasjonen	Skulane har ikkje i tilstrekkeleg grad fått handlingsrom til å realisere Fagfornyninga.
Kommunestyret sitt vedtak om ny skulestruktur og ny leiarkabal er realisert	Ungdomsskuletrinet blei samla i Giske ungdomsskule frå august 2021. Godøy skule 1-7 vart samla i november. Det er tilsett 4 rektorar og 6 avdelingsleiarar i faste stillingar.	Ny skulestruktur er realisert innfor budsjetterte rammer.
Redusert omfang av spesialundervisning gjennom tidleg innsats	Fokus på kompetanseheving og samordning	Reduksjon i spesialundervisning frå 12% til 9,7%
Inkluderande praksis "Det var bra eg kom"	Felles fagdag for tilsette i skule og SFO knytt til Inkluderande praksis. Samarbeid mellom oppvekst/PPT/Statped og Regionrådet om kartlegging og kompetanseheving.	Oppvekstsektoren har fått eit samla fokus knytt til inkluderande praksis. Kompetansebehovet er kartlagt.
Innføre programmet "På sporet" for elevar som står i fare for å utvikle lese- og skrivevanskar	Vidareført til også å gjelde arbeid med grunnleggande begrep BU-modellen	Arbeidet pågår
Vidare arbeid med digitalisering	Ny ID-handtering kom på plass med Feide 2.0 som gir tilgang til mange nye tenester. Innføring av Microsoft 365 gir alle tilsette og alle elevar tilgang til felles digitale flater.	Digital heimeundervisning kunne iverksetjast frå første dag med koronastengd skule. Auka bruk av kompensatoriske digitale løysinga ma for elevar med dysleksi.
God kvalitet grunnskule	Årleg tilstandsrapport for grunnskule vart utsett	Denne vart behandla først i 2022
Vidareføre arbeidet med TALK-prosjektet, sosiale læreplanar for menneske med høgtfungerande autismespekterforstyrrelse	Både barnehagane og helsetenestene er no med i prosjektet. Pandemien har utfordra fagleg utviklingsarbeid i barnehagane.	Barn med autismeutfordringar møter større fagleg kompetanse i barnehage og skule. Den tverrfaglege samhandlinga er satt på agendaen.
Nærvær - sjukefråvær under 6%	Sjukefråværet har ramma den enkelte eining i bølger knytt til smitteutbrot.	6,14 %
God økonomistyring	Månadleg rapportering og oppsummering per tertial.	Målet er nådd for dei fleste einingane, men ikkje for rammeområdet totalt.

## Korona

Dei tilsette har utvikla betre digital kompetanse og har saman med leiargruppene i einingane gjort raske skifte mellom ulike driftsnivå etter den nasjonale trafikklysmoellen. Fagleg utviklingsarbeid har i stor grad skjedd gjennom Teams. Microsoft Teams har vore eit sentralt verktøy saman med t.d. læringsplattformen Showbie, SMS-tenesta Transponder, og opne Facebook-kanalar. Giske har eit nyleg oppgradert identitetshandteringssystem som sikrar alle tilsette og elevar tilgang til dei digitale ressursane, noko som var ein føresetnad for den tette oppfølginga av både grupper og enkeltbarn. I periodar med redusert tilbod har sårbare barn systematisk blitt prioriterte og ein har også greidd å gi tilbod til barn av foreldre i samfunnskritiske roller. Sjukefråværet i personalgruppene har vore stort og gitt omfattande utfordringar i den daglege drifta, både i kvalitet og omfang.


## Bærekraft, bærekraftsmål nr 17, saman for å nå måla

Tilsette i oppvekstsektoren erfarer å ha bruk for eit tettare samarbeid med fokus på å utvikle likeverdige tenestetilbod i barnehage og skule. Det har vakse fram ei forståing av at kapasiteten aukar når tilsette og leing lærer saman og av kvarandre. Teknologisk kompetanse og erfaring med digitale møterom har opna opp for effektivt samarbeid internt i oppvekst, på tvers av einingar og også tverrfagleg. Eit tydeleg frampeik vil vere å utvikle god og effektiv samhandling til beste for barna som veks opp her. I denne samhandlinga vil det også vere rom for føresette, frivillige, lag og organisasjonar.



## Barnehage og styrka tilbod (førskuletilbod)

Barn i barnehage 2012-2021



Oversiktsrapport	Kommunale barnehagar	Konserneigde barnehagar	Foreldreigde barnehagar	Livssyns-barnehagar	Sum Giske kommune
Antal barnehagar	2	2	2	2	<b>8</b>
Antal barn totalt (0-6) år	115	204	97	139	<b>555</b>
Antal barn 0-2 år	39	77	30	40	<b>186</b>
Antal barn 3-5 år	76	127	67	99	<b>369</b>
Antal ansatte totalt	31,4	59,76	24,33	36,45	151,94
Antal styrarar og pedagogiske leiarar	11	23	12	17	<b>63</b>
Andel styrarar og pedagogiske leiarar med midlertidig dispensasjon	16,7%	33,3%	25%	35%	20,3%

Oversiktsrapport	Kommunale barnehagar	Konserneigde barnehagar	Foreldreigde barnehagar	Livssyns-barnehagar	Sum Giske kommune
Andel styrarar og pedagogiske leiarar med varig dispensasjon	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %
Andel styrarar med godkjend utdanning	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %
Andel pedagogiske leiarar med godkjend utdanning	78,3 %	60,9 %	82,5 %	72,7 %	81 %

Tal frå BASIL rapportportal per 15.12.2021.

## Teneste 2110 Barnehage

Giske har 6 private og 2 kommunale barnehagar. 99,5 % av barna i barnehage har full plass.

Talet på barnehagebarn er redusert frå 579 i 2020 til 555 i 2021, ein nedgang på 24 barn. Talet på tilsette er og redusert med 33 årsverk frå 2020 til 2021.

Giske kommune har aukande overkapasitet på barnehageplassar. Framskrivingsstala peikar på reduksjon frå 739 til 632, totalt 107 færre barnehagebarn. Dette er økonomisk utfordrande, og ei politisk oppnemnd arbeidsgruppe ser på «Strategi for rett barnehagekapasitet».

Det har totalt sett vore ein jamn nedgang i talet på dispensasjonar frå utdanningskravet, men rekruttering er framleis utfordrande. Ved oppstart av nytt barnehageår i august 2021 arbeida 16,9 % av pedagogane på dispensasjon i barnehagane. Giske kommune har rettleiingsgrupper for pedagogar på dispensasjon og kurs i regi av Sunnmøre regionråd. Giske kommune tilbyr også rettleiing for nyttilsette barnehagelærarar.

Sidan 2018 har barnehagane vore inkludert i TALK-prosjektet, med fokus på god bruk av dagtavle. Inkludering under visjonen «Det var bra eg kom» har sidan hausten 2021 vore ei felles satsing for barnehage og skule og vil fortsette å vere ei satsing dei fire neste åra. Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er bakgrunn for satsinga. Barnehagane har fokus på utviklingsarbeid knytt til grunnleggande omgreplæring, BU modellen. Dette for å sikre barnets inkludering i leik og sosialt samspel, utvikling og læring.

## Teneste 2111 Styrka tilbod til førskulebarn


Styrka tilbod til førskulebarn omfattar både spesialpedagogiske tiltak og tilrettelegging for barn med særlege behov. Spesialpedagogane i førskulen er tilsett i kommunen, med 5,1 årsverk i 2021. Av dette går 0,3 årsverk til arbeid med minoritetsspråklege barn, finansiert av øyremerka tilskot. Det er avsett 0,4 årsverk til teamleiar, som har ansvaret for å fordele arbeidsoppgåvene for spesialpedagogane og følgje opp arbeidet med tilbodet i barnehagane. Spesialpedagogane bidrar i utviklingsarbeid som BU modellen, TALK (nettverk for barn med autisme) og nettverk for barn med forseinka utvikling. Det er fagleg vurdert som tenleg å knytte spesialpedagogane tettare opp mot barnehagane.

I vedtak om spesialpedagogisk hjelp blir det, etter sakkunnig vurdering, sett inn assistent i tillegg til spesialpedagog. I enkeltvedtak om tilrettelegging styrker også barnehagen si bemanning. Dei private barnehagane får refusjon frå kommunen også for desse stillingane.

## Kostra barnehage

Nøkkeltall 2021	Eining	Giske	Ålesund	Sula	Kostragruppe 01	Landet uten Oslo
Andel barn 1-2 år i barnehage, i forhold til innbyggjarar 1-2 år	prosent	88,9	88,2	92,3	86,1	87,1
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggjarar 1-5 år	prosent	95,4	94,2	98	93,1	93,6
Andel barn 3-5 år i barnehage, i forhold til innbyggjarar 3-5 år	prosent	98,9	97,8	101	97,3	97,6
Andel barn i kommunale barnehagar i forhold til alle barn i barnehage	prosent	20,7	31,1	43,1	56,2	48,9
Antall barn korrigert per årsverk til grunnbemanning, alle barnehagar	antall	5,9	5,8	6	5,6	5,7
Andel barnehagelærarar i forhold til grunnbemanning	prosent	35,7	41,3	43,3	44,2	42,7
Andel barn i kommunale barnehagar som får spesialpedagogisk hjelp	prosent	2,7	4,9	4,9	2,9	3,1
Korrigerede brutto driftsutgifter til barnehagar (f201, f211, f221) per korrigerede oppholdstimer i kommunale barnehagar	kr	91,3	87,2	83	83,1	85,5
Andel minoritetsspråklege barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 1-5 år	prosent	86,4	83,2	87,4	84	85,6
Netto driftsutgifter barnehagar i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	prosent	17,6	14,6	17,3	13,8	14,4
Netto driftsutgifter barnehagar, per innbyggjar 1-5 år	kr	165 979	177 165	173 372	178 700	181 474

Nøkkeltall 2021	Eining	Giske	Ålesund	Sula	Kostragruppe 01	Landet uten Oslo
Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehagar	kr	64	64,7	65,2	67,6	67,1




## › Grunnskule, SFO (skulefritidsordning) og skuleskyss

### Grunnskular

Giske har 5 grunnskular: Vigra skule, Valderøy barneskule, Giske skule, Godøy skule og Valderøy ungdomsskule. Frå 1. august var ungdomstrinnet samla i Giske ungdomsskule. Godøy 1-7 vart samla på Godøy frå 4. november.

Opptaksrådet for barneskulane er i utgangspunktet kvar enkelt øy.

### Elevtalsutvikling



### Elevtal per 1. oktober 2021

	1.-4. klasse	5.-7. klasse	8.-10. klasse	SUM
Vigra skule	109	79	0	188
Valderøy barneskule	243	199	0	434



	1.-4. klasse	5.-7. klasse	8.-10. klasse	SUM
Giske skule	58	30	0	88
Godøy skule	81	58	0	129
Giske ungdomsskule		0	369	369
<b>Totalt</b>	<b>491</b>	<b>366</b>	<b>369</b>	<b>1208</b>

## Grunnskule

Grunnskuletenestene kosta i 2021 netto 113 mill. kroner.

Kostnaden til funksjon 202 grunnskule netto driftsutgifter pr. innbyggjar 6-15 år, var i 2021 96 779 kroner. Berre ein kommune i fylket hadde lavare kostnader enn Giske.

Kostnaden per innbyggjar 6-15 år på skulebygg var om lag på gjennomsnitt for vår kommunegruppe med 20 844 kroner. Gjennomsnittet for fylket er 19 758 kroner.

Det har og vore spart inn på tenesteproduksjonen

- Lærarnorma har ikkje vore oppfylt, med unntak av Giske skule og Godøy skule, noko som særleg har gått ut over tidleg innsats og tilpassa opplæring.
- Elevane har ikkje fått opplæring i symjing og kommunen har ikkje lenger eige basseng.
- Elevane har ikkje fått faget fysisk aktivitet og har også mangla leksehjelp.
- Det er gjennomført katlegging av kompetansen til alle tilsette knytt til inkluderande praksis for å realisere kompetansereformen. Høgskulen i Volda, og også interne ressursar, har bidratt for å kunne utvikle varige betre praksisar. Denne kompetanseutviklinga vil også være kostnadseffektiv.
- Skulane prioriterte spesialpedagogikk, realfag og engelsk som vidareutdanning. Lærarar som tok utdanning før 2014, har dispensasjon til 2025 med å skaffe seg dei studiepoenga dei manglar for å ha godkjend utdanning til å undervise i skulefaga.
- Det er gjort store innsparingar knytt til innkjøp av lærebøker og undervisningsmateriell.
- Ungdomsskulen manglar pc-ar til å gjennomføre eksamen.

## Skulestruktur

Kommunestyret gjorde i september 2020 vedtak om at ungdomstrinnet i kommunen skal samlast på Valderøya i nye Giske ungdomsskule. Godøy skule kunne dermed samle 1.-7. trinn på Godøya.

Den politisk oppnemde styringsgruppa realiserte, saman med administrasjonen, bestillinga innafør budsjetterte rammer. Giske ungdomsskule var klar til bruk ved skulestart i august 2021. Godøy skule var klar til å samle 1.-7. trinn 4. november, noko forsinka grunna pressa byggemarknad.

Dei tilsette la ned eit omfattande arbeid for å skape ein felles fagleg, pedagogisk og kulturell plattform for ein fagforna ungdomsskule. Pandemisituasjonen vanskeleggjorde fysiske samlingar, og praktisk arbeid knytt til flyttinga krevde stor ekstrainsats av dei tilsette, både på Godøy skule og på ungdomsskulen.

## Korona

Pandemien prega også oppvekstsektoren gjennom heile 2021. Særleg sjukefråværet i personalet, saman med lav grunnbemanning og raske skifte mellom ulike nivå i trafikklysmodellen, gjorde drifta krevjande for alle einingane i oppvekstsektoren. Tilsette vart prioritert for vaksine, først dei som arbeidde tett på sårbare barn. Eigedomsdrift bidro til særers godt reinhald i både skule og barnehage. Det har vore eit sterkt og gjennomgåande fokus på å gi barn og unge ein god kvardag. Fokus på å gi tilbod til sårbare barn har vore prioritert. Det same har tilbodet til barn av foreldre i samfunnskritiske funksjonar vore. Når det ikkje har vore nok tilsette på jobb til å gi alle eit fullverdig undervisningstilbod på skulen, har ein valt å prioritere skuletilbodet til dei yngste elevane. I barnehagane har bemanningssituasjonen medført redusert opningstid og gått ut over det pedagogiske tilbodet.

Dette har fordra stor fleksibilitet og auka arbeidsbelastning for dei tilsette som til ei kvar tid har vore på jobb. Det har også vore ei stor ekstra arbeidsbyrde for leiarane å lande ny kabal, dag for dag. Dei tilsette har også strekt seg lang for å bidra til rask og effektiv smittesporing, i godt samarbeid med TISK-teamet. Både dei tilsette og leiarane rapporterer om slitasje etter å ha stått i dette presset over tid.


Det vart svært utfordrande for skulane å gi eit fullverdig SFO-tilbod med godt smittevern. Nokre måtte difor redusere omfanget av tilbodet noko. I sum har nok koronatiltaka bidrege til å auke kostnadene på skulefritidstilbodet i 2021.

## Spesialundervisning


Giske kommune har sett i gong eit arbeid for å vri frå spesialundervisning til tilpassa ordinær undervisning. Det har i 2021 vore fokus på kompetanseutvikling knytt til inkluderande praksis. Frå 2019 er talet på elevar som har spesialundervisning redusert frå 12% til 9,7%.

Sidan spesialundervisninga har vore så sterkt samordna, er det dei store vedtaka som kostar, og det er vanskeleg å redusere timebruken til dei elevane som treng det mest. Giske brukar 21,9% av det samla timetalet til spesialundervisning, 11.800 timar, noko som må sjåast i samanheng med den låge prioriteringa av ressursbruken i grunnskule. Dei nasjonale tala er 17,7%.

Andel elevar med vedtak om spesialundervisning



## Andel av undervisningstimar til spesialundervisning av undervisningstimar totalt



## SFO - Skulefritidsordning

Det er SFO-ordning ved alle barneskulane i kommunen. SFO skal vere sjølvfinansierande med unntak av ekstra kostnader til barn som treng tilrettelegging. Månadsprisen er 3.480 kroner for full plass. Dette er den høgaste foreldrebetalinga i fylket og *kan* vere ei medverkande årsak til at ein relativt mindre del av elevar i 2.-4. årstrinn har SFO (sjå grafen nedanfor). Vi ser også at pandemi og heimekontor har redusert bruken av fulltids plass og redusert spesielt bruken av SFO-plass for elevar i 3. og 4. klasse.

I samarbeid med selskapet Envidan blir det kvart år gjort sjølvkostkalkyler i høve til SFO-tilbodet. Kostnader til stabsfunksjonar og ekstra tiltak for barn med særlege behov blir haldne utanfor.

Frå 1. august 2020 vart det innført to moderasjonsordningar: Redusert foreldrebetaling for foreldre med barn på 1. og 2. klassetrinn. Foreldrebetalinga per barn skal maksimalt utgjere seks prosent av inntektene til hushaldninga. Barn med særskilte behov på 5.-7. trinn har rett til gratis SFO.


Nettokostnadene til SFO har auka kraftig det siste året, frå om lag 1,5 mill. kroner til nesten 2,7 mill. kroner. Den viktigaste grunnen er ein sterk auke av elevar som har større behov for hjelp og tilsyn.

Foreldrebetalinga for SFO var med 3.480 kroner for heil plass den høgaste i fylket.

Skule \ år	Tal på barn i SFO		Kor mange av desse har full plass	
	20-21	21-22	20-21	21-22
Giske skule	22	35	17	17
Godøy skule	37	39	25	15
Valderøy barneskule	131	124	65	50
Vigra skule	58	55	30	33
<b>SUM</b>	<b>248</b>	<b>253</b>	<b>137</b>	<b>115</b>

## Andel elevar med SFO-tilbod

Prosent



## Skuleskyss

Fylkeskommunen organiserer både ordinær skyss og tilpassa skyss for elevar med særlege behov. Kommunen betaler ein eigenandel som tilsvarer enkeltbillett på buss etter ordinær takst, både for ordinær skyss og tilpassa skyss. Dette gjeld òg skyss for elevar ved private skular, der kommunen betaler skyss til kommunegrensa. Elevar med delt bustad kan ha rett til skyss frå begge heimane. For elevar i 1. klasse er skyssgrensa 2 km, for eldre elevar er skyssgrensa 4 km.

I vårhalvåret hadde til saman 259 elevar rett til skyss. 25 av desse var førsteklassingar. I hausthalvåret hadde 277 elevar skuleskyss, av desse var 28 førsteklassingar. Totalkostnaden var 1.607.000 kroner. Budsjettet var på 1.833.000. Mindreforbruket skuldast at det ikkje var skuleskyss i mars/april pga. korona.

## Kostra grunnskule 2020

Nøkkeltall	Eining	Giske	Ålesund	Sula	Kostragruppe 01	Landet utan Oslo
Årstimar til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring	antall	34,4	31,	68,8	55,8	35,3
Årstimar til spesialundervisning per elev med spesialundervisning	antall	127,8	162,1	117,7	146,1	144,2
Elevar i kommunale og private grunnskular som får særskilt norskopplæring	prosent	3,2	5,8	1,8	3	4,70
Elevar i kommunale og private grunnskular som får spesialundervisning	prosent	9,7	10	8	8,8	7,9
Elevar på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn	prosent	69,5	75,1	55,3	69,3	72,5
Elevar på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn	prosent	63,8	67,6	55,3	67,2	68,7
Gruppestorleik 2	antall	17,8	16,6	17,1	15,3	15,6
Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	antall	43,5	43,1	43,8	42,2	43
Netto driftsutgifter grunnskulesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samla netto driftsutgifter	prosent	27,9	22,2	25,2	24,4	23

Nøkkeltall	Eining	Giske	Ålesund	Sula	Kostragruppe 01	Landet utan Oslo
Netto driftsutgifter til grunnskulesektor (202, 215, 222, 223), per innbyggjar 6-15 år (kr)	kr	121811,5	121249,2	109776,5	131805,3	125904,8
Netto driftsutgifter til funksjon 202 Grunnskule, per innbyggjar 6-15 år)	kr	96779	97701,7	95131,2	105139,7	99565
Netto driftsutgifter til funksjon 215 SFO, per innbyggjar 6-15 år)	kr	2286	2080,3	1154,3	2224,6	2625
Netto driftsutgifter til funksjon 222 Skulelokale, per innbyggjar 6-15 år)	kr	20844	19206	12067,1	20385,3	21281,9
Netto driftsutgifter til funksjon 223 Skuleskyss, per innbyggjar 6-15 år)	kr	1901,7	2260,6	1423,9	4055,8	2432,6

Kjelde: <https://www.ssb.no/kommunefakta/kostra/giske/grunnskolen>



## › Pedagogisk rettleiingsteneste

Pedagogisk rettleiingsteneste har ei 100% stilling for å arbeide med kvalitetsutvikling i skulen, innovasjon og oppfølging av driftsoppgåver som verksemdsplan, tverrsektoriell samhandling, skuleleiarmøte og regionsmøte i SR-Oppvekst (Sunnmøre regionsråd, oppvekst). Pedagogisk rettleiar har også ei sentral rolle i arbeidet med å samle oppvekstsektoren om å utvikle ein inkluderande praksis. Kompetansereformen fordrar varige betre praksisar og vi har valgt overskrifta "Det var bra eg kom". Arbeidet med Oppvekstreform og Fagfornyng er også fokusområde i pedagogisk rettleiing. I 2021 har arbeidet med å realisere ny skulestruktur hatt stort fokus, eit arbeid pandemien gjorde meir utfordrande enn forutsett. Mange nyttilsette leiarar og tilsette i mellombelse stillingar har fordra tett oppfølging. Det vart re-etablert kommunalt FAU i hausthalvåret.

Stillinga som pedagogisk konsulent i rådmannens stab har stått vakant sidan hausten 2018, oppgåvene til denne stillinga har dels blitt utført av pedagogisk fagrettleiar og dels blitt lagt på vent. Vakansen har gått ut over kapasiteten til å løyse lovpålagde oppgåver, samt å vere ein nødvendig støttefunksjon for skulane. Vakansen har også redusert kapasiteten for lovpålagd tverrfagleg samhandling knytt til m.a kompetansereform, oppvekstreform.



## Vaksenopplæring

Vaksenopplæring omfattar **opplæring i norsk og samfunnskunnskap** for innvandrarar og flyktningar med rett til opplæring etter § 17 i [introduksjonslova](#), og **grunnskuleopplæring for vaksne**, eventuelt realkompetansevurdering på grunnskuleområdet etter [opplæringslova kap. 4A](#). Per 15. oktober 2021 var det 12 deltakarar på norskopplæring og 5 deltakarar på grunnskuleopplæring.

Frå hausten 2020 kjøper Giske kommune desse tenestene frå Hareid kommune.

### Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap

IMDI (Innvandrings- og mangfoldsdirektoratet) betaler ut tilskot til norskopplæring. Kommunar med meir enn 4 personar med rett til norsk og samfunnskunnskap fekk i 2021 eit grunntilskot på 610.000 kroner.

I tillegg får kommunane utbetalt persontilskot etter fastlagde satsar i inntil 3 år.

Mottekne tilskot 2021	
Grunntilskot for 22 personar	610.000
Persontilskot for 12 personar	662.494
Ekstra tilskot pga. korona	
Samla tilskot 2021	1 272 494



## 6 Barn, familie og helse

### Drift

Teneste	6 BARN, FAMILIE, HELSE	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
	Alle tal i heile 1 000	2021	2021	2021	2020
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	106	132	132	101
2111	STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	874	2 123	2 123	1 193
2120	GRUNNSKOLE	2 151	1 360	1 360	2 588
2130	VAKSENOPPLÆRING	223	597	597	208
2320	FØREBYGGING HELSESTASJONS- OG SKULEHELSETENESTE	5 024	5 426	5 426	5 433
2330	FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	708	754	754	688
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	1 391	1 216	1 216	1 046
2410	DIAGNOSE OG BEHANDLING	14 412	14 313	11 813	12 335
2411	FYSIO-/ERGOTERAPITENESTE	4 887	4 386	4 386	4 435
2412	PSYKISK HELSEVERN	1 394	747	747	802
2413	FRISKLIVSSENTRAL	1	-	-	-
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	- 103	- 72	- 72	- 109
2421	FLYKTNINGKONTOR	1 142	1 082	1 082	1 082
2440	BARNEVERN TENESTE	4 703	5 535	5 535	4 813
2510	BARNEVERN TILTAK I FAMILIEN	3 386	1 705	1 705	3 420
2520	BARNEVERN TILTAK UTANFOR FAMILIEN	3 453	5 658	5 658	4 200
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	2 293	2 570	2 570	3 129
2750	INTRODUKSJONSORDNINGEN	1 468	3 140	3 140	2 803
<b>Sum gruppeansvar: 6 BARN, FAMILIE, HELSE</b>		<b>47 513</b>	<b>50 673</b>	<b>48 173</b>	<b>48 168</b>

### Økonomi

Ramme 6 Barn, familie og helse viser eit rekneskap med mindreforbruk kr 3,1 mill for 2021. Mindreforbruket skuldast mellom anna innsparingstiltak ved å halde stillingar vakante i fleire tenester i eininga. PPT, helsestasjonen og tildelingskontoret leverte eit samla mindreforbruk med kr 1 137 000. Barnevernstenesta og barnevernstiltak har eit samla mindreforbruk med kr 1 356 000. Introduksjonsordninga viser eit mindreforbruk kr 1 672 000, dette grunna at vi tok i mot færre flyktingar enn budsjettert. Kommunen tok i mot 7 av vedtekte 10 flyktingar. Denne må sjaast i samanheng med budsjettert inntekter kommunen får til mottak av 10 flyktingar som ligg i anna rammeområde.

Teneste diagnose og behandling, legetenesta, har i fleire år levert eit rekneskap med meirforbruk, men i 2021 var tenesta om lag i balanse. Tenestene fysio/ergo og psykisk helsetenester barn og unge leverte eit meirforbruk i 2021.

Eininga har i løpet av dei tre siste åra redusert samla bemanning med 8 stillingar. Reduksjonen har hatt innverknad på alle tenesteområder.

Eining barn, familie og helse har levert positiv balanse i rekneskap 2021. Eininga har evna til omstilling og levert tenester av god fagleg kvalitet innan stramme økonomiske rammer og utfordringar som pandemien har gitt. Fastlegeordninga som er krevjande i mange kommunar i landet, har vore stabil i Giske kommune i 2021.

Dei største utfordringane for eininga i 2021:

- Fleire stillingar i tenestene har stått vakant i store deler av året for å nå målet om innsparing. Dette har ført til stor belastning på dei tilsette og leiarane. I tillegg kom handtering av pandemien.
- Rekruttere og behalde fagpersonell.
- Tilstrekkelege ressursar til å løyse lovpålagde oppgåver.
- Styrke den tverrfaglege og koordinerte innsatsen til utsette barn og unge.

## Mål/resultat

Utfordringar/mål	kva er gjort	Resultat/effekt 2021
Opplevd god kvalitet i barnevernstenesta	Brukarundersøking er under arbeid	Mål om brukarundersøking er ikkje nådd
Kapasiteten i fastlegeordninga skal vere tilstrekkeleg til å sikre alle innbyggjarane fastlege gjennom heile 2021	Det er tilsett fastlegar i alle stillingane	Målet er nådd.
Betre koordinerte tenester og tydelege prioritering	Utarbeidd retningslinjer for gjennomføring av tverrfaglege møter og koordinatørrolla. Delta i og følgje opp arbeid i prosjektet "Betre tverrfagleg innsats (BTI)" og TALK. Felles verkty for samhandling	Kontinuerleg arbeid. Plan er under arbeid.
Digitale søknader til omsorgstenestene	Grunna stor arbeidsmengde og få ressursar, har det ikkje vore kapasitet til å setje i verk arbeid med dette. Målet er ført vidare til 2022.	Målet er ikkje nådd
Sjukefråvær skal ikkje overstige 5%	Eininga har arbeidd kontinuerleg med tiltak gjennom heile året. Oppfølging og involvering av dei tilsette, særlig knytt til rolleklarheit og kompetanse. Har vore krevjande i ei tid med omstilling og kutt i tal årsverk og kutt i tenestene.	Målet ikkje nådd. Sjukefråvær 8%
Auke kompetanse innan bruk av teknologiske verkty og digitalisere fleire prosessar.	Nytte fullt ut dei verktya vi har.	Kontinuerleg arbeid.
Arbeid med å planlegge for barnevernsreform/oppvekstreform	Ei tverrsektoriell arbeidsgruppe vart sett ned for å planlegge for å i møte kome krava i reforma. Reforma treff både oppvekst og helse. Barnevernstenesta har arbeidd med dei delane som tenesta skal i møte kome.	Målet er nådd
Gjennomgang av ansvar og roller i tenesteytinga for å sikre brukarar med størst behov får hjelp. Sikre at vi greier å levere lovpålagte oppgåver	Gjennomført arbeid	Målet er nådd
Rutiner for månadsvis rapportering frå avdelingsleiar	Rutiner for månadslege rapportering til einingsleiar er innført.	Målet er nådd
God økonomistyring	Avvik i % av vedtatt netto driftsramme. Eininga har rapportert status kvar månad og ei meir utfyllande rapportering ved kvart tertial. Eininga har arbeidd med å gjennomføre vedtekne driftstiltak og utført andre tiltak i tillegg.	Målet er nådd. Mindreforbruk kr 3,1 mill

## Korona

Mykje av dei samla ressursane har gått til å handtere koronapandemien. Tilrettelegging av tenestetilbodet for å fylle smitteverkrav, har krevd ekstra ressursar. Tilsette har vist stor endrings- og løysingsvilje, ein har prøvd så langt som råd å ikkje la restriksjonane ramme sårbare og utsette brukarar av våre tenester.

## Bærekraftsmål

Bærekraftsmål 3: God helse og livskvalitet. Hindre smittsommel sjukdommar, korona, har naturleg nok vore arbeidd veldig mykje med i 2021. Eininga har sett i verk ulike rutiner og retningslinjer og følgd nasjonale krav og føringar. Giske kommune har god dekking av allmenne helsetenester. Kommunen samarbeider med Helseføretaket, politiet og kommunane rundt for å møte utfordringar på best måte. Giske kommune har eit godt samarbeid med Giske kommunale legesenter for å yte best mogleg samanhengande tenester.

Bærekraftsmål 17: Samarbeid for å nå måla. Prosjekt "Betre tverrfagleg samhandling" og "TALK" er viktig arbeid mellom oppvekst, helse og omsorg. Elles samarbeider tenestene både internt i eininga og med tenester i andre sektorar.

## **Kostratal 2020**

Kostratal vert presentert under tenestekområda.

## Barnevernstenesta

Barnevernstenesta: Totalt tilmelde saker: 98, tiltak: 81, omsorgssaker: 7, fristbrot undersøkingssaker: 2,04%. Tenesta har 7 årsverk.

Barnevernstenesta er aktiv bidragsytande til tverrfagleg samarbeid for å sikre sårbare barn og familiar. Sikre at barn som lever under forhold som kan vere skadeleg får nødvendig hjelp.

Tenesta er på god veg i arbeidet med styrking av relasjonar og i møtekomme uttalte og vurderte behov. Ein har målbart auka kontaktpunkta med barn og familiar. Ein har styrka tenesta med vurdering av barnets beste, relasjonskompetanse og psykisk helse. Dei fleste borna i tenesta har aktive tiltaksplanar og ein arbeider for hyppigare planevalueringar. Ein har arbeidd med å styrke samarbeid med dei ulike tenestetilboda i kommunen.

Barnevernstenesta arbeider for å vere synlege i ulike forum, deltek på fagmøte i barnehagar og skular når det er ønskjeleg. Alle skular og barnehagar har eigen kontaktperson. Tenesta tek i mot NN-saker, drøftar og deltek i ulike samarbeidsprosjekt (TALK, BAPP m.m).

Statsforvaltar gjennomførte tilsyn med undersøkingssaker i barnevernstenesta hausten 2020. Tenesta fekk avvik på manglande internkontroll og sviikt i dokumentasjon og forsvarleg saksbehandling. Tenesta hadde ikkje dokumentert vurdering av barnets beste i sakene som var undersøkt. Avviket er no lukka og det blir arbeidd med styrking av internkontroll på saksbehandlingsområde.

### Kostra, barnevern 2020

Nøkkeltall	Enhet	Giske	Kostragruppe	Landet uten Oslo
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta pr. innbygger 0 -22 år	kr	4404	8541	8387
Barn med melding ift innbyggerar 0 -17 år	Prosent	3,8	4,7	4,6
Prosentandel barn med undersøking ift innbyggerar 0-17 år	Prosent	3,6	4,9	4,8
Barn med barnevernstiltak ift innbyggerar 0-22 år	Prosent	4,3	4,8	3,8
Brutto driftsutgifter pr. barn med undersøking eller tiltak	kr	45 547	50 410	54 645
Brutto driftsutgifter pr. barn som er plassert av barnevernet	kr	252 647	437 016	433 312
Barn med undersøking eller tiltak pr. årsverk	antall	21,2	17,8	17,5
Undersøkingar med handsaming innan 3 mnd	Prosent	91	88	90

Kostra nøkkeltal for 2021 var ikkje publisert ved levering av årsmelding, difor ligg kostratal frå 2020.





## » Fysio-ergo-terapiteneste, kvardagsrehabilitering, hjelpemiddel

Tal brukarar: Kvardagsrehabilitering: 121, Hjelpemiddel oppfølging ergo: 86,m Ergoterapi: 20, Fysio: 144.

Det blei i 2021 lånt ut 648 hjelpemiddel frå kommunalt lager og det har blitt innlevert 115.

Tall brukare som har hjelpemiddel frå NAV: 893. Det er 2305 hjelpemiddel som har blitt køyrt ut til brukarar og 545 hjelpemiddel har blitt henta inn frå brukarar.

Ventelista har auka både på fysio-, ergo og kvardagsrehabiliteringa. Ein ser også ei auke i at pasientane som kjem frå sjukehuset blir dårlegare. Det er venteliste både i den kommunale og private fysioterapitenesta. Arbeid knytt til balanse og fallførebygging har vore påverka av pandemien, og difor ikkje gjennomført slik planlagt. Mange av måla er vidareført i 2022.

### Kostratal fysioterapi 2021

Nøkkeltall	Enhet	Giske	Kostragruppe 01	Landet utan Oslo
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere	Årsverk	6,3	9,7	9,6

## Skulehelseteneste og helsestasjon

Tal årsverk: 7,5 faste stillingar og 2,8 prosjektstillingar finansiert av tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet.

Brukarar: 2000 barn og foreldre.

121 born vart fødd i Giske kommune i 2021, + 4 born fødd som er nytilflytta.

### TIDLEGARE FØDSELTALE: BUANDE BORN I ÅRSKULLET:

2020- 99 fødsler 97 born

2019 - 101 fødsler 98 born

2018 - 110 fødsler 113 born (+ 3)

2017 - 122 fødsler 135 born (+13)

2016- 114 fødsler 125 born (+11).

Helsestasjonen har i 2021 arbeidd med å utvikle tverrfagleg oppfølging og styrkje helsefremjande arbeid til familiar, barn og unge. Helsestasjonen deltek i Betre tverrfagleg samhandlings-prosjektet, og i grupper for korleis i vare ta oppfølging av risikobarn. Helsesjukepleiarane har stort ansvar når det gjeld individuell plan og oppfølging av utsette barn og unge. Det er gjennomført foreldreførebuaende kurs, foreldreveiledningskurs, mestringsgruppe i 6. klasse og psykisk helse i 4. og 9. klasse.


Giske kommune er ei vekstkommune og har ca 20% utanlandske innflyttarar som krev ekstra teneste av helsestasjonen. Kort liggetid på sjukehuset t.d knytt til fødsel, gir større ansvar og utfordringar for helsestasjon.

Helsestasjonen er blitt styrkja med tilskotsmidlar i fleire år, også i 2021. Dette gjer at vi kan styrkje jordmortenesta med 0,4 årsverk jordmorstilling og 2,4 årsverk helsesjukepleiar til helsestasjonen. Tilskotet har gjort det mogleg å arbeide meir med førebyggjande tiltak, tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og generelt vere tettare på barna. Det er utarbeidd og tatt i bruk prosedyre for kartlegging av rusvaner og vald i nære relasjonar. Fastlege og jordmor har starta kartlegging av alkoholvanar til dei gravide, her er prosedyre tatt i bruk. Alle babyforeldre får tilbod om å vere med i barselgruppe x 1 på helsestasjon. Alle førstegangsførelde får tilbod om foreldreførebuaende kurs før fødsel. Alle foreldre får tilbod om Cos-P, foreldreveiledningsgruppe. Heimebesøk til alle ny fødde av jordmor og helsesjukepleiar. Etterkontroll tilbod til mor av jordmor, 6-8 veker etter fødsel har ikkje vore mogleg å gjennomføre slik planlagt grunna pandemien og stort sjukefråvær i tenesta. Dette vart kompensert med at ein del heimebesøk blei gjennomført på helsestasjonen. Det er viktig å presisere at alle nyfødde er blitt fulgt opp og har fått god helsehjelp.

Psykiske vansker er aukande og ein ser at tverrfagleg samarbeid om oppfølgingsgruppene er nødvendig. Helsesjukepleiar samarbeider med psykisk helseteam og barnevern om ein del grupper. Skulehelsetenesta er eit synleg og tilgjengeleg tilbod i skulane. Psykisk helseteam og helsestasjonen har hatt undervisning om psykisk helse i skulane, dette har blitt godt motteke av både elevane og lærarane.

### Kostratal helsestasjon- og skulehelseteneste, 2021

Nøkkeltall	Enhet	Giske	Kostragruppe 01	Landet utan Oslo
Avtalte årsverk i helsestasjon- og skulehelsetenesta per 10 000 innbyggjerer	Årsverk	41,8	56,7	50,4
Andel nyfødde med heimebesøk innen to uker etter heimkomst	Prosent	41,7	94,2	88,3



## › PPT og logopedteneste

### PPT

Totalt 4 stillingar inkludert avdelingsleiar.

Brukarar: 120

Førtilmeldingsmøte med barnehagane og skulane blir minimum gjennomført to gonger i året. Arbeidet med å utarbeide felles plan for lese/skriveopplæring og rekning vart starta opp i 2021. Det er utarbeida kompetanseplan for BU modellen og tiltaka er i gongsett. Det er god samanheng mellom innhald, arbeidsmåtar og organisering i dei sakkyndige vurderingane og den ordinære opplæringa innanfor områda spåk/begrep, lesing/skriving og rekning. Førtilmeldingsmøte med barnehagane og skulane er minimum blitt gjennomført to gonger i året.

Arbeidet med å utarbeide felles plan for lese/skriveopplæring og rekning vart starta opp i 2021. Det er utarbeida kompetanseplan for barn/unge modellen og tiltaka vart i gangsatt. Veiledning og innhald i dei sakkyndige vurderingane er basert på kunnskapsbaserte tiltak.

PPT deltek i TALK styringsgruppe, TALK prosjektgruppe for barnehage og skule, og TALK ressursteam. PPT er med på å arrangere nettverkssamlingar/arbeidsseminar minimum to gonger i året i barnehage og tre gonger i året på skule.

Dei sakkyndige vurderingane blir ferdigstilt innan 3 månader for "nye" saker. Sakkyndig vurdering i fornyingssaker blir ferdigstilt før frist for individuell opplæringsplan.

### Logopedteneste

10 saker i 2021.

Giske kommune gjennomførte kutt i logopedtenesta i 2021. Kommunen har per i dag ikkje tilsett logoped, men kjøper denne tenesta. Kommunen er pliktig til å yte tenester til barn og unge med rett etter opplæringslova.



## Offentleg helseteneste/legekontor

Totalt 2,63 kommunale legestillingar (inkl. 1 lege i spesialisering)

9 sjølvstendig næringsdrivande fastlegar.

Brukarar av legetenesta: 7999

Giske kommunale legesenter AS har knytt seg opp til tenesta "Min helse", noko som forenkler kommunikasjonen mellom lege og pasient. Det er også innført digitale funksjonar for fastlegetenesta i den nasjonale portalen helsenorge. [www.helsenorge.no](http://www.helsenorge.no). Vi merkar godt at fastlegeordninga er i endring. I motsetnad til andre kommunar som slit med rekruttering og har mange vakante stillingar, opplever Giske kommune at situasjonen kan vere krevjande til tider, men vi har til no lukkast med rekruttering. Fastlegekapasiteten er per i dag sprengt og det er vedteke oppretting av ny fastlegeheimel i 2022.

Legesenteret leverer gode tenester og har i 2021 bidratt i kornavaksinasjonen av innbyggjarane. Giske kommune og Giske legesenter AS har eit godt og tett samarbeid. Kommuneoverlegen har hatt eit stort arbeid knytt til koronasituasjonen, i tett samarbeid med beredskapsleiinga, avdeling smittevern, tenestene i kommunen, legesenteret, Helseføretaket og andre kommunar.

### Kostratal legetenesta, 2021

Nøkkeltall	Enhet	Giske	Kostragruppe 10	Landet utan Oslo
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere	Årsverk	11,6	12,2	12

## › Psykisk helsearbeid

Psykisk helseteam barn og unge (PHBU) følgde opp 94 barn, unge og familiar i 2021.

Tenesta har i 2021 prioritert lovpålagde oppgåver, styrkja tverrfagleg samhandling og utarbeidd strengare prioriteringskriterier grunna kutt og redusert bemanning.

Psykisk helseteam for barn og unge er med på å styrke det samla tilbodet til barn og unge og utfyller dei andre tenestene i eininga. Mest truleg er det relativt lave talet på nye saker til barnevernet på grunn av at fleire får hjelp av denne tenesta.

Teamet er i nær kontakt med foreldre til borna/ungdomane, og har som fagleg ståstad at foreldre er svært viktige støttespelarar til born/ungdomar si psykiske helse, trivsel og utvikling. 40% av ressursen er brukt til foreldreretta arbeid.

Kommunen har styrkja sitt lovpålagde krav om å yte psykisk helsehjelp til barn og unge. Tenesta arbeider innan fagfelta til både helsestasjon, PPT, barnevern og oppvekst. Dermed bidrar tenesta i å styrkje og avlaste desse tenestene. Dei har eit godt samarbeid og ei god arbeidsfordeling. Kommunen har lukkast i målet om at tenesta skal vere eit lavterskeltilbod ved å vere tilgjengeleg for befolkninga, gje rask respons og sørge for enkel tilvisingsprosess.

Tenesta har eigen vakttelefon, som er tilgjengeleg i vekedagane. I tillegg kan ein tilvise per telefon. Grunna lav bemanning i teamet, har førebyggjande arbeid blitt nedprioritert. Det vert tildelt fleire og større lovpålagte tenester innan helse- og omsorgstenestelova, og bidreg med viktige tiltak innan barneverntenesta. Spesialisthelsetenesta, ved Barn- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk, har begrensa inntak og oppfølging, noko som gjer at det ligg større ansvar til kommunen å yte tenester både i mengde og i alvorlegheitsgrad innan rus og psykiatri. Kommunen følgjer med på kva konsekvensar pandemien vil gi framover innan området.





## › Flyktingtenesta og introduksjonsprogrammet

Giske kommune vedtok å ta i mot 10 nye flyktingar i 2021. Grunna korona, kom det færre flyktingar til landet og Giske kommune mottok 7 flyktingar.

Flyktingtenesta samarbeider tett med fleire tenester både i kommunen, NAV, legesenteret og vaksenopplæringa. Vaksenopplæringa vart frå hausten 2020 ytt av Hareid kommune. Flyktingtenesta har eit tett samarbeid med vaksenopplæringa og NAV for best integrering og oppfølging av brukarane.



## 7 Pleie og omsorg

### Drift

	7 PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste	Alle tal i heile 1 000	2021	2021	2021	2020
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	-	-	-	0
2130	VAKSENOPPLÆRING	-	-	-	-1
2330	FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	3 288	3 500	-	480
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	3 275	3 169	3 169	3 269
2343	KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	1 036	1 901	1 901	1 526
2412	PSYKISK HELSEVERN	2 432	2 739	2 739	2 411
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	0	-	-	-
2421	FLYKTNINGKONTOR	-	-	-	1
2430	TILBOD TIL PERSONAR MED RUSPROBLEM	1 571	1 436	1 436	1 391
2530	PLEIE, OMSORG, HJELP I INSTITUSJON	9 491	8 836	8 836	8 420
2531	INSTITUSJONSKJØKKEN	345	399	399	329
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	50 823	48 389	49 089	61 529
2541	BUFELLESSKAP PSYKIATRI VALDERØY	10 101	8 081	8 081	8 133
2543	AVLASTNING	14 778	18 219	17 519	13 749
2544	BRUKERSTYRT PERSONLEG ASSISTENT	5 111	4 961	4 961	5 007
2545	RESET BUFELLESSKAP - DRIFT	9 671	9 319	9 319	1
2546	GISKE OMSORGSSENTER	27 390	26 108	26 108	24 869
2547	GODØY BUKOLLEKTIV	7 818	7 980	7 980	-
2548	BUFELLESSKAP FUNKSJONSHEMMA	29 059	24 663	23 171	24 387
2549	KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	848	1 106	1 106	1 326
2650	OMSORGSBUSTADAR	4	-	-	12
	<b>Sum gruppeansvar: 7 PLEIE, OMSORG OG SOSIAL</b>	<b>177 041</b>	<b>170 805</b>	<b>165 813</b>	<b>156 840</b>

Tenestene innan ramme 7 vert ytt av Vigra, Giske og Godøy omsorgsdistrikt, Valderøy omsorgsdistrikt, eining Meistring og psykisk helse. I tillegg ligg eit ansvarsområde knytt til avdeling smittevern, utskrivingsklare brukarar og øyeblikkelig hjelp døgntilbod (ØHD).

### Økonomi

Rekneskapet viser eit samla meirforbruk på kr 6,2 mill i ramme 7.

Teneste avlastning og bufellesskap til mennesker med nedsett funksjonsevne har eit samla meirforbruk kr på 1 mill. Meirforbruk bufellesskap psykiatri /rus med 2 mill. Heimebasert tenester og drift av omsorgssenter har eit samla meirforbruk på kr 3,7 mill. Meirforbruk utskrivingsklare brukarar kr 600 000. Kjøkkenet har eit samla mindreforbruk på om lag kr 900 000. Dei andre tenestene innan rammeområdet går i om lag i balanse eller har eit mindreforbruk.

Einingane har arbeidd kontinuerleg med å justere drifta etter kvart det har kome til ikkje budsjetterte utgifter. Likevel dekkjer ikkje tiltaka dei auka utgiftene. Kommunestyret vart gjennom heile 2021 informert om dei økonomiske utfordringane som låg i ramme 7. Nye ressurskrevjande brukarar som er kome til ila året som ikkje er budsjettert for, er og vil framover bli ein stor økonomisk risiko for kommunen. Høgt sjukefråvær i enkelte avdelingar har ført til auka bruk av overtid. Overbelegg og kompliserte brukarsituasjonar har ført til auka behov for ekstra personell ut over normal bemanning.

21 brukarar med ressurskrevjande tenester nytta 28% av budsjettet i ramme 7.

Giske kommune gjennomførte kartlegging av pleie og omsorgstenestene i januar 2022, utført av Agenda kaupang. Rekneskap 2021 vart lagt til grunn. Kartlegginga har gitt oss god dokumentasjon som vi må nytte vidare i arbeidet om å møte framtida sine utfordringar på best mogleg måte. Om vi fortset å yte tenester i same omfang som i dag vil pleie og omsorg vente ei kostnadsauke med om lag 37% fram til 2030. Det er venta ein vekst i

behov for pleie og omsorgstenester dei neste 30 åra med om lag 150%. Kommunen har frå 2009 til i dag hatt stor auke i tal innbyggjarar. Det er venta 14% auke dei neste 10 åra.

Dei frie inntektene til Giske kommune er lavare enn landsgjennomsnittet, det betyr at kommunen må bruke mindre ressursar enn andre kommunar. Giske kommune har ein lavare andel innbyggjarar under 67 år og over 80 år. Behovsnøkkelen innan pleie og omsorg er lav. Behovsnøkkelen for psykisk utviklingshemma er lav, dette omhandlar innbyggjarar over 16 år med diagnosen psykisk utviklingshemma som mottar helse- og omsorgstenester. Giske kommune har netto driftsutgifter innan pleie og omsorg som ikkje samsvarer med dei frie inntektene kommunen får. KOSTRA-nøkkeltal 2021, viser at Giske kommune har lavare netto kostnader enn andre kommunar i KOSTRA-gruppe 1 og lavare enn snittet i Noreg. Grunna at vi er ei lavinntekstkommune, må kostnadane våre vere lave.

Giske kommune har ei høg bustadgjering av tenestene og lavare ressursbruk inn i dei tidlege trinn i omsorgstrappa. Giske kommune har lav andel sjukeheimplassar med forholdsvis lav kostnad. Kommunen si samla utgift til eldre er lav. Samla dekningsgrad heildøgns plassar er lav, det skuldast lav dekningsgrad på institusjonsplassar. Dekningsgrad innan tilbod om bustad med moglegheit for døgnteneste er høgare enn samanliknbare kommunar. Kostnadane er høgare enn samanliknbare kommunar. Giske kommune har høge driftsutgifter til barn og unge med utviklingshemming. Hovudvekta av utgiftene vert nytta i barnebustad. Vi har få plassar og lav bemanning i avlastning institusjon barn og unge under 18 år. Bruttoutgiftene oppleves å vere høge og hovudvekta vert nytta på tenester i bustad.

I underkant av 60% av utgiftene til pleie og omsorg vert brukt på brukargruppa andre i hovudsak eldre. 35% av utgiftene til denne målgruppa går til ulike bustadtilbod med moglegheit for døgntenester. I 2021 gjekk rundt 34% av utgiftene innan pleie og omsorg til mennesker med psykisk utviklingshemming. Hovudvekta vart nytta til vaksne. I underkant av 6% av dei totale utgiftene innan pleie og omsorg vart nytta til mennesker med psykiske helseplager og rusrelatert sjukdom.

## Mål/resultat

Utfordringar/mål	Kva er gjort	Resultat/effekt 2021
Vidareføre dagtilbod for demente	Tilbodet er etablert og i drift.	Målet er nådd.
Sikre framtidig bu- og tenestetilbod til barn og unge med særlege behov	Det vert kontinuerleg arbeid med å yte lovpålagde tenester. Kommunen må framover legge plan for bærekraftige tenester til brukargruppa. Kommunen vedtek strategi Bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050 innan juni 2022.	Målet er ikkje nådd.
Sjukefråvær 7%	Samla sjukefråvær i ramme 7 for 2021: 9,8%	Målet er ikkje nådd
I møtekomme veksten innan omsorg, tal brukarar og tal tenester innan tildelt budsjett	Giske kommune jobbar kontinuerleg med å finne beste løysing på utfordringane. Det er eit tett og godt samarbeid mellom einingane innan helse, omsorg og tildelingskontoret. Giske kommune vil vedta strategi Bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050 innan juni 2022.	Målet er ikkje nådd.
Gjennomføre kompetansehevingsprosjekt: ABC demens	Kompetanseheving knytt til ABC-demens er gjennomført for dei som allereie er starta opp.	Målet er nådd.
Vi klarer å rekruttere nødvendig kompetanse som sjukepleiar, vernepleiar og helsefagarbeidar. Vi klarer å rekruttere gode leiarar.	Store vanskar med å rekruttere sjukepleiarar i ledige stillingar innan alle tenester i pleie og omsorg. Prosjekt VINN VINN vart starta opp i november 2020, Skal mellom anna ha stort fokus på tiltak for rekruttering.	Eit kontinuerleg arbeid. Målet er ikkje nådd.
Redusere ufrivillig deltid	Auke i stilling til fleire som har ønske for det. Det vert arbeid med dette i prosjekt VINN-VINN, der vi i tillegg til dette arbeider med arbeidsmiljø, sjukefråvær, rekruttering, kompetanse, turnus. Vi ser at desse faktorane påverker kvarandre.	Målet er delvis nådd. Dette er eit kontinuerleg arbeid.
Ta i bruk dei velferdsteknologiske verktya fullt ut. Gi tilsette nødvendig kompetanse innan området.	Prosjekt velferdsteknologi og prosjekt MiSu. Styringsgruppa har 4-5 møter i året. Leiarane er tett på arbeidet. Etablert ressursperson velferdsteknologi i alle einingar/avdelingar. Koordinator for velferdsteknologi 30 %, velferdsteknikar 100%. Elektrisk dørlåsar, smarte dører for demente har stor effekt i tenestene. Det er sett ned ei delprosjektgruppe som skal jobbe med velferdsteknologi til barn og unge med særlege behov.	Dette er eit kontinuerleg arbeid.
I møtekomme veksten på tal brukarar innan psykisk helse og rus-tenesta. Auke kompetanse og bruk av velferdsteknologi.	Giske kommune har fått tildelt fleire tilskotsmidlar gjennom 2021, dette for å styrkje tenestene. Kommunen har tilsett i 3 stillingar midlertidig.	Målet er nådd
Kostnad for inneliggande pasientar i Helseføretaket skal ikkje overstige budsjett	Rekneskapet viser meirforbruk kr 600 000. Budsjett 2021: kr 50 000	Målet er ikkje nådd.
God økonomistyring	Rekneskapet syner eit meirforbruk kr 6,2 mill	Målet er ikkje nådd

## Korona

Pandemien har også i 2021 vore krevjande for tenestene innan pleie og omsorg. Smitte inn i enkelte avdelingar har gitt utfordringar i drifta og for den det gjeld. Det har vore eit godt samarbeid mellom tenestene og med avdeling smittevern.

## Bærekraftsmål

Bærekraftsmål 3: God helse og livskvalitet. Sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uavhengig av alder. Hindre smittsomer sjukdommar, korona, har naturleg nok vore arbeidd mykje med også i 2021. Giske kommune har god dekking av allmenne helsetenester. Kommunen samarbeider med Statsforvaltar, Helseføretaket, politiet og kommunane rundt for å møte utfordringar på best måte.

Bærekraftsmål 17: Samarbeid for å nå måla. Det er eit tett samarbeid mellom helse- og omsorgstenestene, NAV, oppvekst, og andre aktuelle tenester, Helseføretaket og andre kommunar. Samarbeidsprosjekt som TALK og Betre tverrfagleg innsats. Giske kommune har eit godt samarbeid med legesenteret for å yte best mogleg samanhengane tenester.

## Kostra, omsorg 2021

Nøkkeltal	Enheter	Giske	Kostragruppe 1	Landet utan Oslo
Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester pr.innbyggjar	kr	31 984	33 845	33 025
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbyggjar	Årsverk	282,1	335,7	318,8
Netto driftsutgifter til omsorgstenester i % av kommunen sin samla netto driftsutgifter	%	33,6	35,9	33,9
Andel brukarretta årsverk i omsorgstenesta med helseutdanning	%	80	79,4	78,3
Årsverk per brukar av omsorgstenester	Årsverk	0,84	0,5	0,58
Andel innbyggjarar 80 år og over som brukar heimetenester	%	33,5	32	28,7
Andel brukarar av heimetenester 0-66 år	%	33,1	50,4	48,8
Andel innbyggjarar 80 år og over som bur ved institusjon	%	1,6	9,7	10,8
Andel brukartilpassa einerom med eige bad/wc	%	100	93,6	92,4
Utgifter per opphaldsdøgn i institusjon	kr	4 353	4460	4449
Andel innbyggjarar 67-79 år med dagaktivitetstilbod	%	0,75	0,85	0,66
Legetimer per veke per bebuar i institusjon	Timar	0,54	0,56	0,62

## Tal brukarar innan helse og omsorg 2010 -2020

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Brukarar med tenester	448	462	448	466	500	510	531	734	878	946	951	929
Tal tenester	1560	1690	1760	1923	2185	2185	2506	2820	3199	3626	3675	3716
E-meldingar	0	0	0	2283	9201	13 097	14 186	14 374	14 374	16 605	18 346	21 535

## › Institusjonstenester

Giske kommune har åtte institusjonsplassar ved Vigra omsorgssenter, avdeling for demente, Skogly. Vi ser ei stadig auke i behov for plass. Plassane er til ei kvar tid fylt opp. Dei tilsette har høg kompetanse innan demens og utviklar seg i takt med behov, lover og forskrifter. Giske kommune leverer eit tilbod av høg kvalitet. Det er auka vekst i tal demente, om lag 50 nye vert diagnostisert kvart år i Giske kommune. Frå 2021 til 2030 er det venta ei auke i tal demente med 44%, frå 2030 til 2050 vil det auke ytlegare med om lag 90%. Bruk av velferdsteknologi og behov for ulike bustadar vil auke i tida framover. Dagtilbod for demente starta hausten 2019. Dette viser seg å vere eit svært viktig og godt tilbod til mange, noko som mellom anna gjer at brukaren kan bu lenger heime og betrar livssituasjonen til pårørande.

Giske kommune har lavare utgifter per opphaldsdøgn i institusjon enn samanlignbare kommunar. Sjå KOSTRA-nøkkeltal helse og omsorgstenester. Årsak til dette kan vere effektiv bruk av ressursar ved omsorgssenteret, god organisering og styring.



## » Kjøkkentenester

### Kjøkkentenester

Kjøkkenet leverer tenester til omsorgssentera, institusjon og heimebuande. Kjøkkenet leverer møtemat, mat til barnehagar og deltek i høve dagaktivitetar og andre sosiale tilstellingar på dei ulike omsorgssentra. Giske har sidan oppstart av storkjøkken nytta kok-kjøøl metoden. Dette gir svært god og næringsrik mat, i tillegg er det svært kostnadseffektivt. Kjøkkenet har kun 3,5 årsverk. Dei har eit tett og godt samarbeid med NAV og andre tenester. I tillegg bidreg kjøkkenet med arbeidspraksis og er lærlingstad.

## › Heimebaserte tenester

Det vert levert heimebaserte tenester både i bukollektiv, bufellesskap, omsorgsbustader og i heimen til brukaren. Tenestene er heimesjukepleie, praktisk bistand, BPA (brukarstyrt personleg assistanse), kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi. Heimebasert teneste er den største tenesta i omsorgsdistrikta og Meistring og psykisk helse, og vert gitt til brukarar, barn, unge og eldre. Den står føre ei tid med stort fokus på tenesteutvikling, tverrfagleg samarbeid, digitalisering og nye arbeidsmetodar. Tenestene er i tett samarbeid med tildelingskontoret i vurdering og utmåling av teneste. Målet er at brukaren vert sjølvhjelpst så langt som råd og vere meir aktiv i eige liv. Kvardagsrehabilitering er implementert som fast teneste i kommunen og heimebaserte tenester har fått opplæring i modellen som skal vere ein aktiv del av tenesteytinga. Det vert framover ei nøye vurdering av kva ein kan tildele av velferdsteknologiske løysingar som første val.

Tenestene merkar ei auke både i tal på brukarar og i kompleksitet innan pleie og omsorgstenestene. Tal brukarar innan heimebasert teneste har hatt markant auke sidan 2015, noko som har ført til stor belastning på dei tilsette. Dei siste åra har auke i budsjett til ramme 7 vore knytt til BPA og auka behov for store ressurskrevjande tenester til barn og unge med særlege behov. Kommunen er ikkje budd på slik auke og har ikkje tilrettelagt bustad eller personell/kompetanse. Det fører til at vi i enkelte tilfeller må kjøpe teneste frå privat leverandør. Kartlegging av tenestene på brukargruppenivå, utført av Agenda Kaupang januar 2022, viser at kommunen har store kostnader til mennesker med nedsett funksjonsevne. KOSTRA-tal viser at denne har auka dei siste åra.

Nye måtar å yte teneste på vert avgjerande for at kommunen skal klare å møte framtidige behov. Heilhetleg bustadpolitikk, tenesteutvikling og samhandling vil vise seg å vere viktige og avgjerande strategiar i tida framover.

Spesialisthelsetenesta vurderer stadig sine tenester og kommunen merkar godt at brukarane kjem raskare heim og er dårlegare enn tidlegare. Dette fører til eit stort press på heildøgns plassane og auka krav til meir tenesteyting i heimane. Kommunen har i fleire år klart å ta i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset. Men i 2019, 2020 og 2021 har ikkje kommunen fullt ut klart dette. Kommunen har lavare kostnader enn andre kommunane, men vi leverer likevel eit meirforbruk ut frå budsjettert ramme i 2021 med kr 600 000.

2021 har vore prega av svært pressa drift med krevjande brukarsituasjonar med stort behov for oppfølging og kompetanse. Heildøgns plassane er til ei kvar tid nytta og ved fleire avdelingar er det overbelegg. Kommunen har vanskar med å rekruttere sjukepleiarar og helsefagarbeidarar, og fleire signaliserer at dei ikkje maktar å gå i 100% på grunn av stort arbeidspress. Sjukefråværet er i enkelte avdelingar høgare enn tidlegare år, samstundes har vi også avdelingar med eit mykje lavare sjukefråvær enn tidlegare. Giske omsorgssenter hadde i 2021 meir enn halvert sjukefråværet på eitt år. Det er arbeidd systematisk med nærvær og ein ser også at driftstiltak med tilsetting av servicevert har vore vellukka.

Omsorgstenestene viser ei markant auke sidan 2014, i tal brukarar, tal tildelte tenester og tal elektroniske meldingar (elektroniske meldingar mellom kommunen, sjukehuset og fastlegane). Einingane har driftstiltak om å ikkje leie inn ved fråvær eller vakante vakter. Dette er krevjande å gjennomføre og ein merkar slitasje på dei tilsette.

Utfordringa vidare vert å ha økonomisk berekraftige tenester, yte fagleg forsvarlege tenester, rekruttere rett og god kompetanse, handtere auka innan bu- og tenestetilbod til barn og unge med spesielle behov, møte auka innan tal demente, auka forventning til kva kommunale tenester skal yte og halde tritt med nye lover, krav og forskrifter. Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050, vert svært viktig for korleis kommunen skal møte utfordringane i tida framover.



## › Avdeling smittevern

Grunna pandemien og oppgåvene som vart lagt til kommunen, vart avdeling smittevern etablert november 2020. Grunna store og mange oppgåver gjennom heilt 2021, vart drift i avdelinga opprettholdt. Avdelinga har hatt om lag 2,5 årsverk i midlertidig stilingar, i tillegg har avdelinga hatt ei stor gruppe personell som har jobba vakter på teststasjonen på flyplassen.

Avdeling smittevern har hatt følgjande oppgåver:

1. TISK (Testing - Isolering - Smittesporing - Karantene):

1. Drifte teststasjonar på Ålesund Lufthamn Vigra og ved rådhuset
2. Legge til rette for karanteneopphald og isoleringsopphald for tilreisande i samarbeid med Ålesund kommune
3. Motverke og slå ned smitteutbrot

2. Drive løpande informasjonsarbeid til innbygarane

3. Samarbeid med omkringliggande kommuner, statsforvaltar, Avinor, politi, Røde kors m.fl.

4. Rapportering til Statsforvaltar og Helsedirektoratet

5. Vaksinerings

Giske kommunale legesenter AS har bistått kommunen med vaksinerings gjennom heile året. Legesenteret har utført eit godt arbeid og har levert etter forventning. Det har vore eit tett og godt samarbeid mellom kommunen sine tenester, Giske kommunale legesenter AS, Ålesund kommune, Avinor, politiet, Røde kors, Helseføretaket og Statsforvaltar.

Giske kommune har hatt ei godt fungerande smittevernnavdeling, som har handtert oppgåvene etter kvart dei har kome til. Giske kommune er handlekraftig, kreativ, vist sterk dugnadsånd og fellesskap med samhandling på tvers. Beredskapsleiinga har gjennom året vore tett på situasjonen og leia arbeidet på ein framifrå måte.

### **Rekneskap 2021, avdeling smittevern**

Via tilskot frå Helsedirektoratet, har Giske kommune fått dekkja alle utgifter knytt til drift av teststasjon Vigra flyplass, karantenehotellordninga og isolasjons-hotellordninga.

Drift av teststasjonen på Valderøya er blitt dekkja gjennom skjønnstilskot frå Statsforvaltar.

Avdeling smittevern leverte i 2021 rekneskap i balanse.

## 8 Miljø og kultur

8 MILJØ OG KULTUR		Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste	Alle tal i heile 1 000	2021	2021	2021	2020
2310	AKTIVITETSTILBOD BARN OG UNGE	-	-	-	71
2423	MOT - PROSJEKTET	-	-	-	304
2730	KOMMUNALE SYSSSELSETTINGSTILTAK	-	-	-	361
3620	FRILUFTSLIV	-	-	-	222
3650	KULTURMINNEVERN	-	-	-	-72
3700	BIBLIOTEK	-	-	-	1 654
3770	KUNST OG KUNSTFORMIDLING	-	-	-	145
3810	IDRETT	-	-	-	264
3830	KULTURSKULE	-	-	-	2 082
3850	KULTURKONTORET	-	-	-	429
3851	ANDRE KULTURTILTAK	-	-	-	137
3852	Frivilligsentral	-	-	-	566
<b>Sum gruppeansvar: 8 MILJØ OG KULTUR</b>		<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>6 164</b>

Rammeorådet er frå 2021 avslutta og tenestene i stor grad lagt til servicekontoret i Ramme 2.



Drift

Ansvar	9 TEKNISK	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
	Alle tal i heile 1 000	2021	2021	2021	2020
3110	BUSTADTILSKOT HUSBANKEN	-	-	-	- 50
5000	BYGGESAK (Sjølvcost)	1 304	779	779	- 25
5100	EIGEDOMSAVDELING	37 703	38 095	34 396	36 499
5300	BRANNVERN	8 593	9 360	9 304	6 143
5310	FEIING OG TILSYN (Sjølvcost)	- 0	-	-	- 411
5400	KOMMUNALT KARTVERK	1 739	2 108	1 826	2 441
5410	OPPMÅLINGSFORRETNING (Sjølvcost)	17	-	-	- 29
5500	REGULERING	1 691	24	-	346
5510	PLAN	749	700	700	747
5520	GRUNNKJØP	1 436	542	542	1 012
6000	OPPARBEIDING UTBYGGINGSOMRÅDER	- 1 343	- 1 847	- 1 847	- 1 272
6100	VEGANLEGG	8 131	7 897	7 941	6 615
6200	VASSFORSYNING (VAR)	593	215	-	349
6300	AVLØP OG RENSING (VAR)	1 114	157	-	789
6350	SLAMTØMMING (VAR)	- 591	-	-	- 97

	9 TEKNISK	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Ansvar	Alle tal i heile 1 000	2021	2021	2021	2020
6400	RENOVASJON (VAR)	973	-	-	13
<b>Sum gruppeansvar: 9 TEKNISK</b>		<b>62 109</b>	<b>58 028</b>	<b>53 641</b>	<b>53 071</b>

Eininga omfattar ansvarsområda som vist i rekneskapsversikta ovanfor. Avviket i regnskapet som gjer at sjølvkostområda ikkje går i null etter avsetning/bruk av fond, skuldast forskjellen mellom bokførte avskrivningar og avskrivningar i sjølvkostmodellen.

## Overblikk - utfordringar

### Gjøvsund næringsområde.

Målsettinga for området - *nasjonal fiskerihamn* - er politisk avklart i gjeldande reguleringsplan for området. Mudringsprosjektet ferdigstillast hausten 22 og vi går no inn i avgjerande fase med behov for kartlegging av kritiske suksessfaktorar. Denne fasen vurderast som avgjerande for å kunne bygge- og utvikle den mest optimale fiskerihamna og tilstøytande område. I avklaringsfasen skal alle relevante aktørar konsulterast. Gjøvsund utvikling vurderast som ein naturleg partner i denne avklaringsfasen. Avklaringsfasen skal munne ut i ein *masterplan* for området. Masterplanen må vere avklarande innen to hovutema:

#### 1. Funksjonell- og romleg avklaring:

*Kva for spesialfunksjonar* må hamna kunne tilby (strøm, gass, saltlager, tørrlager, fryseri, mannskapshotel, utrustning, handtering-/rensing ballastvatn, anna avfallshandtering, dagbasseng ferskvassforsyning, merkantile funksjonar mm) og *i kva omfang* no og i framtida. *Kva for plassering* vil gi beste funksjonalitet. I utgangspunktet forutsetter ein at slik utvikling kan skje innanfor rammene av gjeldande plan for området. Ein må imidlertid vere opne for å måtte endre plan dersom denne ikkje svarar til behovet.

#### 1. Tidsmessige- og rekkefølgemessige avklaringar:

Når skal ein ta dei ulike delane av næringsområda i bruk. Når er det aktuelt å etablere dei ulike funksjonane. Bærekraftsmåla er førande for å kunne utvikle ei grøn hamn. Å sikre grønne løysingar (eks. energibærarar) som pr. dato ikkje er implementert i næringslivskjeda er utfordrande. Ein må difor også sikre fortsatt fosile løysingar i ein mellomfase. Rettidig inn-/utfasing av slike funksjonar må sikrast.

Parallelt med arbeidet fram mot masterplan må *kommunen* avklare korleis ein skal forvalte sitt eigarskap – kor vidt dette skal skje gjennom direkte fråsal eller utleige, gjennom kommunalt foretak, aksjeselskap eller anna.

### Bygg- og eigedomsforvaltning.

Kommunen har eit bygningsmessig vedlikehaldsetterslep på om lag kr. 100 mill. Etterslepet er eit resultat av notorisk underfinansiering over mange tiår i ein målestokk og omfang som med rette kan kallast *styrt forfall*. Dette er eit paradoks all den tid byggkvalitet har direkte påverknad på tenestekvaliteten som utførast i same bygg. Manglande synleggjering-/kopling mellom behovsvurderingar i budsjettarbeid og aviksmeldingar frå tenestene i budsjettåret er uholdbar.

I eit bærekraftsperspektiv fordrar rasjonell byggforvaltning meir enn rein funksjons-/verdibevarende vedlikehald. Gitt at ein skal kunne maksimere det enklete bygg sin brukstid/nytteverdi må ein ha midlar til oppgradering for for å møte endra krav til funksjon (brukstilpassing) og energibruk. Pr. i dag har ein ikkje resursar til dette - og har heller ikkje hatt dette over lang tid. Samla sett "forbruker" ein bygningsmassen mykje raskare enn forventa levetid, med tilsvarande hyppigare- og totalt sett fordyrande syklus av sanering/nybygg.

Kommunen forvaltar ikkje bygningsmassen på ein berekraftig måte. Utgiftene som skal til for å bevare verdiane må tilpassast det økonomiske handlingsrommet. Finansiering av verdibevaring for heile bygningsmassen må skje over fleire periodar.

Organisatorisk må ein endre fokus- og arbeidsmåte frå *driftsfinansiert*- til *formuesbevarande forvaltning*. Dagens organisering av byggforvaltninga må difor revurderast og sjåast i samanheng med kommunens totale eiendomsportefølgje i eit næringsperspektiv. Ein bør starte opp dette arbeidet i løpet av 2022.

Vidare er det behov for avklaringar i overordna planar for framtidig tenestestruktur både innanfor skule og helse. Det er difor viktig at det gis politiske styringssignal i den pågåande rulleringa av kommuneplanens samfunnsdel. Tilsvarande har teknisk eining klare forventningar om konkrete prioriteringar i arealdelen.

Kommunen må vurdere alternative måtar å dekke behovet for omsorgsbustader og – institusjonar tilpassa endrinane i alderssamansetninga vi har i vent. Kommuneplanen sin samfunnsdel må ta opp i seg føringar for ei slik venta utvikling.

### Sjølvkostområda - generelt.

Ansvarsområda er, med unntak av veiledningsplikta etter lova, sjølvfinansierande. Det enkelte sjølvkostområde påvirkar difor i liten grad kommunens drifts-/innvesteringsbudsjett. Ein føresetnad er imidlertid at gebyrnivået over tid dekker kostnadane.

Sjølvkostområda er del av det samla kostnads-/avgiftsnivået for innbyggjarar og næringsverksemdar i kommunen. Vi er no inne i ei periode med stor kostnadsuke for privatushaldningar og næringsverksemdar. Opptapping av gebyrnivå/aktivitetsnivå bør så langt råd er skje gradvis etter ein overordna plan.

### Finansieringsregime sjølvkost VAR – utbyggingstakt samt kvalitetsheving.

VAR- området vil vere eit nasjonalt «vekstområde» i åra framover - jf. auka krav til rensing, utbedring av tilstand på eksisterande leidningsnett, forsyningsikkerhet mm. Innvesteringstakt og nivå på driftskostnader påverkast også av utvikling i kommunens busetnadsstruktur – jf samfunnsdel-/arealdel kommuneplan.

VAR (Vatn, Avløp, Renovasjon) er eit av sjølvkostområda og vert finansiert gjennom årsgebyr frå abonnentane. Opprusting- og utbyggingstakt forutset vesentleg auke i gebyra dei komande åra. Det er behov for ein tettare prosess mellom politikk og administrasjon gjennom budsjettåret for å sikre tilstrekkeleg kunnskaps- og beslutningsgrunnlag.

I snitt utgjorde gebyrnivået for VAR-området i Giske (året 2021) 71 % av landsgjennomsnittet, 71% av kostragruppe O1 (Små kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, lave frie disponible inntekter), 60 % av gebyrnivået til Sula kommune og 86 % av gebyrnivået til Ålesund kommune.

### Akutt behov for oppbemanning sjølvkost Byggesak

Situasjonen på byggesak har over lengre tid vore kritisk med store utfordringar i forhold til restansar. Etter ein periode med sjukefråver, oppsigelse og permisjonar har ein gått frå vondt til verre. Situasjonen pr. i dag er uholdbar både for dei tilsette og ikkje minst den enkelte søkjar.

Nivået på antal dispensasjonar som gis er alarmerande høgt – både i forhold til tilsvarande nivå i nabokommunene og nasjonalt nivå. Dispensasjonssaker er særskild arbeidskrevjande. Antalet dispensasjonar som gis vurderast som ein viktig forklaringsfaktor på manglande evne til å forsere saksmengda. Det er difor akutt behov for å oppbemanne byggesak med ei ny stilling i løpet av 2022.

### Behov for retning og prioritering i overordna planar.

Det er behov for større grad av prioritering/spissing av retningsval i overordna planar - både for det som gjeld framtidig busetnads- og næringsstruktur samt kommunal tenestestruktur. Politisk *eigarskap* ein føresetnad for *implementering* av retningsvala i planperioden.

### Utfordringar og måloppnåing

Utfordringar	Kva er gjort (maks 3 linjer)	Resultat og/eller effekt (maks 3 linjer)
Korona	A. Heimekontor – periodevis. B. Forsterka reinhald gjennom innleige av vikarar	A. Sømløs overgang – minimal innvirkning. B. Redusert fare for smittespreiing.
Bemanning byggesak særskild kritisk grunna sjukdom, permisjon, oppseiing.	Maksimalt fokus på sakshandsaming samt kjøp av tenester frå privat firma. Etter juni-juli er bemanningssituasjone bedra seg grunna permisjonsperiode avslutta. A. Mudringsprosjektet er godt i gang og skal etter framdriftsplan ferdigstillast hausten 22.	Tidsbruk pr. sak på same nivå som 2020. Noko tap av gebyrinntekter grunna oversitting av fristar. A. Ein kan starte opp arbeidet med etablering av sjøfront i form av kaier. Fleire av aktørane i sundet har starta opp førebunde arbeid.
Tilrettelegging for utvikling av Gjøvsund næringsområde	B. Prosess starta opp med målsetting om utarbeidng av masterplan i løpet av 22 C. Tidlegare solgt tomt er tilbakeført til kommunen frå HTR Eiendom AS	B. Masterplan er ein føresetnad for målretta utvikling av Gjøvsund hamn som ei nasjonal - grøn - fiskerihamn. C. Tomta er no fristilt og framtidig bruk kan planleggast som del av kommunens øvrige areal.
Midlar til forvaltning drift og vedlikehald av kommunale bygg er kritisk lågt.	Driftsrelaterte oppgåver prioriterast.	Manglande verdibevarande forvaltning/vedlikehald er over tid ikkje berekraftig.

Utfordringar	Kva er gjort (maks 3 linjer)	Resultat og/eller effekt (maks 3 linjer)
Fullføring av skuleprosjektet - endring skulestruktur	Ombygging av Godøy skule samt etablering av skule-/klasseromspaviljonger på Valderøya	Bygningsmessige endringar - del av strukturendring gjennom flytting av ungdomsskuleelevar frå Godøya til Valderøya samt flytting av barneskuleelevar frå Alnes til Godøya. Godøy barneskule nedlagt.

## Bærekraftsmål

Overordna planarbeid: Rasjonell disponering av tilgjengelege areal til utbyggingsføremål. Langsiktig forvaltning av LNF-områda. Betre grunnlag for planlegging- og forvaltning av sjøområda gjennom kartlegging (marine grunnkart).

Regulering: Rasjonell utnytting av byggeområda samtidig som ein fortsatt legg til rette for gode bumiljø og lengst mogleg butid i eigen bustad.

Utbygging- og vedlikehald av teknisk infrastruktur: Dimensjonering av teknisk infrastruktur som stettar framtidige krav/behov (rensing av kloakk, handtering av overvatn/flomvatn, reduksjon av lekkasjer i vassforsyninga).

Gjennom myndighetsutøvelse i konkrete søknadspliktige tiltak; oppfylle lova sin føremålsbestemmelse om bærekraft - jf plan- og bygningslova § 1.

Forvaltning av bygningsmasse: Gjennom god forvaltning å realisere det enkelte bygg sin ibuande levetid/potensiale.

Grøn havn - Gjøvsund nasjonale fiskerihavn: Legge til rette for "grøne løysingar" på kommunens næringsareal som td straum, gass, hydrogen, ballasthandtering (tømming/rensing/fylling), internlogistikk.

## Koronaåret

Reinhold har vore krevjande, men totalt sett løyst på ein god måte - både gjennom anskaffelse av smitterobot og tilkallingshjelp. Etter tilbakemelding frå reinhaldsleiar er det imidlertid eit generelt behov for større fokus- og opplæring/kursing av reinhaldspersonellet i smittevern. Dette både som kompetanseaukande tiltak for tenesta og som tiltak for å trygge den enkelte tilsette gjennom bedre å kunne vurdere eigen smitterisiko. Særleg i starten av pandemien var det mange spørsmål og tildels uro blandt enkelte av dei tilsette.

Det har vore eit krevjande år også for bygg- og eigeidomsavdelinga med auka arbeidsmengde grunna ombyggingar og andre bygningsmessige tilpassingar.

Dei øvrige tenestene har så og seie vore upåverka. For kontortilsette kunne ein så og seie omgåande gå over til heimekontor med fasilitering av intern-/eksternmøter via teams. Pr. i dag er det kun unntaksvis-/periodevis at enkelte tilsette har heimekontor.

## UTVALDE KOSTRATAL

Kommunalt avløp							
Nøkkeltall	Enhet	Giske	Ålesund	Sula	Kostragruppe 01	Landet uten Oslo	
Årsgebyr for avløpstenesta - ekskl. mva. (kr)	Kr.	3074	3394	6454	4761	4435	

Kommunal vassforsyning							
Nøkkeltall	Enhet	Giske	Ålesund	Sula	Kostragruppe 01	Landet uten Oslo	
Årsgebyr for vassforsyninga - ekskl. mva. (kr)	Kr	2459	2566	4053	3814	4033	

Husholdningsavfall							
Nøkkeltal	Enhet	Giske	Ålesund	Sula	Kostragruppe 01	Landet uten Oslo	
Årsgebyr avfallstenesta - ekskl. mva. (kr)	Kr	2 690	3 320	3318	3001	3140	



Samferdsel							
Nøkkeltal	Enhet	Giske	Ålesund	Sula	Kostragruppe 01	Landet uten Oslo	
Brutto driftsutgifter til gatebelysning pr kilometer belyst veg (kr)	Kr	22 829	14 777	14 482	21 420	25 553	
Netto driftsutgifter til kommunale vegar og gater pr km (kr)	Kr	77 368	168 590	184 603	115 170	165 922	

Eigedomsforvaltning							
Nøkkeltal	Enhet	Giske	Ålesund	Sula	Kostragruppe 01	Landet uten Oslo	
Utgifter til vedlikehold pr. kvadratmeter (kr)	Kr	36	76	19	90	107	
Herav utgifter til reinhold	Kr	143	71	125	172	166	
Herav energi- kostnader pr. kvadratmeter	Kr	49	97	59	103	99	

Byggesak							
Nøkkeltal - Tal frå 2020: (X)	Enhet	Giske	Ålesund	Sula	Kostragruppe 01	Landet uten Oslo	
Andel av innvilga byggesøknader som skjer gjennom vedtak om dispensasjon fra plan (prosent)	%	(85)	(25) 39	(..) 17	(23) 24	(17) 20	
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 12 ukers frist (dager)	Dagar	(78)	(65) 82	(65) 58	(42) 46	(39) 42	
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 3 ukers frist (dager)	Dagar	(18)	(33) 22	(21) 18	(20) 21	(17) 18	
Sjølvcostgrad i byggesaker (prosent)	Prosent	(99)	(87)	(84)	(77)	(79)	



## » Sjølvkostområder - gebyrfinansierte tenester

### 5000 Byggesak

#### Byggesak - teneste 3020

Rekneskap 2021: Meirforbruk kr. 525 070

Kapasiteten på byggesak har vore - og er fortsatt kritisk. Pr. mars 2022 har ein eit etterslep på om lag 170 saker frå tidlegare år. Det vart kjøpt byggesakstenester for kr. 586 543 for å avhjelpe situasjonen i periode av året med kritisk bemanningsnivå grunna permisjonar og oppseiing.

Gebyrinntektene (byggesakshandsaming) er på kr. 1 845 121 som utgjer 88% av budsjetterte inntekter.

Av kostra for året 2020 framgår at 85 % av alle byggeløyver var gitt ved dispensasjon. For året 2020 var landsgjennomsnittet på 17 % og for kommuner i same kostragruppe 23% - sjå tabell nedanfor. Ein så høg andel av dispensasjonsløyve er alarmerande om må kartleggast nærmare. Saksbehandlingstida (78 dagar) på saker med 12 veker frist må sjåast i lys av dette og bemanningssituasjonen. Ein har ikkje greidd å prioritere kostrarapportering for 2021.

År	Saker totalt	Saker med 3 vekers frist	Saker med 12 vekers frist
2019	292	Usikre tal (tidsbruk: 20 dagar)	Usikre tal (tidsbruk: 84 dagar)
2020	246	48 saker (tidsbruk: 18 dagar)	164 saker (tidsbruk: 78 dagar)

Kostra						
Nøkkeltal - Tal frå 2020: (x)	Enhet	Giske	Ålesund	Sula	Kostragruppe 01	Landet uten Oslo
Andel av innvilga byggesøknader som skjer gjennom vedtak om dispensasjon fra plan (prosent)	Enhet	(85)	(25) 39	(.) 17	(23) 24	(17) 20
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 12 ukers frist (dager)	Enhet	(78)	(65) 82	(65) 58	(42) 46	(39) 42
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 3 ukers frist (dager)	Dagar	(18)	(33) 22	(21) 18	(20) 21	(17) 18

### 5310 Feiing og tilsyn

Regnskap 2021: Avsetning til fond kr. 76.394

Fond pr. 31.12.21 er på kr. 840 805.

Feiitenesta vert kjøpt frå Ålesund kommune, og det vert feia annakvart år. Feiing er gjennomført i 2021 og det er kjøpt feiitenester for kr. 1 075 000.

## 5410 Oppmålingsforretning

Regnskap 2021 : Avsetning til fond kr. 309 673

Fond pr. 31.12.21 er på kr. 1 431 120

Kommunen kjøper oppmålingstenester frå privat landmålarforetak. Pr. i dag utgjør kjøp av slike tenester halve oppmålingsgebyret. Øvrig halvdel av gebyrinntektene dekker kommunens eige arbeid med mottak av krav til matrikkelføring, kontroll av måleprotokoll samt matrikkelføring/tinglysing.

Det er meirinnngang i gebyrinntekter på 209 078 i høve til budsjett.

Det er pr i dag ingen restansar.

## 6200 Vassforsyning

Regnskap 2021 : Bruk av fond kr. 219 217

Fond pr. 31.12.21 er på kr. 5 793 637

Tilstand/aldre i forsyningsnettet medfører om lag 40% svinn/lekasje. Ein har difor auka utskiftingstakten/fornyninga av leidningsanlegga dei siste åra. I tillegg er ein i gang med å etablere målekummar for betre å kartlegge omfang- og lekkasjepunkt i dei ulike leidningstrekk.

Det er inngått ny avtale om kjøp av vatn frå Ålesund kommune.

Utført oppgradering på leidningsnettet	2019	2020	2021
Antal nye meter leidningsnett	883 m	2 100 m	3000 m
Antal meter fornya	4 103 m	2 663 m	4334 m
Antal lekkasjereparasjonar	8 hendingar	15 hendingar	10 hendingar

Vassmengde levert på nettet	2019	2020	2021
Vassmengde frå Alnesvatnet	935 072 m3	927 011 m3	969 237 m3
Vassmengde levert frå Ålesund	221 202 m3	128 100 m3	87 431 m3
<b>Totalt forbruk inkludert lekkasje</b>	<b>1 156 274 m3</b>	<b>1 055 111 m3</b>	<b>1 056 668 m3</b>

## 6300 Avløp og rensing

Regnskap 2021 : Bruk av fond kr. 9 550

Fond pr. 31.12.21 er på kr. 5 506 655

## 6350 Slamtømming

Regnskap 2021 : Kr. 674 421

Ved inngangen til 2021 hadde ein eit etterslep av tidlegare års negative resultat i form av eit ikkje-framførbart underskudd på kr. 227 246.

Rekneskapet for 2021 viser eit positivt resultat på kr. 674 421. Av desse dekkast kr. 227 246 av det ikkje-framførbare underskott og Kr. 447 175 settast på driftsfond.

Driftsfond Slamtømming pr. 31.12.21: kr. 447 175

## 6400 Renovasjon

Regnskap 2021 : Meirforbruk på kr. 2 054 273

I høve til budsjett har ein i 2021 hatt auke i kostnadane med kjøp av tenester frå ÅRIM på kr. 1 084 717 i tillegg til reduserte salsinntekter på kr. 1 354 686. Resultatet er eit negativt, men *framførbart* underskudd (negativt fond).

Fondsmidlar pr. 31.12.20 var på kr 1 080 979.

Det framførbare negative resultatet reduserast gjennom bruk av tilgjengelege fondsmidlar (kr. 1 080 979).

Driftsfond renovasjon pr. 31.12.21: (1 080 979 -2 054 273) kr. -973 294.

## › Kommunalt kartverk

### 5400 Kommunalt kartverk

Regnskap 2021 : Mindreforbruk på kr. 368 230

Mindreforbruket skyldast at større andel av lisensar frå kartleverandør (Norkart) fordelast på sjølvkostområda.

Kommunen har delteke i pilotprosjekt for etablering av marine grunnkart. Prosjektet ferdigstillast innen utgangen av 2022. Kartdata produsert i prosjektet kan ein finne på [Marinegrunnkart \(avinet.no\)](http://Marinegrunnkart(avinet.no))

Vidare har kommunen inngått intensjonsavtale med fylkeskommunen for utarbeiding av regionalt program for å styrke det marine kunnskapsgrunnlaget i fylket. Arbeidet er eit ledd i å kunne posisjonere Møre og Romsdal inn mot ei nasjonal satsing på marin kartlegging langs kysten.

I 2021 har ein etablert system for direkte ajourføring av kartdata mellom kommunen og kartverket (Sentral Felles Kartdatabase - SFKB). SFKB gir direkte- og sikkert ajourhold og oppdatering av kommunens kartdata. Sluttbruker (td ambulans og andre naudetatar) får dermed til ein kvar tid tilgang på oppdatert kartgrunnlag.

Som del av sentral lagring har ein investert i modul *EL-veg* som gir tilsvarande direkte- og automatisk oppdatering av vegnett med blant anna opplysingar om standard, fartsgrense, klassifisering (traktorveg/sti, kommunal veg, fylkesveg mm). Tilsvarande er det investert i *Arealplan.no* som erstattar gamalt *planarkiv*.



## Regulering - behandling av private planforslag

### 5500 Regulering

Regnskap 2021 : Meirforbruk kr 1 667 304

Det er gjort vedtak om at ansvarsområdet skal være *sjølvfinansierende* gjennom gebyra. Tidlegare år har sjølvkostgraden vore god: Året 2020 var dekningsgraden heile lag 83 %. Veiledningsplikta er ein kostnad for kommunen som ikkje kan dekkast inn gjennom gebyr. Ein vil difor aldri ha 100 % kostnadsdekning.

Antal (årlege) planar som skal finansiere kostnadane er etter måten lågt - stipulert til +/- 10 årlege planforslag. Ikkje alle planar vert ferdig handsama- og fakturert innanfor regneskapsåret. Planarbeid som av ulike grunnar tek lengre tid, eller som av privat forslagstillar vert sett på vent - får difor negativ innverknad på inneverande års inntekter og tilsvarande positiv innverknad påfølgjande år.

For året 2021 har ein ikkje motteke nye planforslag eller ferdigstilt planarbeid noko som har resultert i tilsvarande manglande gebyrinntekter. Til orientering er det til pr. dato meldt oppstart av to nye reguleringsplanar i tillegg til at ein har registrert bevegelsar i arbeidet med tidlegare oppmeldte planforslag.

#### Planar oppstarta 2020:

Larsgjerdet/Nygård Giske.  
Gnr 127 bnr 3 - Nordaust for Giske kyrkje.  
Del av Gjørundmyrane .

#### Planar vedtekne 2020:

Stor-Pe-teigen Giske  
Reinseanlegg Valderhaugstrand  
Ytterlandshamna II  
Reguleringsendring Sentrumsplan BK9  
Ny gjenvinningsstasjon Gjørundmyrane  
(Ytterland park eigendokjent i kommunestyret i første møtet 2021)



## › Plan - kommuneplan mm

### 5510 Plan

Regnskap 2021 : Meirforbruk kr. 48 874

#### **Kommuneplan:**

Utarbeiding av planstrategi og planprogram vart starta opp i januar 2020. Grunna korona vart opprinneleg tidsplan forseinka. Vedtak av planstrategi for 2020 -23 og fastsetting av planprogram for 2020-30 godkjent av kommunestyret 3. desember 2020.

#### **Områdeplan Sætra og Gjøvsund - kommunens handelssenter:**

Områdeplan for Sætra og Gjøvsund er ein av planane omhandla i planstrategi. Planløysing for hovedkryssløysing (riksveg-fylkesveg) har vist seg å vere sær utfordrande å få på plass. Statens vegvesen held fast på planskilt kryssløysing (toplanskryss). Giske kommune arbeider vidare med rundkøyringsløysing.

#### **PAKT (Plan for Areal, Klima og Transport):**

Møre og Romsdal fylkeskommune er landets første bærekraftsfylke med satsing saman med Molde, Kristiansund og Ålesund på FNs nettverk for smarte bærekraftige byar. Giske kommune har slutta seg til målsettinga om bærekraft og deltek i PAKT-samarbeidet. PAKT er eit regionalt samarbeid mellom nye Ålesund, Giske og Sula med fokus på plan for areal, klima og transport (PAKT). Kommunen er representert både i arbeids- og styringsgruppa.

#### **SMART kystsoneplan:**

Giske, Sula og Ålesund har politiske vedtak om å ta spesielt ansvar for bærekraftsmål 14 - LIV UNDER VANN. Utarbeiding av kystsoneplan vil difor vere ei naturleg oppfølging. Giske kommune deltek i prosjektteam saman med Ålesund og Sula i forprosjekt. Prosjektteam starta opp desember 20. Planlagd oppstart med politisk vedtak om vidareføring av prosjekt, evt varsel om oppstart av planarbeid i løpet av 2022.

## 5520 Grunnkjøp

Regnskap 2021 : Meirforbruk kr. 894 513

Ansvarsområdet handsamar alle tingsrettslege problemstillingar knytt til kommunens eigedomar - både for det som gjeld tidlegare saker, pågåande- og framtidige erverv/avhendingar. Grunna bemanningssituasjonen (permisjonar og sjukdom) har ein ikkje kunna gitt arbeidsområdet tilstrekkeleg prioritet.

Meirforbruket er ein konsekvens av at det i mange av sakene er behov for rettslege avklaringar. Ein har kjøpt juridisk bistand for om lag kr. 500 000. Innlagt innsparingstiltak på kr 500 000 i form av reduksjon i stillingar har vore uråd å gjennomføre - gitt den øvrige bemanningssituasjonen.

Det er arbeid med to større grunnerverv:

1. Slutføring av erverv av Olmannsvika. Beregning sjøgrunn, utbetaling og overskøyting slutført.

2. Tilbakeføring av industritomt gnr.7 bnr.309

Eigedomar som skal avhendast selgast som hovudregel gjennom megler. Tremannsbustad – Borniteigen 19, 21 og 23 (Synes) 6/246//1, 2,3 var avhenda i perioden mai-juni 2021.

Øvrige eigedomar som er forsøkt avhenda gjennom megler:

- Bustadtomt – Demmevegen 7 (Roald) 1/706
- Bustadtomt - Øygarden 12 (Stor-Pe teigen) 129/78
- Bustadtomt – Øygarden 14 (Stor-Pe teigen) 127/77
- Skjong barneskule - Nygjerdet 11 186/687 m. fleire

## Bygg- og eigedomsavdelinga

### 5100 Eigedomsavdelinga

Regnskap 2021 : Mindreforbruk kr. 391 629

Mindreforbruk utgjør 1 % av totalbudsjettet for avdelinga.

Ein vert langt på veg berga av sjukelønsrefusjon på om lag kr.1 400 000 (ikkje kompensert med innleige/vikarar), om lag kr. 1 100 000 i auka leigeinntekter samt kr. 800 000 i reduserte straumutgifter (Leigeinntekter frå brannstasjonane utgjør åleine på kr. 785 000). Ein har samtidig hatt meirutgifter på om lag kr. 400 000 i kommunale avgifter samt kr. 800 000 til koronarelaterte tiltak utover budsjetterte midlar.

Forvaltningsmessig er situasjonen fortsatt særskilt kritisk. Grunna underfinansiering av forvaltning- drift og vedlikehald, har ein over lengre tid opparbeidd seg eit betydeleg vedlikehaldsetterslep. Etterslepet vurderast å vere på kr. 100 000 000.

For enkelte av bygga er situasjonen pr. dags dato slik at konsekvensane av tidlegare manglande/mangelfullt vedlikehald verkar sjølvforsterkande. Dette gjeld til dømes fleire av omsorgsbygga som til dømes 3 tomannsbustader frå 1982 på Gudmundvegen/Godøya. Tilstanden på desse bygga er difor allereie svært dårleg. Ein må difor pårekne at vedlikehaldsetterslepet komande år vil eskalere og tilsvarande forkorte det enkelte bygg sin levetid.

I eit bærekraftsperspektiv fordrar rasjonell byggforvaltning meir enn rein funksjons-/verdibevarande vedlikehald. Gitt at ein skal kunne maksimere byggets brukstid/nytteverdi må ein ha midlar til oppgradering for å møte endra krav til funksjon (brukstilpassing) og energibruk. Pr. i dag har ein ikkje resursar til dette - og har heller ikkje hatt dette over lang tid. Samla sett "forbruker" ein bygningsmassen mykje raskare enn forventta levetid, med tilsvarande hyppigare- og totalt sett fordyrande syklus av sanering/nybygg.

#### VEDLIKEHALDSETTERSLEP

Bygning/bygningstype	Antall kvadratmeter	Beregna utbedringskostnad
Rådhus/admin. bygg	5750	96.792.000
Skular	27493	103.305.000
Barnehagar	1816	1 750 000
Kombinasjon sjukeheim/Omsorgsbygg	6323	5.600.000
Sjukeheim	398	91 000
Omsorgsbygg	3987	10.782.000
Idrettsbygg	6968	1.410.000
Kulturbygg	1403	110.000
Næringsbygg	998	5.195.000
Utleigebustader	2129	3.570.000
<b>SUM: TOTALT</b>	<b>57265</b>	<b>100.362.000</b>

## Reinhald

Regnskap 2021: 6% overforbruk grunna koronarelatert vikarbruk

Reinhald under koronapandemien har vore krevjande, men totalt sett løyst på ein god måte - både gjennom anskaffelse av smitterobot og tilkallingshjelp. Etter tilbagemelding frå reinhaldsleiar er det imidlertid eit generelt behov for større fokus- og opplæring/kursing av reinhaldspersonellet i smittevern. Dette både som kompetanseaukande tiltak for tenesta og som tiltak for å trygge den enkelte tilsette gjennom bedre å kunne vurdere eigen smitterisiko. Særleg i starten av pandemien var det mange spørsmål og tildels uro blant enkelte av dei tilsette.

I verksemdplan for 2022 følgjer ein opp behovet for kompetanseplan med tilrettelegging for individuelle løp fram til fagbrev.

## › Brannvern

### 5300 Brannvern

Regnskap 2021: Mindreforbruk Kr 767 304

Kjøp av tenester frå Ålesund brannvesen KF - Brannvesenet for Ålesund, Sula og Giske.

Brannbil (tankbil) er er overlevert og sett i operativ beredskap. Innvesteringskostnadane dekkast av Giske kommune. Ålesund brannvesen har skaffa mannskapsbil til Godøy brannstasjon. Kostnadane dekkast av Ålesund brannvesen KF.



## › Veganlegg, parkar og plassar

Regnskap 2021 : Meirforbruk kr. 234 032

Ansvarsområdet har tre ulike tenestekområder:

### 3320 Kommunale vegar

Rekneskaper viser eit mindreforbruk på kr. 892 931. Dette skuldast feilføring der overføring frå Kyrkja på kr. 1 160 000 er ført på dette tenestområdet. Midlane skal kompensere for drift av kyrkjegardane og skulle vere ført på teneste 3350 *Parkar og plassar*.

Korrigerer ein for feilføringa har tenestområdet *kommunale vegar* eit *meirforbruk* på kr. 267 073

---

Snøbrøyting/vinterdrift:

Giske kommune har i dag 7 brøyteroder. Av desse brøyter kommunen 1 rode sjølv. Giske kommune setter opp brøytestikker for alle rodene. Giske kommune strør sand for alle rodene utanom rode T6 Godøya. Det er i dag ca. 88 km med kommunal køyreveg og ca. 20 km med gang- og sykkelveg i kommunen.

Det har vore vesentleg snømengde i løpet av sesongen. For året 2021 har ein hatt effekt av 4 nye brøyteavtalar (nye- og høgre prisar) som har bidrege til overforbruk på kr. 670 458 i høve budsjett. Sett under eit vert det samla overforbruk redusert til kr. 267 073 grunna mindreforbruk på vedlikehald anlegg og større andel refusjonar frå staten samt sjukelønsrefusjon.

Trafikktryggingstiltak:

Det var ingen midlar på budsjettet for trafikktryggingstiltak eller mindre veganlegg i 2021. Det har ikkje blitt utført noko tiltak under prosjekt 6204 Trafikktryggingstiltak.

Det er utført trafikktryggingstiltak på Romsdalsvegen på privat initiativ- og kostnad i form av etablering av farsthump. Fylkeskommunen har etablert opphøgd gangfelt ved Godøya barneskule.

### 3341 Gatelys

Meirforbruk på kr. 70.472

Ein har hatt mindre straumforbruk på om lag kr. 290 000 enn budsjettet. Samtidig har ein hatt meirutgifter på om lag kr. 280 000 til utskifting av gatelys grunna etterslep frå tidlegare år. Vidare har ein motteke om lag kr. 50 000 mindre i refusjon frå stat- og fylkeskommune enn budsjettet.

Giske kommune har ansvar for drift og vedlikehald for ca. 3100 gatelys. Dette er gatelys på kommunale vegar, fylkesvegar og delar av riksveg i kommunen. Drift og vedlikehald av gatelys på riksveg og nokre av fylkesvegane får vi refusjon frå Statens vegvesen og Fylkeskommunen. På fylkesveg får vi refusjon på dei vegane med ÅDT over 1200.

Størsteparten av drifts- og vedlikehaldskostnadane er naturleg nok i vinterhalvåret med tilsvarende reduserte kostnader sommarhalvåret.

### 3350 Parkar og plassar

Rekneskaper viser eit meirforbruk på kr. 1 056 491. Dette skuldast feilføring der overføring frå Kyrkja på kr. 1 160 000 er ført på tenestområdet 3320 Kommunale vegar - jf. pkt ovanfor. Midlane skal kompensere for drift av kyrkjegardane og skulle vore ført på dette tenestområdet.

Korrigerer ein for feilføringa har tenestområdet eit *mindreforbruk* på kr.106 509

Sjølv med auka overføringar frå kyrkja, er tenesta fortsatt underfinansiert/underbemanna tilsvarende to heile stillingar. I realiteten er park-/kyrkjegardstenesta heilt avhengig av støtte (bemanning) frå VAR-området for å kunne gå rundt. Dette er kryssfinansiering frå sjølvkostområdet

(abonnentane) som ikkje er lovleg. Ei oppjustering av driftsmidlane er difor påkrevd gitt at ein skal kunne halde parktenesta på dagens nivå.



## 10 Kyrkjelege føremål

### Kyrkjelege føremål omhandlar fylgjande tenesteområde:

Kyrkjer

Andre religiøse føremål

Kyrkjegardar

### Drift

	10 KYRKJELEGE FØREMÅL	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste	Alle tal i heile 1 000	2021	2021	2021	2020
3900	KYRKJER	4 244	4 244	4 244	4 153
3920	ANDRE RELIGIØSE FØREMÅL	-	-	-	325
3930	GRAVPLASSAR	1 160	1 265	1 265	1 305
<b>Sum gruppeansvar: 10 KYRKJELEGE FØREMÅL</b>		<b>5 404</b>	<b>5 510</b>	<b>5 510</b>	<b>5 783</b>

### Driftsutgifter til kyrkjelege føremål:

		2021	2020
Driftstilskot frå kommunen til kyrkjeleg fellesråd	kr	4 084 401	3 992 700
Tilskot til trdomssamfunn	kr	0	325 260
Tenesteytingsavtale mellom kommunen og kyrkjeleg fellesråd stipulert til	kr	160 000	160 000
Drift av gravplassar - driftstilskott	kr	0	145 300
Drift av gravplassar - tenesteytingsavtale med kommunen	kr	1 160 000	1 160 000

Driftsrekneskapen for 2021 viser eit mindreforbruk på kr 105 299 og skriv seg frå mindre overføring til teneste gravplassar enn budsjettet. Når det gjeld drifta elles viser ein til fellesrådet si årsmelding.

Tilskot til andre trdomssamfunn er frå 2021 overført til Staten.



## 11 Interkommunale avtaler

### Oversikt interkommunale avtaler i 2021

	Merknader/ending i 2021
Ålesund kommune - ekkommune Sunnmøre (it)	Avtale fornya med nye Ålesund Kommune. Fordeling per kommune 30% lik fordeling og 70% etter folketal.
Ålesund kommune - innkjøps samarbeid	Avtale fornya med Nye Ålesund Kommune. Avtalt pris som blir indeksregulert årleg.
Ålesund kommune landbruksavtale	Kostnaden vert delt etter årsverk rekna ut frå kriteria som ligg til grunn for statlege overføringar til kommunane i landbruksnøkkelen.
Ålesund kommune - krisesenter	Ny avtale i 2020
Ålesund kommune - overgrepsmottak	Ny avtale i 2020
Ålesund kommune - interkommunal legevakt natt	Ny avtale i 2020
Ålesund kommune - nødnett	Ny avtale i 2020
Ålesund kommune - juridisk avtale (barnevern)	Ny avtale i 2021
Ålesund kommune - øyeblikkelig hjelp dagtilbod	Avtale inngått i 2020
Ålesund kommune - barnevernsvakta	Ny avtale med Ålesund, Barnevernsvakt på Sunnmøre, med verknad frå oktober-19.
Møre og Romsdal 110-sentral KF - tryggleiksalarmer	Denne vart avslutta i 2019. Vi kjøper tenester med Telemark alarmsentral. Endringar knytt til nye digitale tryggleiksalarmer.
Sunnmøre friluftsråd	Ny avtale frå 2020
Møre og Romsdal 110-sentral KF - brannalarm	Utgår frå 2020
Ålesund brannvesen KF - feie- og tilsynsavgift	Utgår frå 2020
Ålesund brannvesen KF - branntenester	Ny avtale frå 2020, inkluderer alle branntenester
Ålesund brannvesen KF - brannsjefavtale	Utgår frå 2020
Møre og Romsdal 110 sentral - brannmelding	Utgår frå 2020
Årim (renovasjon)	Ny avtale under forhandling
Årim (slamtømming)	Ny avtale under forhandling
Sunnmøre regionråd IKS	Videreført eksisterande avtale
Destinasjon Ålesund og Sunnmøre	Videreført eksisterande avtale
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS	Årleg tilskot pr. kommune blir fastsett av representantskapet. Halvparten av utgiftene til fordeling blir fastsett i følge eigardel etter §, den andre halvparten vert fordelt utfrå medgått tidsbruk.
Møre og Romsdal REvisjon SA	Ny avtale frå 2021. Timespris ut frå faktisk tidsbuk
Region Ålesund	Viderefører eksisterande avtale
Hareid kommune - grunnskule for vaksne	Ny avtale frå hausten 2020
Hareid kommune - norsk og samfunnskunnskap til vaksne innvandrarar og flyktningar	Ny avtale frå hausten 2020.
Ålesund kommune, kjøp av vatn	Videreført eksisterande avtale

## Del 3 Investeringar - oversikt over prosjekt

### Oversikt prosjekt 2021

Dei største prosjekta vert nærare kommentert nedom tabellen.

Prosjekt nr	Prosjekt	Vedtatt utgiftsramme	Reknesk.ført tidlegare år	Årets budsjett	Reknesk.ført i år	Sum reknesk.ført	Gjenstår av utgiftsramme	Kommentar
1301	OMSTILLING GJENNOM BRUK AV IKT, DIGITALISERING OG NY TEKNOLOGI			674 000	239 170	239 170	434 830	Budsjettramme pr år 1)
1304	EIGENKAPITALINNSKOT KLP			1 400 000	1 129 041	1 129 041	270 959	Budsjettramme pr år 1)
2328	Vigra Skule - Sanitærbygg (Tilskott Korona)			0	0	0	0	Prosjektkostnader = tilskot
2334	Giske ungdomsskule tilrettelegging Pyramiden			7 280 000	7 652 858	7 652 858	-372 858	
2335	Godøy skule - tilrettelegging for 1. - 4. klasse			8 455 000	8 542 872	8 542 872	-87 872	
2364	Midler til tilpassing ved akutte behov - universell utforming			200 000	0	0	200 000	
3101	FORMIDLINGSLÅN			0	7 956 339	7 956 339	-7 956 339	Budsjettramme pr år 1)
3510	Godøy Bukollektiv - bygg for naudstraumsaggregat (Tilskott korona)			0	0	0	0	Prosjektkostnader = tilskot
3511	Vigra omsorgssenter - Ventilasjon (Tilskott Korona)			0	29 155	29 155	-29 155	Prosjektkostnader = tilskot
4305	KUNSTGRASBANE PÅ ROTA			0	0	0	0	Avsett til fond
5102	SAL AV KOMMUNALE BYGG			0	15 048	15 048	-15 048	
5109	KJØP/SAL AV BUSTADER			0	39 028	39 028	-39 028	
5115	UTLEIGEBUSTAD SYNNES			-2 685 373	-2 685 373	-2 685 373	0	
5121	SAL KOMMUNAL GRUNN			0	883 646	883 646	-883 646	
5122	Kjøp/sal tomter			2 140 000	2 140 000	2 140 000	0	
5158	Utleigebustadar Godøy - Vøling av 3 mannsbustad (Tilskot Korona)			0	0	0	0	Prosjektkostnader = tilskot
5303	GODØY BRANNSTASJON - UTBETRING	200 000	379 407	0	243 430	622 837	-422 837	
5304	Tankbil brannvesen/vassforsyning	2 735 000	-97 880	2 735 000	2 463 558	2 365 678	369 322	
5305	Godøy Brannstasjon - oppgradering (Tilskot Korona)			0	0	0	0	Prosjektkostnader = tilskot
5370	KARTLEGGING - Marine Grunnkart	1 697 000	413 321	0	2 458 785	2 872 106	-1 175 106	
5501	DIV. TOMTER VALDERØY			0	-379 800	-379 800	379 800	
5605	SKULEVEGEN GISKE	38 470 483	33 219 327	6 611 123	7 919 382	41 138 709	-2 668 226	
5856	GJØSUND NASJONAL FISKERIHAMN		385 445	0	19 455	404 900	-404 900	
5857	MUDRING GJØSUNDET		8 200	82 500 000	51 054 007	51 062 207	31 437 793	
6201	MINDRE VEGANLEGG			0	120 717	120 717	-120 717	Budsjettramme pr år 1)
6207	Godøy Skule - Trafikktryggingstiltak			800 000	667 730	667 730	132 270	
6212	Transpormidlar og maskiner til uteseksjonen			1 200 000	764 713	764 713	435 287	

Prosjekt nr	Prosjekt	Vedtatt utgiftsramme	Reknesk.ført tidlegare år	Årets budsjett	Reknesk.ført i år	Sum reknesk.ført	Gjenstår av utgiftsramme	Kommentar
6213	Utstyr og lisensar til prosjektleiarane			200 000	133 060	133 060	66 940	
6252	Overføringsledning Godøy - Giske	9 092 077	1 732 399	7 000 000	5 550 821	7 283 220	1 808 857	
6254	Gjøsund - VAR utbygging for utleige næringsseigedom			6 066 016	6 077 102	6 077 102	-11 086	
6311	Overvatn Skjongmyra			300 000	120 000	120 000	180 000	
6343	LEIDN.ANLEGG V/GJERDEHAVNA	6 420 187	13 067 638	-2 000 000	-2 172 087	10 895 551	-4 475 364	
6371	LEIDNINGSANL/PUMPEST. ALNES			0	67 500	67 500	-67 500	
6372	Nytt hovudnett på Molnes			5 000 000	1 835 128	1 835 128	3 164 872	
6381	MINDRE LEIDNINGSANLEGG			800 000	792 561	792 561	7 439	Budsjettramme pr år 1)
6383	FORNYING LEIDNINGSANLEGG			8 000 000	8 336 303	8 336 303	-336 303	Budsjettramme pr år 1)
6386	HOVUDPLAN VATN/AVLØP	1 100 000	1 314 967	258 000	213 365	1 528 332	-428 332	
6501	MVA JUSTERINGSRETT			0	0	0	0	
8701	BRUK AV LÅN			-135 533 766	-110 827 513	-110 827 513	-24 706 253	Låneopptak pr år
8801	INT. FINANSTRANS.			-1 400 000	-1 400 000	-1 400 000	0	Pr år

1) Budsjettramme pr år: Årsbudsjett er ei konkretisering av ei løyving, dette er prosjekt som vert avslutta årleg og skal dei fortsette må det setjast av nye løyvingar.

## Kommentar til investeringsprosjekt 2021

### 1301 Omstilling gjennom bruk av ikt, digitalisering og ny teknologi

Framhald av omstillingsarbeid, startlisens for nye ikt-program mm.

### 1304 Eigenkapitalinnskot KLP

Eigenkapitalinnskot KLP (pensjonsfond).

### 2334 Giske ungdomsskule - tilrettelegging Pyramiden

Etablering av modulbygg knytt til skulestruktursaka ved tidlegare Valderøy ungdomsskule, no Giske ungdomsskule.

### 2335 Godøy skule - tilrettelegging 1. - 4. klasse

Ombygging/tilpassing av klasserom for elevar i 1 – 4 . klasse knytt til flytting av elevar frå Alnes skule til Godøy skule.

### 3101 Formidlingslån

Vidareformidling av startlån frå Husbanken til vanskelegstilte. Prosjektet er sjølvfinansierende ved at innbetalingar og utbetalingar er like store.

### 3511 Vigra Omsorgssenter - Ventilasjon (tilskot korona)

Tilpassing av nytt ventilasjonsanlegg ved Vigra Omsorgssenter. Tiltaket vart i hovudsak ferdigstilt i 2020. Rekneskapsført diverse restutgifter i 2021.

### 5102 Sal av kommunale bygg

Utgifter til takst Burmavegen 13.

### 5109 Kjøp/Sal av bustader

Utgifter til klargjering sal av tremannsbustad Borniteigen 19, 21 og 23.

#### 5115 Utleigebustad Synnes

Sal av tremannsbustad Borniteigen 19, 21, 23.

#### 5121 Sal av kommunal grunn

Lønnsutgifter og taksering i forbindelse med diverse sal, samt juridisk bistand, tilbakeføring tomt på Gjøssundet frå THR Eiendom AS.

#### 5122 Kjøp/sal tomter

Utgifter til tilbakekjøp av tomt på Gjøssundet frå THR Eiendom AS.

#### 5303 Godøy brannstasjon - Utbetring

Utbetring av rør- og bygningskade etter bygningskollaps. Utbetringa etter skade er ferdigstilt, men det gjenstår ein del oppgradering knytt til bygg.

#### 5304 Tankbil brannvesen/vassforsyning

Leverert i slutten av 2021, forsinka pga. korona. Det er holdt igjen noko midlar for ferdigstilling, dette er levert og oppgjort i begynnelsen av 2022.

#### 5370 Kartlegging - Marine grunnkart

Felles prosjekt med nye Ålesund og Statens kartverk. Kartlegging av sjøområda (dybde-, grunn- og biologiske data) som starta opp i 2014. Prosjektet vert slutført med prosjektrapport og revisorgodkjent rekneskap innan utgangen av 2022. Tilskot frå fylkeskommunen blir utbetalt ved ferdigstilling av prosjektet.

#### 5501 Div. tomter Valderøy.

Inntekter frå diverse sal av tomter.

#### 5605 Skulevegen Giske

Utbetalningar for grunnkjøp etter kva som har blitt fastsett i skjønssak for tingretten, innkjøp av trafikkskilt og vegnamnskilt med utstyr, maling til garasje og konsulentkostnader for utredning av setningskader ved ein eigedom.

#### 5856 Gjøssund Nasjonal Fiskerihamn

Diverse administrative kostnader knytt til prosjektet Gjøssund Nasjonale Fiskerihamn.

#### 5857 Mudring Gjøssundet

Utgifter i samband med forskotteringsavtalen med Samferdselsdepartementet for å gjennomføre mudring av Gjøssundet nasjonale fiskerihamn. Dette er lønnskostnader til prosjekt- og byggeleiar samt kjøp av diverse tenester i samband med gjennomføring av prosjektet.

#### 6201 Mindre veganlegg

Utviding av snuplass ved Alnes skule. Fram har fått nye og større bussar. For at bussane skulle klare å snu, måtte snuplassen ved Alnes skule bli utvida. I tillegg konsulenttenester for utarbeiding av «Vegnorm for Møre og Romsdal». Dette er eit samarbeid med 13 andre kommunar i fylket.

#### 6207 Godøy skule- trafikktryggingstiltak

Etablering av parkeringsplassar, snuhammar og busstopp m.m. ved Godøy skule. Dette er ein del av skulestruktursaka.

#### 6212 Transportmidlar og maskiner til uteseksjonen

Kjøpt ny varebil og div maskiner/hengar.

#### 6213 Utstyr og lisensar til prosjektleiarane

Innkjøp av GPS med målebok til prosjektleiarar.

#### 6252 Overføringsleidning Godøy - Giske



Gjeld vassleidning i sjø mellom Giske og Godøya. Utført forberedande arbeid på Giske-sida med rehabilitering av målekum og bytta/ klargjort leidningar ned mot sjøkant. 2700 meter leidning skifta i 2021, det står att noko mindre arbeid til 2022 da haustværet stoppa arbeidet. Planlagd ferdigstilling vår 2022.

#### 6254 Gjosund VAR utbygging for utleige næringseigedom

Kjøp av Olmannsvika inkl. juridisk bistand.

#### 6311 Overvatn Skjongmyra

Utskifting av rør og opprydding overvatn.

#### 6343 Leidn.anlegg v/Gjerdehamna

Prosjektet med skifting av vatn- og avløpsleidningar og pumpestasjonar var ferdig i 2019. Etterslep på kostnader frå arkeologi.

#### 6371 Leidningsanl./pumpestasjon Alnes

Innløysing av ein mindre eigedom der det vart sett opp ein pumpestasjon på Alnes.

#### 6272 Nytt hovudnett på Molnes

Prosjekt for etablering av rundkøyning på vassnettet mot Molnes-Roald. Noko forsinkelse med oppstart. Resten vert ferdigstilt våren 2022.

#### 6381 Mindre leidningsanlegg

Bygging av mindre nye leidningsanlegg som er påkravd for å løyse utfordringar på vass- og avløpsnettet der vi ikkje har leidningar frå før.

#### 6383 Fornyng leidningsanlegg

Løpende skifting av gamle/oppbrukte rørsystemer på vass- og avløpsanlegg. Vert utført kvart år for den summen som blir satt av til slikt arbeid.

#### 6386 Hovudplan vatn/avløp

Ny hovudplan for vatn og avløp vart forsinka pga. korona utfordringar med leverandør. Forventa ferdigstilling og sendt til politisk godkjenning i 2022.

## Løyvingsoversikt - Drift 2021

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Bevilgningsoversikt - drift (regnskap)	2021	2021	2021	2020
1 Rammetilskudd	257 470 150	255 562 000	252 540 000	252 382 045
2 Inntekts- og formueskatt	285 156 269	266 201 000	252 796 000	242 967 475
3 Eiendomsskatt	27 939 080	28 000 000	27 500 000	20 208 581
4 Andre generelle driftsinntekter	10 266 912	11 226 400	11 226 400	14 573 310
<b>5 Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>580 832 411</b>	<b>560 989 400</b>	<b>544 062 400</b>	<b>530 131 410</b>
6 Sum bevilgninger drift, netto	500 743 847	499 998 413	487 198 413	477 713 292
7 Avskrivninger	39 502 827	39 502 896	39 185 222	39 185 214
<b>8 Sum netto driftsutgifter</b>	<b>540 246 674</b>	<b>539 501 309</b>	<b>526 383 635</b>	<b>516 898 506</b>
<b>9 Brutto driftsresultat</b>	<b>40 585 738</b>	<b>21 488 091</b>	<b>17 678 765</b>	<b>13 232 904</b>
10 Renteinntekter	2 231 925	2 500 000	2 500 000	2 044 429
11 Utbytter	67 947	50 000	50 000	160 457
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	11 771 451	6 000 000	6 000 000	3 691 177
13 Renteutgifter	21 688 518	23 080 223	23 080 223	25 181 368
14 Avdrag på lån	39 442 432	38 971 996	34 844 996	39 084 216
<b>15 Netto finansutgifter</b>	<b>- 47 059 627</b>	<b>- 53 502 219</b>	<b>- 49 375 219</b>	<b>- 58 369 521</b>
16 Motpost avskrivninger	39 502 827	39 502 896	39 185 222	39 185 214
<b>17 Netto driftsresultat</b>	<b>33 028 938</b>	<b>7 488 768</b>	<b>7 488 768</b>	<b>- 5 951 403</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>				
18 Overføring til investering	- 1 400 000	- 1 400 000	- 1 400 000	-
19 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	- 995 510	2 159 219	2 159 219	- 8 423 126
20 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	- 3 987 745	- 4 096 476	- 4 096 476	2 745 099
21 Dekning av tidligere års merforbruk	- 26 645 683	- 4 151 511	- 4 151 511	-
<b>22 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>- 33 028 938</b>	<b>- 7 488 768</b>	<b>- 7 488 768</b>	<b>- 5 678 027</b>
<b>23 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>11 629 428</b>

## Løysingsoversikt Drift B 2021

		Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
	Bevilningsoversikt drift B	2021	2021	2021	2020
1	POLITISK STYRING	4 420 566	4 142 386	4 142 386	4 041 547
	Korrigerer er teke med i 1A	-	-	-	-
<b>1</b>	<b>Fordelt til drift</b>	<b>4 420 566</b>	<b>4 142 386</b>	<b>4 142 386</b>	<b>4 041 547</b>
2	KOMMUNE LEIING - STAB	21 457 157	22 129 286	22 435 101	16 573 017
	Korrigerer er teke med i 1A	441 952	1 043 516	1 092 668	92 775
<b>2</b>	<b>Fordelt til drift</b>	<b>21 899 109</b>	<b>23 172 802</b>	<b>23 527 769</b>	<b>16 665 792</b>
3	FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	6 080 305	7 797 051	7 991 701	18 524 284
	Korrigerer er teke med i 1A	- 2 753 000	- 2 423 004	- 2 617 654	- 2 737 652
<b>3</b>	<b>Fordelt til drift</b>	<b>3 327 305</b>	<b>5 374 047</b>	<b>5 374 047</b>	<b>15 786 632</b>
4	DIVERSE TENESTEOMRÅDE	7 019 474	7 388 220	7 388 220	8 538 125
	Korrigerer er teke med i 1A	-	-	-	- 1 190 351
<b>4</b>	<b>Fordelt til drift</b>	<b>7 019 474</b>	<b>7 388 220</b>	<b>7 388 220</b>	<b>7 347 774</b>
5	OPPVEKST	212 291 364	212 286 474	210 547 735	208 785 755
	Korrigerer er teke med i 1A	783 677	837 356	721 128	1 365 216
<b>5</b>	<b>Fordelt til drift</b>	<b>213 075 041</b>	<b>213 123 830</b>	<b>211 268 863</b>	<b>210 150 971</b>
6	BARN, FAMILIE, HELSE	47 512 617	50 673 262	48 173 262	48 167 936
	Korrigerer er teke med i 1A	- 397 339	-	-	- 1 850 000
<b>6</b>	<b>Fordelt til drift</b>	<b>47 115 278</b>	<b>50 673 262</b>	<b>48 173 262</b>	<b>46 317 936</b>
7	PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	177 041 278	170 805 257	165 813 089	156 839 919
	Korrigerer er teke med i 1A	- 1 762 201	- 130 164	- 137 996	- 500 240
<b>7</b>	<b>Fordelt til drift</b>	<b>175 279 077</b>	<b>170 675 093</b>	<b>165 675 093</b>	<b>156 339 679</b>
8	MILJØ OG KULTUR	-	-	-	6 164 144
	Korrigerer er teke med i 1A	-	-	-	71 883
<b>8</b>	<b>Fordelt til drift</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>6 236 027</b>
9	TEKNISK	62 109 458	58 027 954	53 640 722	53 071 365
	Korrigerer er teke med i 1A	- 35 531 460	- 35 020 381	- 34 433 149	- 41 214 177
<b>9</b>	<b>Fordelt til drift</b>	<b>26 577 998</b>	<b>23 007 573</b>	<b>19 207 573</b>	<b>11 857 188</b>
10	KYRKJELEGE FØREMÅL	5 404 401	5 509 700	5 509 700	5 783 257
	Korrigerer er teke med i 1A	-	-	-	-
<b>10</b>	<b>Fordelt til drift</b>	<b>5 404 401</b>	<b>5 509 700</b>	<b>5 509 700</b>	<b>5 783 257</b>
12	SKATT, RAMMETILSKOT, FINANS	-	-	-	-
<b>12</b>	<b>Fordelt til drift</b>	<b>- 3 374 402</b>	<b>- 3 068 500</b>	<b>- 3 068 500</b>	<b>- 2 813 511</b>
<b>Fordelt til drift T O T A L T</b>		<b>500 743 847</b>	<b>499 998 413</b>	<b>487 198 413</b>	<b>477 713 292</b>

## Økonomisk oversikt drift 2021

Økonomiske oversikter	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjet	Regnskap
Økonomisk oversikt - drift	2021	2021	2021	2020
Driftsinntekter				
1 Rammetilskudd	257 470 150	255 562 000	252 540 000	252 382 045
2 Inntekts- og formuesskatt	285 156 269	266 201 000	252 796 000	242 967 475
3 Eiendomsskatt	27 939 080	28 000 000	27 500 000	20 208 581
4 Andre skatteinntekter	-	-	-	-
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	10 266 912	11 226 400	11 226 400	14 573 310
6 Overføringer og tilskudd fra andre	108 291 042	63 040 956	62 040 956	91 341 416
7 Brukerbetalinger	20 823 488	20 296 119	21 358 007	18 352 713
8 Salgs- og leieinntekter	56 360 222	59 410 079	61 410 079	57 113 035
<b>9 Sum driftsinntekter</b>	<b>766 307 164</b>	<b>703 736 554</b>	<b>688 871 442</b>	<b>696 938 573</b>
Driftsutgifter				
10 Lønnsutgifter	342 908 045	312 649 955	307 616 704	324 275 263
11 Sosiale utgifter	83 818 565	82 522 786	81 807 925	80 037 759
12 Kjøp av varer og tjenester	231 149 056	225 090 139	220 100 139	210 769 527
13 Overføringer og tilskudd til andre	28 342 933	22 482 687	22 482 687	29 437 903
14 Avskrivninger	39 502 827	39 502 896	39 185 222	39 185 214
15 Sum driftsutgifter	725 721 426	682 248 463	671 192 677	683 705 667
<b>16 Brutto driftsresultat</b>	<b>40 585 738</b>	<b>21 488 091</b>	<b>17 678 765</b>	<b>13 232 906</b>
Finansinntekter				
17 Renteinntekter	2 231 925	2 500 000	2 500 000	2 044 429
18 Utbytter	67 947	50 000	50 000	160 457
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	11 771 451	6 000 000	6 000 000	3 691 177
20 Renteutgifter	21 688 518	23 080 223	23 080 223	25 181 368
21 Avdrag på lån	39 442 432	38 971 996	34 844 996	39 084 216
<b>22 Netto finansutgifter</b>	<b>- 47 059 627</b>	<b>- 53 502 219</b>	<b>- 49 375 219</b>	<b>- 58 369 521</b>
23 Motpost avskrivninger	39 502 827	39 502 896	39 185 222	39 185 214
<b>24 Netto driftsresultat</b>	<b>33 028 938</b>	<b>7 488 768</b>	<b>7 488 768</b>	<b>- 5 951 401</b>
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:				
25 Overføring til investering	- 1 400 000	- 1 400 000	- 1 400 000	-
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	- 995 510	2 159 219	2 159 219	- 8 423 126
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	- 3 987 745	- 4 096 476	- 4 096 476	2 745 099
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	-	-	-	-
28 Dekning av tidligere års merforbruk	- 26 645 683	- 4 151 511	- 4 151 511	-
29 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	- 33 028 938	- 7 488 768	- 7 488 768	- 5 678 027
<b>30 Fremført til inndeckning i senere år (merforbruk)</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>11 629 428</b>

## › Oversikt over samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner - drift

§ 5-9.Oversikt over samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner					
	Disposisjonene som er foretatt i samsvar med § 4-1 til § 4-4 skal for driftsregnskapet stilles opp slik:	Rekneskap 2021	Budsjett (endring) 2021	Budsjett 2021	Rekneskap 2020
1.	Netto driftsresultat	33 028 938	7 488 768	7 488 768	- 5 951 401
2.	Avsetninger til bundne driftsfond	- 7 673 995	- 21 521	- 21 521	- 11 208 280
3.	Bruk av bundne driftsfond	6 678 485	2 180 740	2 180 740	2 785 153
4.	Overføring til investering i henhold til årsbudsjettet og fullmakter	- 1 400 000	- 1 400 000	- 1 400 000	- 1 350 000
5.	Avsetninger til disposisjonsfond i henhold til årsbudsjettet og fullmakter	- 4 610 101	- 4 610 101	- 4 610 101	- 234 056
6.	Bruk av disposisjonsfond i henhold til årsbudsjettet og fullmakter	513 625	513 625	513 625	2 700 000
7.	Budsjettet dekning av tidligere års merforbruk	- 4 151 511	- 4 151 511	- 4 151 511	- 10 864 745
<b>8.</b>	<b>Årets budsjettavvik (mer- eller mindreforbruk før strykninger)</b>	<b>22 385 441</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>- 24 123 329</b>
9.	Strykning av overføring til investering	-			1 350 000
10.	Strykning av avsetninger til disposisjonsfond	622 356			234 056
11.	Strykning av dekning av tidligere års merforbruk				10 864 745
12.	Strykning av bruk av disposisjonsfond	- 513 625			
<b>13.</b>	<b>Mer- eller mindreforbruk etter strykninger</b>	<b>22 494 172</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>- 11 674 528</b>
14.	Bruk av disposisjonsfond for reduksjon av årets merforbruk etter strykninger				45 099
15.	Bruk av disposisjonsfond for inndeckning av tidligere års merforbruk	- 622 356			
16.	Bruk av mindreforbruk etter strykninger for dekning av tidligere års merforbruk	- 21 871 816			
17.	Avsetning av mindreforbruk etter strykninger til disposisjonsfond				
<b>18.</b>	<b>Fremført til inndeckning i senere år (merforbruk).</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>- 11 629 429</b>

De av postene 9 til 12 og 14 til 17 som ikke er aktuelle, utelates.

## Løyvingsoversikt - Investering 2021

Økonomiske oversikter	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap
Bevilgningsoversikt - invest. (regnskap)	2021	2021	2021	2020
1 Investeringer i varige driftsmidler	129 945 652	211 338 456	71 000 000	30 415 151
2 Tilskudd til andres investeringer	-	-	-	3 300 000
